

**Øyvind Hagen**

## Rytme og volleyballsmash - ei teoretisk analyse og ei empirisk undersøking.

Kva betydning har erfaring frå dans og musikk for prestasjonsvariablane ballhastigkeit, presisjon og stabilitet i volleyballsmashen hos kvinnelege volleyballspelarar ?



## **Samandrag**

Hensikta med dette studiet var å belyse rytmens rolle i volleyballsmashen. Ved søk på rytmekonseptet blei resultatet ei stor mengde bøker og artiklar frå mange fag- og forskingsområde. Litteraturstudiet openbara dei mange ulike meningar om og synspunkt på kva rytmekonseptet er og kva rolle den kan spele i ulike situasjonar. Eit mangfald av definisjonar og omgrep frå fleire fagområde har gjort det vanskeleg å forstå kva rytmekonseptet eigentleg inneber. Forskingslitteratur som tek for seg kva effekt rytmekonseptet har på teknikkar og særleg på teknikkar som er asyklistisk er det lite av. Som ein konsekvens av dette ville eg ved hjelp av eigen empiri prøve å finne ut om det kunne vere ein samanheng mellom erfaring frå dans og musikk og prestasjonane i volleyballsmashen.

Rytmisk ferdighet/evne er sentrale omgrep i forhold til å gjere rørsler funksjonelle. Då rytmisk ferdighet/evne er vanskeleg å operasjonalisere vart den rekna som ein hypotetisk mellomliggende variabel mellom rytmisk erfaring som ein får ved deltagning i dansar og musikkutøving og dei definerte prestasjonsvariablene i volleyballsmashen; ballhastigkeit, presisjon og stabilitet.

Til saman trettifire kvinnelege volleyballspelarar frå elite-, 1.- og 2. divisjon i NVBF sitt seriesystem var med i forsøket. Ballhastigkeit og presisjon i volleyballsmashen til kvar forsøksperson vart testa i eit 'laboratorium' som var ei vanleg volleyballbane med spesielle tilretteleggingar. For at forsøkssituasjonen skulle vere så stabil som muleg var ikkje med- og motspelarar med. Som 'oppleggjar' vart brukt ei ballmaskin fordi den kunne legge meir presist enn ein vanleg oppleggjar. Smashtesten var frå posisjon 4, både langs lina og diagonalt. Ballhastigkeit vart målt ved hjelp av foto og stroboskopblits. Presisjon var testa ved at forsøkspersonen smasha imot 'blinkar' på banen. Stabilitet vart rekna ut på bakgrunn av ballhastigheita.

I tillegg til denne smashtesten fekk forsøkspersonane eit spørjeskjema som skulle kartlegge kor mykje erfaring dei hadde i dans og musikkutøving og andre rytmiske aktivitetar.

Resultata frå smashtesten og spørjeskjema syner at mykje erfaring frå dans og musikkutøving har ein svak negativ verknad på smashen i forhold til ballhastigkeit –

dette er vanskeleg å forklare.

Det kan sjå ut som at rytmisk ferdighet/evne enten er ein medfødd disposisjon som bare vert utvikla ved modning eller så dreier det seg om to ulike rytmiske ferdigheiter/evner der den eine er knytt til musikkutøving og danseaktivitetar og den andre er knytt til rørsler utan musikk. Rytme ser også ut til å vere eit overordna omgrep med mange fasettar og det trengs meir anvendt forsking på dette feltet.

**Nøkkelord:** Rytmisk ferdighet, rytmisk evne, måling av ballhastigkeit, rytme, rørslerytme, rytmisk erfaring, volleyballsmash, prestasjonsvariablar.

## INNHOLD

<b>Samandrag</b>	3
<b>Innhald</b>	5
<b>Forord</b>	8
<b>1 INNLEING</b>	9
<b>1.1 Bakgrunn for val av problemområde</b>	9
<b>1.2 Problemområdet</b>	10
1.2.1 Avgrensing av problemfelt/område	12
<b>1.3 Eigen bakgrunn</b>	12
<b>1.4 Smashteknikken i volleyball vart valt</b>	13
<b>1.5 Rytmisk ferdighet</b>	15
<b>1.6 Hensikta med oppgåva</b>	17
<b>1.7 Tittel</b>	18
1.7.1 Presisering av problemstilling	19
1.7.2 Underproblem	19
<b>1.8 Avgrensingar</b>	19
<b>1.9 Gangen i arbeidet</b>	20
<b>2 TEORIKAPITTEL</b>	20
<b>2.1 Innleiing</b>	20
<b>2.2 Forskingslitteraturen om omgrepet rytme</b>	21
<b>2.3 Den generelle omgrepssituasjonen i forhold til rytme</b>	23
<b>2.4 Omgrepsapparatet i musikk knytt til rytmefenomenet som også vert brukt i samband med rytme i rørsler</b>	25
<b>2.5 Ei klargjering av rytmeomgrepet slik det vert brukt i samband med idrettslege rørsler</b>	27
2.5.1 Mange meiner og trur at rytme er viktig i idrett	27
2.5.2 Korleis blir rytmeomgrepet definert i idrettslege rørsler	28
<b>2.6 Korleis kan ein volleyballsmash analyserast og forståast ?</b>	31
2.6.1 Den ideelle rørla	31
2.6.2 Analyse av volleyballsmashen	33
2.6.3 Volleyballsmashen som sekvens av hendingar og rytme	38
2.6.4 Volleyballsmashen sitt rytmiske skjema	39
2.6.5 Den subjektive og objektive rytmien i volleyballsmashen	41
<b>2.7 Spennings- og avspenningsintervall i muskulaturen som rytmisk forløp</b>	42
<b>2.8 Rørlerytme og pust</b>	44
<b>2.9 Oppsummering av rytme og volleyballsmash</b>	44
<b>2.10 Den urytmiske volleyballsmashen</b>	45
<b>2.11 Er rytmien i den funksjonelle eigenskapen og verknaden av den ekspressive eigenskapen i volleyballsmashen – to sider ved same sak</b>	46
<b>2.12 Bruk av rytme i læringsprosessen av rørsler</b>	46
2.12.1 Kommunikativ funksjon til rørlerytmen	47

<b>2.13</b>	<b>Har ulike individ ulik 'beredskap' for rytmiske rørsler ?.....</b>	47
<b>2.14</b>	<b>Kva ligg i dei ulike subjektive omgrepa .....</b>	49
2.14.2	'Rhythmus- und Rhythmisierungsfähigkeit' .....	50
2.14.3	Rytmisk sans.....	52
<b>2.15</b>	<b>Rytmisk ferdigheit – ei oppsummering.....</b>	52
<b>2.16</b>	<b>Rytmiske rørsler i eit sjølvorganisert system.....</b>	53
<b>2.17</b>	<b>Rytmiske rørsler sett i lys av teoriar om motorisk kontroll og utføring.....</b>	54
<b>2.18</b>	<b>Rytme og ballhastigkeit.....</b>	55
<b>2.19</b>	<b>Rytme og stabilitet.....</b>	55
<b>2.20</b>	<b>Har musikarar, dansarar og idrettsfolk rytmen felles ?.....</b>	56
2.20.1	Utøving av musikk som rytmisk aktivitet.....	57
2.20.2	Fenomenet rytme i dans og 'bevegelse til musikk.....	58
2.20.3	Dei rytmiske elementa i musikk, dans og 'bevegelse til musikk' .....	59
2.20.4	Rytme er som oftast fleirsanseleg.....	60
2.20.5	Kva for rytmiske element er sentrale i dans og 'bevegelse til musikk' .....	60
2.20.6	Persepsjon av rytme i dans og 'bevegelse til musikk' .....	61
2.20.7	Ferdigheitsområde i rørsler til musikk.....	62
2.20.8	Erfaring frå dansen og 'bevegelse til musikk si betydning for idrettslege rørsler.....	63
<b>3</b>	<b>METODE.....</b>	64
<b>3.1</b>	<b>Innleiing.....</b>	64
3.1.1	Kva er føremålet med mitt prosjekt ?.....	64
<b>3.2</b>	<b>Design.....</b>	65
<b>3.3</b>	<b>Test av smashteknikken i volleyball.....</b>	65
3.3.1	Forsøkssituasjonen.....	67
3.3.2	Plasseringa og utforminga av 'blinkane' .....	68
3.3.3	Bereking av ballhastigkeit.....	69
3.3.4	Fotoopptak av ball i flukt etter smash ved hjelp av fotokamera og stroboskop-blits....	69
3.3.5	Ballmaskin som oppleggar.....	71
<b>3.4</b>	<b>Prosedyre for å beregne ballhastigkeit.....</b>	73
<b>3.5</b>	<b>Metode for kartlegging av deltaking i dans og musikk.....</b>	74
<b>3.6</b>	<b>Utval av forsøkspersonar.....</b>	74
<b>3.7</b>	<b>Prosedyre for heile forsøket.....</b>	75
3.7.1	Prosedyre for gjennomføring av smashtesten.....	76
3.7.2	Prosedyre for gjennomføring av spørjeundersøkinga.....	77
<b>3.8</b>	<b>Vurdering av validitet og reliabilitet.....</b>	77
<b>4</b>	<b>ANALYSE OG DISKUSJON AV RESULTATA.....</b>	78
<b>4.1</b>	<b>Noko om forsøkspersonane .....</b>	78
<b>4.2</b>	<b>Smashtesten.....</b>	81
4.2.1	Reliabilitet og validitet for smashtesten.....	81
4.2.2	Resultat frå test av ballhastigkeit.....	82
4.2.3	Resultat frå test av presisjon.....	84
4.2.4	Resultat frå berekning av stabilitet.....	86
<b>4.3</b>	<b>Forsøkspersonane si volleyball- og idrettserfaring.....</b>	88

<b>4.4</b>	<b>Forsøkspersonane si erfaring frå danseaktivitetar og musikkutøving.....</b>	89
<b>4.5</b>	<b>Kva samanheng kan ein finne mellom score på prestasjonsvariablane i smashen og mengde deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving ?.....</b>	90
<b>4.6</b>	<b>Metode for inndeling av prestasjonsvariablane etter score.....</b>	92
4.6.1	Samanlikning av gruppene 'High 27%' og 'Low 27%' for kvar av prestasjons- variablane og deltaking i danseaktivitetar.....	93
4.6.2	Ballhastigkeit, presisjon og stabilitet i volleyballsmashen og deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving.....	93
<b>4.7</b>	<b>Kva med den rytmiske ferdigheten ?.....</b>	95
<b>4.8</b>	<b>Er det dei same utøvarane som scorer høgt på alle dei tre prestasjonsvariablane i smashen og kva for ulikskapar og likskapar i bakgrunn kan vi finne hos desse ?.....</b>	97
<b>4.9</b>	<b>Eigenvurdert rytmisk ferdighet og prestasjonsvariablane – noko uvitenskapleg.....</b>	97
<b>5</b>	<b>KONKLUSJON.....</b>	99
<b>Litteraturliste.....</b>		101
<b>Tabelloversikt.....</b>		111
<b>Figuroversikt.....</b>		112
<b>Vedlegg.....</b>		113

## **Forord**

Dette har vore ein langvarig, lærerik og krevjande prosess. Eg kunne nok ha gjort prosessen mindre krevjande ved å ha valt eit anna tema, men for meg er det vanskeleg å 'sleppe' noko eg har starta på.

Eg minnest dei gode samtalene eg hadde med Odd Kjørmo som rettleia meg i starten, han ville nok ha likt å sjå kva det vart ut av dette prosjektet men dverre døde han så altfor tidleg.

Eg reknar ikkje meg sjølv som ein 'skrivande person', men gjennom arbeidet har eg blitt meir bevisst på skriveprosessen og det har gått betre etter kvart.

Eg vil fyrst og fremst rette ein stor takk til Rune Giske ved Universitet i Stavanger som tok på seg å vere vegleiaren min. Du har oppmuntra, motivert og kome med gode og konstruktive tilbakemeldingar og kommentarar – tusen takk skal du ha.

Ei stor takk vil eg også rette til arbeidsgjevaren min Høgskulen i Volda. Både sentralleiringa, Avdeling for Kulturfag og Seksjon for Idrett og Friluftsliv har bidrige mykje ved å legge til rette arbeidssituasjonen min slik at det vart muleg å fullføre prosjektet – hjartelag takk. Ikkje minst vil eg rette ei særleg stor takk til gode kollegaer på Nedretun for tolmod, støtte, oppmuntring og diskusjonar. Takk til Norges idrettshøgskole for velvilje, hjelp og at de gav meg mulegheit til å fullfør prosjektet. Elles vil eg takke familie og vener for tolmod, oppmuntring og støtte undervegs i prosessen.

Volda, Mai 2010

Øyvind Hagen

# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn for val av problemområde

Når vi ser ein god idrettsutøvar i aksjon, vil vi ofte legge merke til dei lette rasjonelle rørslene som flyt fritt og elegant, dette inntrykket samsvarer ofte med gode resultatet. Både utøvar og vi som tilskodarar vil tidleg få ein peikepinn på korleis resultatet vil bli og utøvar vil føle om rørsleforlaupet 'stemmer' eller ikkje. Nokre utøvarar får stabilt gode resultat medan for andre utøvarar vil resultata vere meir tilfeldige. Gode tekniske rørsleløysingar vil som regel også 'score' høgt estetisk, rørsler som ser klossete ut gir sjeldan eller aldri gode resultat.

Som idrettsutøvar, trenar på ulike nivå og kroppsøvingslærar har eg over mange år gjort ein del systematiske og usystematiske observasjonar av volleyballspelarar, elevar og studentar i ulike aktivitetar og situasjonar. Føresetnad og eigenskapar ser ut til å vere like forskjellige som utsjånad og bakgrunn og openberrar seg i synlege ulikskapar i mellom anna rørslene. Eg har hatt eit spesielt fokus på dei som utmerkar seg i ein aktivitet eller situasjon, korleis dei lukkast eller mislukkast i ein annan aktivitet eller situasjon. For meg synest det som om nokre elevar og studentar får tidleg god 'flyt' i rørslene sine og dei brukar heller ikkje så mykje tid på å meistre nye teknikkar. Ei anna gruppe elevar og studentar slit både med å meistre kjende teknikkar og lære seg nye teknikkar.

Eg har hatt mange høve til å observere nokre av desse 'aktørane' på fleire arenaer, mellom anna på volleyballbana, i skibakken og på dansegolvet. Eg meiner eg har observert at for nokre utøvarar er det ein samanheng mellom i kva grad dei meistrar teknikkar på dei ulike arenaene og i særleg grad har eg lagt merke til deira 'oppførsel' på dansegolvet. Når fleire av dei som ser ut til å meistre alle rørsler også er flinke på dansegolvet og dei som har vanskar med å få gode rørsler er därlege på dansegolvet vil mellom anna eit spørsmål vere om det finst ein grunnleggande faktor som spesielt pregar rørsleutføringane med tanke på funksjonalitet, harmoni og flyt, og om dette er ein grunnleggande eigenskap eller ein utvikla ferdighet.

Prinsipp for korleis rørslemønster vert lært og endra, samt kva som er funksjonelle rørsleløysingar, er sentralt i både kroppsøving og idrett. Dei ulike idrettane har sine

beskrivne rørslemønster og har analysert kva som er hensiktsmessige rørsleløysingar. Likevel ser ein at utøvarar har sine spesielle løysingar eller stil som det også vert kalla, grunnprinsippa er der men med dei einskilde sine særmerke.

Kvifor enkelte får ein hensiktsmessig teknikk ganske fort utan hjelp frå andre, medan andre har store problem med å lære ein nokolunde funksjonell teknikk i løpet av ei heil karriere har blitt eit sentralt spørsmål i mitt trener arbeide. Kva slags eigenskapar har desse som fort finn funksjonelle rørsleløysingar ? Er det medfødde eigenskapar, modning eller er det ferdigheiter som er utvikla i forhold til erfaringsbakgrunn eller ... ? ...dette vil eg sjå nærmare på.

Volleyballspelarar har ulike tekniske løysingar med varierande funksjonalitet innanfor same ferdigheitsnivå og mellom dei ulike ferdigheitsnivåa. Kan desse ulikskapane kome av den same grunnleggande faktoren som også ser ut til å vere sentrale i dans ?

Temaet om dans i forhold til andre aktivitetar er ikkje nytt, Socrates sa ein gong at " The best dancer is also the best Warrior" (Widdop, 1968, s.752).

Kan Socrates sitt utsegn også tolkast slik at den beste 'dansaren' også har eller vil få den 'beste' teknikken ?

Det er klart mange faktorar spelar inn for å gjere ein god prestasjon, men i intervju med idrettsutøvar etter konkurranse høyrer vi ofte ; ' Det gjekk bra når eg fann rytmen', 'Eg fann ikkje rytmen', 'Fekk ikkje nokon flyt i rørsla' osv. Det ser ut til at fleire utøvarar er bevisst på si rytmefunksjon og sporadisk finn den optimale rytmen som gjer øvinga lett og resultatet godt. Dette skjer i fleire idrettar, enten det dreier seg om turn, dans, kast eller volleyball.

## 1.2 Problemområdet

Problemområdet rytmefunksjon og rørsle er stort og uoversiktleg. Kroppsøvingslærarar og dansepædagogar har lenge akseptert elementet rytmefunksjon si betyding for kvaliteten i alle rørsler og betydinga i innlæringa av motoriske ferdigheiter. Talet på filosofar og forskarar som har studert rytmefenomenet er stort (Chalupka, Różanska, & Rostkowska, 2007; Lundin, 1967; Radocy & Boyle, 1997).

"Studiet av rytme har ingen grenser ; der vil aldri bli slutt på nye oppdaginger i dette området, uansett kva for vinkel ein nærmar seg studiet eller i kva grein ein spesialiserer seg....." Oversett frå (Rosenstrauch, 1973, s.1). Studiet av rytme er eit spanande felt for mellom anna musikarar, rørslepedagogar, klinisk personell, terapeutar og idrettsforskarar.

Det er vanskelig å førestille seg musikk utan rytme, og eg kan heller ikkje heilt skjøne korleis rørsler utan rytme skulle fortone seg. Men at det finst god og dårlig rytme, hensiktsmessig og uhensiktsmessig rytme trur eg dei fleste kan vere samde i.

Det har blitt skrive mykje om samanhengen mellom rytme og motoriske ferdigheter, men lite er gjort om dette i forhold til ein spesiell idrett. Fleire forfattarar konkluderer med at det vil vere naturleg og sjå på denne samanhengen i forhold til ein spesiell idrett (Huff, 1972). Chalupka et al. (2007) er også inne på dette i sin artikkel: "In spite of the significance of rhythmic skills for efficient motor activities, so far there have been no extensive studies of this phenomena. There are however many fragmentary studies of the ability of rhythmisation in children, students or athletes" (Chalupka, et al., 2007, s.27). Pedagogisk bruk av rytme for å forbetra ein person si meistring og læring er ikkje nytt, men strevet synest å vere prega av mykje prøving og feiling. Dette kjem nok av at det har vore for lite forsking i området rytme og rørsle (Behrens, 1984).

Tal på studium spesielt laga for å finne effekten av å bruke rytme for å forbetra utføringa av motoriske ferdigheter er svært avgrensa. For fleire forskarar er det bare gjennom litteraturstudie at ein muleg samanheng mellom rytme og motoriske ferdigheter har vorte belyst. Sjølv om mange autoritetar innan fysisk trening og læring har vori opptatt av denne samanhengen har dei ikkje vore einige om kva rytmisk ferdighet eigentleg inneber (Behrens, 1984).

Definisjonane av rytmefenomenet er mangfoldig og uorganisert (Waadeland, 2000). Dette har skapt ein del omgrevsforvirring på området. Så lenge ein ikkje er einige om kva som er vesentleg og kva for variablar som er viktige , er det vanskeleg å sjå samanhengen i den tidlegare forskinga. Dei operasjonelle definisjonane av omgrep og variablar som er relevant for ei undersøking er også vesentlege for ein observatør å forstå for å kunne trekke

ut vesentlege resultat frå ulike studium. Skal ein utvikle teoriar vil det vere vesentleg å bruke tilsvarende studium som brukar same termar og liknande variablar (Radocy & Boyle, 1997). ”On the basis of the studies carried out by Mlodzkowska and Tukiendorf (1991) it may be assumed that success in sport is determined by high level of the ability of rhythmisation of movements” (Chalupka, et al., 2007, s.27).

Det ser ut til at fleire støttar tanken om at det kan vere ein samanheng mellom rytmeføring og utføring av motoriske ferdigheiter sjølv om det er lite som viser konkrete resultat på dette (Chalupka, et al., 2007; Radocy & Boyle, 1997).

### **1.2.1 Avgrensing av problemfelt/område**

Som nemnt tidlegare er problemområdet stort og uoversiktleg. For å kunne studere rytmefenomenet i rørsler er det nødvendig å studere dette i forhold til spesifikke rørsler.

### **1.3 Eigen bakgrunn**

Volleyball er den idretten eg har arbeidd mest med og kjenner best til. Eg har lang erfaring frå norsk volleyball, ca 15 år som spelar og 20 år som trenar både for kvinner og menn på ulike alders- og ferdighetsnivå. I løpet av denne tida har eg også fått god kjennskap til internasjonal volleyball gjennom turneringar, E-cupar og litteratur. Eit anna interessefelt for meg har vore musikk der eg har grunnfag og vore aktiv utøvar. Rytmeføring er eit sentralt omgrep både i idrett, dans og musikk og teoretisk kan ein sjå på dei som det same, men vil dei vere det same når det dreier seg om praktiske øvingar. Er det slik at erfaringar frå eit felt vil ha betydning for eit av dei andre felta eller er det slik at den praktiske overføringsverdien er liten. Med min erfaringsbakgrunn vil det vere naturleg å avgrense problemområdet slik at det vidare arbeidet kjem til å dreie seg om det kan vere ein samanheng mellom rytmefaktoren i musikk og dans i forhold til rytmefaktoren i volleyballsmash.

Som trenar for eit jentelag i volleyball eksperimenterte eg ein del med å lage utfordringar for dei i rytmiske situasjonar og aktivitetar. Det var store ulikskapar i korleis jentene takla desse utfordringane, nokre hadde få problem med å få gode rørsler i aktivitetane, medan for andre vart rørlene oppstykka og ’kantete’. Fleire hadde problem med å få flyt i

rørlene, slik som det også var i forhold til volleyballteknikkane – dei hadde problem med å finne ei funksjonell rørlerytme, ei rørlerytme med flyt.

Både i innlæringa og automatiseringa av ulike teknikkar har eg eksperimentert med bruk av rytmearkiv og musikk - både på volleyballtreningsane og i kroppsøvingsundervisninga. Musikk brukte eg for å lage eit slags rytmisk fundament som skulle gi grunnlag for vidare arbeid med dei forskjellige rørlene i volleyball og rytmearkiv brukte eg til å understøtte det rytmiske mønsteret i rørlene. Det er vanskeleg å seie kor stor innverknad denne bruken av rytmene har hatt på rørslekvaliteten, men utøvarane mine sa dei synest at eksperimentata var bra, både morosamt og tilsynelatande nyttige. Mine tankar om at god rytmehar ein sentral kvalitet i dei fleste rørsler i volleyball vart etterkvart meir konkrete.

Det ser ut til at fleire volleyball trenrar har ei vag førestilling om at rytmehar betydning for rørlene i volleyball. Musikk blir ofte brukt som eit 'ledsagande' og utløysande stimuli i oppvarminga og styrketreninga, men ikkje bevisst for å stimulere til kvalitativt betre rørsler. Fleire har laga dansar med element frå dei ulike teknikkane i volleyball, desse dansane blir vesentlig brukt til oppvarminga. Nokre har også sporadisk prøvd og bruke rytmehar innlæringa av tillaupet til smash (ta-ta-taa-ta-te) men ikkje systematisk nok etter mitt skjønn.

#### **1.4 Smashteknikken i volleyball vart valt**

For å belyse rytmefaktoren i ein spesiell teknikk i volleyball har eg valt å sjå på smashteknikken. Det er ofte denne handlinga som er mest avgjerande for utfallet av ein volleyballkamp der ballhastigkeit og ballkontroll (plassering) er mest sentrale (Ferris, Signorile, & Caruso, 1995; Forthomme, Croisier, Ciccarone, Crielaard, & Cloes, 2005; Vint & Hinrichs, 2004). Smash har alltid vori ein fasinerande del av volleyballspelet, samtidig er det den mest komplekse, vanskelige og krevjande teknikken i volleyball (Maxwell, 1981; Wedaman, Tant, & Wilkerson, 1988). Ein kompleks teknikk vil naturlegvis føre til mange variantar der nokre variantar er meir funksjonelle enn andre. Men det var tydeleg at fleirtalet av dei beste smasharane brukte tilnærma same teknikken, dette la eg også merke til hos utanlandske lag. Buekers, Boutmansa, & Thielen (1986)

understrekar at det er ein samanheng mellom ferdigheitsnivå i volleyballsmash og divisjon, til høgre i divisjonane ein spelar dess høgre er ferdigheitsnivået..

Det er mange mulegheiter for å gjere ei deskriptiv analyse av ei rørsle, til dømes kan ein sjå på kinematiske, dynamiske, rytmiske, anatomiske og fasemessige forhold. Sjølv om smashteknikken kan variere noko mellom dei beste vil den likevel ha ein liknande rytmisk struktur. Denne rytmiske strukturen har fleire beskrive på ulike måtar og for nokon har den vore eit godt orienteringsgrunnlag for læring av teknikken. Ein antar at for å få ein funksjonell smashteknikk vil den rytmiske strukturen vere sentral, vidare vil det vere interessant å prøve og forstå kvifor nokon finn denne rytmiske strukturen medan andre kan ha problem. Kva slags føresetnadar og ferdigheiter treng ein for å 'finne' denne rytmiske strukturen? Omgropa rytmisk ferdigheit, rytmisk- og rytmiseringsevne og rytmisk sans blir ofte brukt omkvarandre i denne samanhengen men kva det er og kva det inneber er det ikkje semje om i litteraturen. Er rytmisk ferdigheit ei evne eller er det ei symbiose av fleire andre grunnleggande ferdigheiter og eigenskapar? Om det finst ulike grader av rytmisk ferdigheit kjem neste spørsmål om den kan gjerast noko med, eller om den er ein medfødd eller modnings-bestemt ferdigheit.

I ein volleyballsmash er hensikta at ein skal slå hardt og presist forbi blokk til 'svake' felt på motstandar si bane eller via motstandar si blokk og ut av bana slik at motstandar ikkje får kontroll over ballen. I kampsituasjon er volleyballsmashen ei svært komplisert handling, ein har mange variablar ein skal forholde seg til. Det er nesten likegyldig kva spelaren føretok seg i tillaupet bare han klarer oppgåva si innanfor regelverket, men rørsla må vere hensiktsmessig. Men som oftast er det slik at sluttresultatet heng saman med den føregåande utføringa (Carr, 1997). Om ein berre ser på resultatet av volleyballsmashen når det gjeld kraft (ballhastighet), presisjon og stabilitet vil ein vere nær det som Göhner (1983) og Grosser & Neumaier (1982) kallar ei funksjonell rørsleanalyse. Teknikken må vere godt innøvd og funksjonell dersom spelaren skal stette oppgåva si. Kraft (ballhastigkeit), presisjon og stabilitet i smashresultata kallar eg prestasjonsvariablar og er sentrale element eg vil sjå nærmare på.

## **1.5 Rytmisk ferdighet**


Som nemnt tidlegare er det ikkje noko semje om kva rytmisk ferdigkeit er og kva det inneber. Dette kan vere noko av grunnen til at det ikkje finst nokon god test som også omhandlar den delen av rytmisk ferdigkeit som har med store motoriske rørsler å gjera. Eg såg sjølv på mulegheitene til å lage ein test som var meir relatert til store motoriske rørsler, men dette prosjektet gav eg opp då det vart for ressurskrevjande.

Eg vel å bruke rytmisk ferdigkeit som eit omgrep i staden for rytmisk evne , rytmiseringsevne og rytmisk sans.

Det finst fleire musikktestar som tek føre seg omgrepet rytmisk ferdigkeit men desse legg etter mitt skjønn alt for lite vekt på den delen som har med store kroppslege rørsler å gjera. Schmidt & Lee (2005) brukar omgropa 'ability' og 'skills' i samband med motoriske rørsler. I det vidare arbeidet i forhold til rytmisk ferdigkeit vil det vere formålstenleg å ta med desse to omgropa. Sidan det er vanskeleg å operasjonalisere og kvantifisere rytmisk ferdigkeit i forhold til store kroppslege rørsler vil det vere eit utgangspunkt at rytmisk ferdigkeit kan vere 'ability' eller 'skill'.

Korleis kan ein finne ein muleg samanheng mellom rytmisk ferdigkeit og kvaliteten på ein volleyballsmash når det i utgangspunktet ikkje er klart kva rytmisk ferdigkeit er og korleis den kan operasjonaliserast ? Om det er slik at den rytmiske ferdigheita brukta i rytmiske aktivitetar som dans og musikkutøving er den same som er brukta i idrettslege rørsler, og kjem under det som Schmidt & Lee (2005) kallar 'skill' vil den vere trenbar. Det kan bety at deltaking i rytmiske aktivitetar vil bidra til å forbetre den rytmiske ferdigheita som igjen vil bidra til meir funksjonelle rørsleløysingar.

Fylgjande modell (Figur 1) viser eit design for korleis studiet kan gjennomførast.



**Figur 1:** Modell for gjennomføring av studiet.

Rytmisk ferdigkeit kan sjåast på som ein hypotetisk mellomliggende variabel mellom stimuli som er deltaking i rytmiske aktivitetar og respons som er den avhengige variabelen som er resultatet av smashteknikken. Det vil altså vere ei historisk hypotese om at deltaking i rytmiske aktivitetar (rytmisk erfaring) påverkar rytmisk ferdigkeit og ei funksjonell hypotese om at rytmisk ferdigkeit er sentral i ein smashteknikk. Desse forholda vil bli omhandla teoretisk. Den empiriske delen vil då dreie seg om rytmisk erfaring i forhold til prestasjonsvariablene i smashteknikken.

Det er ei allmenn oppfatning om at kvinner er meir aktive i rytmiske aktivitetar enn menn og har difor ein meir interessant bakgrunn når det gjeld rytmisk erfaring. Samtidig har eg mest trenarerfaring med kvinnelige volleyballspelarar difor var det naturleg for meg å studere desse.

Som nemnt tidlegare er det ein samanheng mellom ferdigheitsnivå i smashen og divisjon så om ein vel spelarar frå ulike divisjonar vil ein få utøvarar som representerer ulike ferdigheitsnivå. Scorer dei på høgt ferdigheitsnivå høgre på prestasjonsvariablene ballhastigkeit (kraft), presisjon og stabilitet enn dei på lågare ferdigheitsnivå fordi dei har meir erfaring med volleyball, har meir allsidig erfaring eller er meir bevisst på sine handlingar, eller kan det ha noko med rytmisk ferdigkeit å gjere ?

## 1.6 Hensikta med oppgåva

På bakgrunn av mine observasjonar og erfaring og i forhold til arbeidsfeltet mitt har det blitt viktig for meg å prøve og finne dokumentasjon for at bakgrunn i rytmiske aktivitetar har betyding for det funksjonelle i ein bevegelse. Det er lenge sidan Barnard (1964) kom med anbefalingar om "That a study be conducted concerning the relationship of rhythmic ability and rhythmic background to an activity other than swimming" (Ibid, s.107).

Eg har søkt for å prøve og finne om nokon har følgt opp anbefalinga, men det er lite forsking som prøver å belyse kva rolle rytme spelar i forhold til konkrete prestasjonsresultat. Chałupka et.al (2007) skriv om nødvendigheita av forsking rundt rytme og rørsle: "Thus researching of the phenomena related to the rhythm of movement is very interesting and becomes more and more needed" (s.31). Det er nok mange som brukar rytme som hjelphemiddel i trening og læring av ferdigheiter men ein veit lite om kva resultatet av dette blir.

Bergeron (u.å) har skrive ein artikkel til idrettsutøvarar og trenarar for å hjelpe dei til å forstå den (som han uttrykkjer det) klare samanhengen mellom teknikk og rytme i kastøvingar. Han skriv mellom anna:

*Have you ever heard a thrower say after a strong performance "I really felt like I was in the zone"? This athlete would probably describe the state as a heightened awareness and greater control over the body. He might also add that his technique seemed to be "right on" or "working better" on that particular day. The key to this scenario is that technique and rhythm are two essential, interdependent components of a successful throw. Yet they are also two of the most commonly neglected training elements (Bergeron, ,avsnitt 1).*

Det er vanskeleg og sjå på ei rørsle som eit isolert fenomen. Vi veit at kvaliteten på ei rørsle er avhengig av ulike eigenskapar og ferdigheiter - trenbare eller ikkje trenbare. Men at einskilde eigenskapar eller ferdigheiter betyr meir enn andre er ikkje urimeleg å anta, det er dette eg vil prøve å finne svar på - er rytmisk ferdigheit ein slik eigenskap eller ferdighet?

Etter mitt skjønn har fleire av dagens toppidrettsutøvarar nådd eit maksimum når det gjeld styrke , uthald og andre fysiske kapasitetar; dei vil sannsynlegvis ikkje nå lenger før dei tek i bruk andre treningsmetodar slik at dei kjem ut med meir hensiktmessige rørsleløysingar. Dette vil vere tilfelle innanfor idrettar der både resultatet og utføringa eller begge delar er avgjerande.

Omgrepet rytme er sentralt både i 'basistrening' og 'allsidigheit', men eg synest det er omhandla noko utilstrekkelig og ikkje presist nok til at det skal kunne få praktiske konsekvensar i forhold til kva og korleis trene for å få funksjonelle rørsleløysingar/ teknikkar.

Ei av hensiktene mine er å finne ut kva rolle rytmefaktoren, belyst gjennom mengde og type rytmisk erfaring, spelar i forhold til prestasjonsrelevante kriterium i hensiktmessige rørsleløysingar i volleyball – i mitt tilfelle vert dette volleyballsmashen. Sjølv om eg bare vil sjå på denne spesielle teknikken, vil eg også tru at funn her vil vere gyldige også for andre idrettslege rørsler. Korleis er samanhengen mellom allsidigkeit, tal på år spelt volleyball og startalder med volleyballtrening i forhold til smashteknikken ? Er det slik at til tidlegare ein startar med volleyballtrening og til lenger ein har vore aktiv dess betre blir smashteknikken ? Andre forhold som kan vere interessante og sjå på er kor medvitne volleyballspelar er på rytmefaktoren, deira oppleving av rytme - kan dette ha samanheng med smashprestasjonen ?

Mi hovudhensikt er å finne om allsidigkeit gjennom deltaking i mellom anna dans og musikk kan virke positivt på kvaliteten i ein spesiell teknikk, i dette tilfellet volleyballsmashen. Om eg finn ein samanheng vil eg poengtere dette i forhold til allsidigkeit og teknikktrening.

## **1.7 Tittel**

Rytme og volleyballsmash – ei teoretisk analyse og ei empirisk undersøking.

### **1.7.1 Presisering av problemstilling**

Problemstillinga vert slik:

Kva betyding har erfaring frå dans og musikk for prestasjonsvariablene ballhastigkeit, presisjon og stabilitet i volleyballsmashen hos kvinnelege volleyballspelarar ?

### **1.7.2 Underproblem.**

Kva for samanheng kan ein finne mellom score på prestasjonsvariablene i smashen og mengde erfaring frå deltaking i musikkutøving og/eller dans ?

Kva betyding har startalder i volleyball, tal på sesongar og erfaring frå andre idrettar for prestasjonsvariablene i volleyballsmashen ?

Er det dei same utøvarane som scorer høgt på alle dei tre prestasjonsvariablene i volleyballsmashen og kva ulikskapar/likskapar i bakgrunn kan vi finne hos desse utøverane ?

Vil definerte ferdigetsnivå (divisjon) samsvare med score på prestasjonsvariablene i volleyballsmashen ?

Som eit apropos vil det vere av interesse å få ein peikepinn på om vurdering av eigen rytmisk ferdighet har betyding for prestasjonsvariablene i volleyballsmashen ?

## **1.8 Avgrensingar**

Avgrensingar i studiet vil av resursmessig karakter vere:

4 lag frå Oslo området, 2 lag i eliteserie, 1 lag i 1 divisjon og 1 lag i 2.divisjon.

Kostbar og langvarig prosess for å finne ballhastigkeit, presisjon og stabilitet.

Studiet omfattar bare smashteknikk frå posisjon 4 over nett langs lina (mot posisjon 1) og over nett diagonalt (mot posisjon 5).

Ikkje test – retest på grunn av avgrensa tid til rådighet.

Søk etter relevant litteratur gav resultat på mange ulike språk, men personlege meistrar eg berre engelsk , tysk og skandinavisk. Det finst mellom anna relevant litteratur også på polsk, fransk og gresk.

## **1.9 Gangen i arbeidet**

I teorikapitlet vil eg sjå på rytmeomgrepet og forskingssituasjonen generelt for deretter å ta for meg rytmeomgrepet i aktuelle tradisjonar, musikk, dans og idrett. For å få ei forståing av kva rytme kan vere, er det nødvendig og fyrst klargjere rytmeomgrepet i forhold til musikktradisjonen. I dansetradisjonen vil det dreie seg meir om rytme i forhold til store grovmotoriske rørsler som respons til musikk/lyd. Deretter vil eg sjå på rytmeomgrepet i forhold til rørsletradisjonen og idrett. På bakgrunn av dette vil eg fokusere på ei rørsleanalyse av smaskteknikken i volleyball i forhold til funksjonelle rørsler og rytme. Til slutt i teorikapitlet vil det vere naturleg og ta opp rytme i forhold til motorisk læring, koordinativ ferdighet, basistrening og allsidigkeit, m.m. Eg vil oppsummere teoridelen med 'mine' definisjonar av omgrep bruk i samanheng med rytme, t.d. rytme, rytmisk ferdighet, rytmisk sans, rørslekytme.

I metodekapittelet vil eg gjere greie for metodiske avvegingar for å få dei data eg treng om rytmisk erfaring og om smashvariablane ballhastigkeit, presisjon og stabilitet, samt drøfte erfaringar med dette arbeidet. Eg vil presentere resultata og drøfte dei etter kvart i eit eige kapittel. Etter resultat og diskusjonskapitlet vil eg trekke moglege konklusjonar og legge fram nokre tankar om vidare arbeid innanfor feltet rytme og volleyball/idrett.

## **2 TEORIKAPITTEL.**

### **2.1 Innleiing**

Omgrepet rytme vert brukt i mange samanhengar og i samband med mange fenomen som; musikk, dans, rytme i språk og tale, teater og film, kunst og arkitektur, prosessar i kroppen og forskjellige naturfenomen som dag og natt, årstidene osv. Lyden av repeterande fot trinn, byljeslag mot stranda og fyrlykta som blinkar er kjende rytmar. I alle kulturane har rytme vore en vesentleg del av livet, - enten som ledd i seremoniar for å skape høgtid - eller rytme for å danse til. Dei fleste har sikkert også lagt merke til at ein del arbeid går mykje lettare når dei vert gjort rytmisk akkompagnert av song eller musikk. Ei felles rytme gjer det muleg for arbeidslaget eller romannskapet i ein båt å koordinere rørslene sine for best muleg resultat. For kroppsarbeidaren vil ei god

arbeidsrytme bety mykje både for uthald og helse, dette er fysioterapeut Siri Moe særleg oppteken av og i si hovudfagsoppgåve som ho kalla 'Rytme og arbeid' der ho tok opp dette i forhold til filetarbeidarar (Moe, 1994).

Vi har alltid vore omgitt av rytmar, alt før vi vart fødde vart vi kjende med rytmane til mor sin puls og rørsler. Vi opplever rytmene med mange av våre sansar – vi ser, hører og kjenner den og vi kan førestille oss den, men som oftast er den bare der utan at vi er merksame på den. Rytmar er sentralt for oss - vi både er og omgjev oss med dei.

Dersom ei gruppe musikkarar var med i ein diskusjon om ordet 'rytme', ville ei mengde relaterte ord og synonym kome inn i diskusjonen, slike ord som; tid, slag, rom - tid, tempo, aksent, mønster, frase, meter ol. Kom nokre idrettsfolk med i diskusjonen ville dei bruke orda; rytmisk ferdigheit, rytmisk persepsjon, rytmisk diskriminering, rytmisk rørsle, rytmisk sans, rørslyrtytme og rytmisk presisjon. Kom fleire andre grupper med i diskusjonen ville dei bruke nye ord som; tidsrytme, romrytme, kraftrytme, formrytme, rytmisk stimuli, rytmisk respons, impuls, dynamikk osv. Nokre 'rytmeforskarar' refererer til ord som 'musikkbransjen' nyttar som elementa i rytmene, medan andre forskarar prøver å definere sitt rytme konsept ved å bruke termar frå idrettsfolk og andre.

Ekspertar og folk flest har altså ulike oppfatningar av kva rytme er og brukar omgrepet deretter. Dette er også oppfatninga til Gabrielsson (1986), rytmekonseptet er brukt på ulike måtar og i ulike samanhengar, i ein skilde samanhengar er nokre element i rytmeomgrepet viktige, medan i andre samanhengar er andre element viktige.

## 2.2 Forskningsliteraturen om omgrepet rytme

Talet på personar og område der rytme er studert blir rekna for å vere svært omfattande (Lundin, 1967; Radocy & Boyle, 1988; Waadeland, 2000). Det har vore naturvitenskaplege -, antropologiske -, filosofiske - og fenomenologiske tilnærmingar til omgrepet. Ein skulle tru at dette ville føre oss nærmare ei forståing, men når mykje av forskinga bare er med på å understreke kompleksiteten og når det i tillegg vert brukt ulike operasjonelle definisjonar og termar er det vanskeleg å byggje på andre si forsking for å samanlikne studiar som omhandlar rytme og den effekten den har på lærings- og utforming av motoriske

dugleikar, og for å koma nærmare ei forståing av omgrepene rytme (Behrens, 1984; Chałupka, Różańska, & Rostkowska, 2007; Gabrielsson, 1986).

Dei to følgjande sitata er med på å understreke den problematiske situasjonen:

”A futher look at the diverse descriptions and terms used in these and other studies involving rhythm reveals more of the unending confusion” (Behrens, 1984, s.34).

”Persons concerned with understanding the psychological foundations of rhythmic behavior are faced with the perplexing problem of synthesizing an overwhelming body of literature into a conceptual framework which will provide a basis for dealing with rhythmic behavior” (Radocy & Boyle, 1997, s.68).

I mykje av forskinga rundt rytmeomgrepene har det vore uklart kva det er som er studert, er det i forhold til ’Term’, ’Begrep’, ’Objekt’ eller ’Subjekt’? ’Term’ vert forstått som det skrivne ord t.d rytme, ’Begrep’ vert forstått som meiningsinnhald, kva vi forstår med rytme, operasjonaliseringa av ’Term’ og ’Objekt’ vert forstått som den konkrete hendinga korleis rytmen er i rørslene (Ogden & Richard, 1923). ’Subjekt’ vert då det som er knytta til utøvar.

Fleire forskarar brukar omgrep og termar frå musikken fordi ein her er komen lengst i forhold til eit eintydig omgripsapparat og desse meiner at å studere omgrepene rytme utan først å studere rytme i musikk er vanskeleg. Dette er også etter mitt skjøn nødvendig for i det heile å forstå kva element som er knytte til rytmeomgrepene, dette vert også støtta av Behrens (1984). Gabrielsson (1986) skriv det slik: ”A book on rhythm without a treatment of rhythm in music would be incomplete indeed” (s.131). Sjølv om Batalha & Lozano (2007) meiner rytme tilhører eit vitskapleg språk tilknytt studium av menneskelege rørsler vil det vere ein fordel å kjenne til rytmeomgrepene i musikk.

*This manuscript aims to show that rhythm belongs to a scientific language which [which] is the object of Human Movement studies. The important of this position demented [demand] the development of different approaches on this specific*

*theme. They go from the concept of rhythm to that of rhythmic structure, rhythmic factors and, rhythmic ability* (Batalha & Lozano, 2007, s.abstrakt).

Dei forskingsområda som har bidrige mest til noko forståing av omgrepene rytme og forholdet mellom rytme og motor koordinasjon forutan musikk, dans og idrett/kroppsøving er psykologi og studium av motorisk kontroll og læring (Behrens, 1984).

Tal på studium spesielt utforma for å undersøkje effekten av å bruke rytmene for å forbetre utføringa av motoriske dugleikar er avgrensa. I forhold til sykliske rørsler dreier det seg vesentleg om kvantitative forhold som frekvens og uthald. Studium på bruk av rytmene i forhold til asyklike rørsler dreier seg mest om kvalitative forhold og stort sett av teoretisk art. Utan å bruke rytmeomgrepet har fleire studium omhandla element som kan relaterast til rytme til dømes Schmidt & Wrisberg (2001) som brukar omgrepet 'relativ timing' i forhold til tidsstrukturen i eit rørsleforlaup. 'Timing' er eit sentralt element i rytmeomgrepet noko eg vil kome attende til seinare i oppgåva.

### **2.3 Den generelle omgrepssituasjonen i forhold til rytme**

Det er ikkje kome så mykje nytt i høve rytmeomgrepet dei siste 25 åra. Av og til dukkar det opp små forskingsmiljø som sporadisk gjer studium som vedrører sider ved rytmeomgrepet, til dømes i Hellas, Tyskland, Portugal og USA. Resultata av mine søk etter relevant litteratur tyder på at lite har skjedd etter at Waadeland (2000) gjentok Behrens (1984) og Gabrielsson (1986) som også meinte at den omfattande bruken av omgrepet rytme gjorde det vanskeleg å kome fram til **ein** akseptert definisjon. Gabrielsson (1986) uttrykkjer dette slik:

*Regarding theories of musical rhythm we can briefly state that there is no comprehensive or generally accepted theory of rhythm, neither in music nor in other fields. What is sometimes called theories of rhythm in textbooks are in fact only rather loose hypotheses, and they refer only to limited parts of the whole complex* (s.160).

I si doktorgradsavhandling ”Rhythmic Movements and Moveable Rhythms” oppsummerar Waadeland (2000) sentral forsking og litteratur rundt omgrepet rytme fram til 2000 og nemner personar som har vore og er betydningsfulle innanfor rytmefeltet i musikkvitskapen. Waadeland (2000) tek utgangspunkt i Elliot i Evans & Clynes (1986) og lister opp eit stort tal av ’definisjonar’ av rytme som er brukt i forhold til ulike situasjonar og behov.

Fleir dimensjonaliteten i ’rytme’ er tilstades i vitskapleg språk og vitskapleg bruk av omgrepet. Dette kjem fram i boka ‘Rhythm in Psychological, Linguistic and Musical Processes’ av Evans & Clynes (1986). Denne boka inneholder artiklar av ulike forfattarar relatert til ulike forskningsfelt der rytme er felles tema. Waadeland (2000) meiner at som ein direkte konsekvens av denne fleirdimensjonaliteten vil det vere nødvendig ”... in any discussion of rhythm and rhythm features claiming a scientific level of precision to come to a decision as to which aspects of rhythm one wishes to illuminate” (s.15).

Med utgangspunkt i ’aspects of rhythm’ sette Waadeland (2000), med utgangspunkt i Evans & Clynes (1986), opp grupper av ’rytmedefinisjonane’.

*Definitions involving units of time.*

*Definitions involving time and space.*

*Definitions involving movement in time.*

*Definitions involving the organization of music.*

*Definitions involving a subjective organization.*

*Definitions involving involving a match or a motor response to an external source.*

*Definitions involving movement quality* (Waadeland, 2000, s.15-16).

*Definitions involving a determination of difference*

(Evans & Clynes, 1986, s.10).

Denne lista med definisjonar viser kompleksiteten og mangfaldet som er forbunde med studie av rytme og rytmiske fenomen. Det er mest vanleg å studere rytmiske fenomen som det finst rikelig av i naturen og som kan observerast (Evans & Clynes, 1986).

Fleire av desse 'definisjonane' av rytme synest ikkje å vere like aktuelle i forhold til rørsla i ein volleyballsmash.

Omgrepsapparatet i musikk ligg ofte til grunn for omgrepsapparatet i dei andre tradisjonane, sjølv om dei også har sitt eige omgrepsapparat, difor vil eg klargjere nokre sentrale omgrep og element i forhold til rytme i musikk som vil bety noko for forståinga av rytme i rørsler.

#### **2.4 Omgrepsapparatet i musikk knytt til rytmefenomenet som også vert brukt i samband med rytme i rørsler.**

Eg vil her bare kort klargjere dei mest vanlege omgrepa/elementa som er brukt i samanheng med rytme i musikk og som er mest brukt i samanhengar med rytme i rørsler. Dei omgrepa som ikkje er så mykje brukt i samband med rørsler men likevel kan hjelpe på forståinga av omgrepsbruken vert lagt som vedlegg (Vedlegg 1).

##### Aksent.

Aksent viser seg å vere ein kompleks funksjon av mange variablar avhengig av samanhengen den er i (intensitet, varighet, klang, melodi og faktorar som har med harmoni å gjere) (Gabrielsson, 1986).

Grunnslag eller tonar som har større intensitet enn andre, som har større 'trykk' enn andre, er aksentuert (Michelsen, Huldt-Nystrøm, Levin, & Rugstad, 1978). Ein aksent kan også skapast på andre måtar, dette kjem inn under den subjektive opplevinga av rytme (Vedlegg 1). Aksent og 'betoning' er det same. Aksent er sentral i mange idrettslege rørsler.

Det er fleire omgrep som ikkje vert rekna for å vere element i rytmien men som påverkar den rytmiske grupperinga, som til dømes tempo, dynamikk, intervall, varighet, harmoni, akkord og volum (Michelsen, et al., 1978). Fleire av desse omgrepa er perifere i forhold til det vidare arbeidet med denne oppgåva så difor vil eg bare klargjere nokre få.

### Tempo.

Tempo blir ikkje rekna for å vere eit element i rytmien. Relativt sett vil ikkje rytmene endre seg om tempoet endrar seg (Michelsen, et al., 1978). Tempoet bestemmer hastigheita til rekkja av grunnslag, vi kan syngje 'Fager kveldsol smiler' med ulikt tempo, dei fleste vil likevel høyre at melodien er den same. Nøyaktig slik vil det også fortone seg i forhold til rørsler. Om hastigheita (tempo) blei endra i automatiserte rørsler vil det "... innehåller att förhållandet i tid mellan varje rörelsedel och den totale rörelsen förblev detsamma" (Schmidt & Wrisberg, 2001, s.125), dette kallas dei 'relativ timing'.

### Intervall.

Eit intervall kan definerast som avstand - og samanheng - mellom to tonar, avstanden i tid mellom to hendingar berekna ut frå tempo. Pausar vil også vere eit intervall, men brukt for å strukturere musikken og byggje opp spesielle effektar og spenningar (Michelsen, et al., 1978). Intervall vil i forhold til den menneskelege rørsla tyde avstand i tid mellom impulsar.

### Impuls.

Impuls vert ofte brukt synonymt med puls. Impuls fungerer som ei drivkraft. Impuls er korte lyd moment eller 'energistøyt'. Impulsen sin varighet og amplitud bestemmer deira akustiske form.(Michelsen, et al., 1978) . Impuls vert forstått på liknande måte i forhold til rørsler.

### Opptakt, aksent og etterslag.

Desse elementa er svært sentrale i forhold til rytmien i rørsler. I rørsler ser ein dei gjerne i forhold til impuls.

#### *Aksent.*

I tillegg til definisjonen på side 25 vil ein aksent subjektivt sett vere eit relasjonelt konsept avhengig av mellom anna intensitet og varighet (Gabrielsson, 1986).

#### *Opptakt og etterslag.*

Desse termene reflekterer deira forhold til det aksentuerte slaget som dei er gruppert med. Rørsle mot eit mål er sannsynlegvis den beste generaliseringa som kan gjerast i forhold til ei opptakt. Etterslag er når aksenton har nådd klimaks og er på veg tilbake til generell

intensitet (Barela, 1979). Om ein samanliknar rytmen til den blinkande fyrlykta med rytmen til bølgjene som slår mot stranda vil hovudforskjellen vere at rytmen til fyrlykta ikkje har med elementa 'opptakt og etterslag'. Etter mitt skjønn er det nettopp desse elementa som må vere tydelege i rytmen til hensiktsmessige rørsler for å skape optimale impulsar.

## **2.5 Ei klargjering av rytmeomgrepet slik det vert brukt i samband med idrettslege rørsler**

### **2.5.1 Mange meiner og trur at rytmene er viktig i idrett**

Rytme vert hos mange forskrarar, sport teoretikarar, pedagogar og trenarar rekna for å vere eit av dei mest sentrale elementa som vedrører kvalitet og sluttresultatet av ei idrettsleg rørsle. Det finst lite konkret forsking som underbyggjer dette men det finst relativt mange filosofiske betraktnigar rundt tema. Mange meiner noko om rytmene og rørsler men det finst lite empiri som underbyggjer meiningsane deira.

Toppidretten har akseptert rytmens betydning og rytmetrening er blitt ein del av Olympiatoppen sitt 'Basiskonsept'. Rytme vert her rekna for å vere viktig i forhold til koordinasjon, læring av rørsler og teknikk/stil (Blindheim, 2005).

Mange idrettsutøvarar og trenarar brukar rytmiske aktivitetar i samband med trening. Dei også går ut frå den vanlege oppfatninga om at generell bruk av dans i treninga er bra for 'å finne rytmene' og 'flyten' i ein teknikk i idrett, men det er lite forsking som underbyggjer dette og effekten er uklar. Derimot har ein meir målretta bruk av rytmene i forhold til læring og utføring av motoriske rørsler vist gode resultat. " Educators and clinicians for a long time have attributed powerful effects to the use of rhythm in learning or performing motor tasks " (Behrens, 1984, s.33).

Rytmeomgrepet har aktualitet både for utøvar, trenar og tilskodar som observasjon og for forskaren som analytisk forskingsomgrep.

Då rytmeomgrepet også i samband med idrettslege rørsler blir opplevd som komplisert, mangfaldig, uklart og ustukturert, har det vore vanskeleg å finne ein god struktur for å

belyse omgrepet. Men ein farbar veg kan fyrst vere å sjå på dei ulike definisjonane av rytmeomgrepet slik det vert omtala og brukt i samband med treningslære/rørslelæra, i idrettspedagogikk og psykologi i forhold til motorisk kontroll og læring.

### **2.5.2 Korleis blir rytmeomgrepet definert i idrettslege rørsler ?**

Rytme kjem frå gresk *rhythmos* og tyder vanlegvis 'flyt'. Dei mange ulike definisjonane av rytmeomgrepet i idrett gjenspeglar både kompleksiteten og dei mange ulike forståingane av omgrepet. Fleire definisjonar er knytt til sjølve øvinga, medan andre er knytt til forhold hos utøvar – det er ikkje klart om ein forholder seg til dei tidlegare nemnde 'term', 'begrep', 'objekt' eller 'subjekt'. Meinel & Schnabel (1977) brukar mellom anna omgropa objektive og subjektive rytmar om dette. Nokre definisjonar er utleia frå spesifikke forsøk og vil vanskeleg kunne representere andre rørsler (Behrens, 1984).

Andre definisjonar ser ikkje ut til å ta omsyn til ulikskapen mellom sykliske og asyklike rørsler - etter mitt skjøn vedrører fleirtalet av desse definisjonane i hovudsak sykliske rørsler og kan vanskeleg relaterast til asyklike rørsler.

I den fyljande tabellen (Tabell 1) har eg prøvd å lage ei oversikt over ulike definisjonar av rytme og kva for aspekt (rytmekarakteristikkar) ved ei idrettsleg rørsle ulike forfattar frå treningslære- og rørslelærefeltet tek utgangspunkt i.

**Tabell 1:** Tabellen viser ei skjematiske oversikt over ulike definisjonar av rytmefunksjonar og rytmekarakteristikkar.

Forfattar																													Referanse
Grosser	x																											(Grosser, 1983, s.191)	
Platon i The Laws	x						x																					(Fraisse, 1981, s.217)	
Jaques-Dalcroze	x	x					x									x												(Jaques-Dalcroze, 1988)	
Grosser & Neumaier	x																											(Grosser & Neumaier, 1982)	
Martin	x				x			x										x									(Dietrich Martin, 1979, s.198)		
Smoll	x																		x	x								(Smoll, 1973, s.232)	
Barnard	x								x																			(Barnard, 1964, s.20)	
Gawith	x									x						x												(Gawith, 1980, s.1)	
Bünner & Röthig	x									x																		(Bünner & Röthig, 1971, s.193-194)	
Madden og Haverstick	x									x																		(Barnard, 1964, s.14)	
Westerhaus	x					x				x																		(Westerhaus, 1967, s.255)	
Schmidt & Wrisberg								x			x																	(Schmidt & Wrisberg, 2001)	
Meinel		x	x		x								x				x	x										(Kurt Meinel & Schnabel, 1977, s.129 ff)	
Fetz		x	x	x	x																								(Röthig & Grossing, 1993, s.146)
Röthig	x					x	x				x	x			x													(Röthig, 1970, s.13)	
Röthig	x										x	x				x					x							(Röthig & Grossing, 1993, s.146)	
Huff	x				x															x								(Huff, 1972, s.198)	
Holler-von der Trenck	x		x		x	x				x	x			x	x		x										(Holler-von der Trenck, 1972, s.12)		
Klaces	x		x																x									(Dilthey, 1972)	

Tabell 1 viser kor komplekst rytmeomgrepet er og det vil vere vanskeleg å samle alt i ein god definisjon.

Bünner & Röthig (1971) har undersøkt faglitteraturen før 1970 med omsyn til dei mest vesentlege fenomenologiske faktorane til rytmen og kjenneteikna deira. Han utarbeidde følgjande :

*Rhythmus kennzeichnet sich durch 1. Wiederholung, Wiederkehr, Rekurrenz, Periodik, etc., 2. Gliederung, Gruppenbildung, Gestaltetheit, Strukturierung, etc., 3. Betonung, Akzent, Nachdruck, Verstärkung, Aufmerksamkeitsenergie, Intensität, etc., 4. Stetigkeit, Regelmäßigkeit, Organisation, Gesetzmäßigkeit, Regulation, etc."* (s.13)

Rytme kan på bakgrunn av desse kjenneteikna forståast som eit forløp eller sekvens av hendingar som er inndelt og ordna slik at delane verkar på kvarandre og gir eit forløp med bestemte aksentueringar og gjentakingar. Rytmen vert bestemt av aksentane og intervall mellom dei (relativ tid ) og impulsane sin storleik og varigheit (Bünner & Röthig, 1971, s.13). Röthig & Grossing (1993) skriv det slik: "In der Rhythmusforschung werden im wesentlichen drei Strukturmerkmale hervorgehoben: Gliederung, Betonung, Wiederholung" (s.145). 'Gliederung' tyder inndeling av rørsla i fasar, sekvensar og avsnitt som verkar på kvarandre og skaper eit heile. 'Betonung' tyder aksentuering av bestemte delar. 'Wiederholung' tyder gjentaking av bestemte strukturar i rørsla (s.146).

På bakgrunn av rytmekarakteristikkane i Tabell 1, Bünner & Röthig (1971) og Röthig & Grossing (1993) vil dei vesentlegaste kjenneteikna til rytmen i eit asyklistisk rørsle-forløp etter mitt skjøn vera: Gjentaking, struktur, aksentuering, veksling mellom spenning og avspenning, impuls og relativ tid mellom impulsane. Kva som er knytt til subjektet og objektet vil eg kome attende til seinare i oppgåva.

Definisjonane seier ikkje noko om kva som er ei god rytme. Alle rørsler har ei rytme, at rytme er til stades er ikkje avgjerande for kvaliteten på rørsla, men det er dei

funksjonelle eigenskapane til rytmen som er avgjerande (Hanebuth, 1961). Ein reknar med at dei beste utøvarane har den beste rytmen for når andre utøvarar etterliknar denne rytmen får dei ei prestasjonsforbetring (Cooper & Andrews, 1975; Cooper & Glassow, 1976).

I idrettsleg samanheng er det vanskeleg å sjå forskjell på bruken av rytme og rørslerytme. Men slik eg forstår vil rørslerytme ta utgangspunkt i definisjonane til rytme og innhaldsmessig vil dei vere ganske like.

Intensjonen med asyklike rytmar vil vesentlege vere å få eigen kropp eller reiskap eller begge delar i flukt etter kvarandre som ved smash. Dei syklike rytmene er i dei fleste tilfelle drivrytmar, dei gir dei doserte impulsane som skal halde eigen kropp eller anna i stadig framdrift. I begge tilfelle kan ein ikkje automatisere rørsla utan at rytme oppstår (Westerhaus, 1967, s.255).

For å kunne forstå kva som ligg i dei ulike definisjonane av rytme som er brukt i treningslæra vil det vere nødvendig å forstå dei grunnleggande rørslemønstra og elementa i idrettslege rørsler - i volleyballsmashen.

## **2.6 Korleis kan ein volleyballsmash analyserast og forståast ?**

### **2.6.1 Den ideelle rørsla**

Når vi overflatisk ser på ein volleyballsmash vil sjå at den er sett saman av ei mengde med einskildhendingar. Ein kan fastsetje stad-, posisjon- og stillingsendringar til utøvar og ball, ein kan bestemme delar med akselerasjon og retardasjon eller ro og ein kan sjå på ulike fasar (Göhner, 1983). Ein volleyballsmash er eit heilskapssystem av element og undersystem som er organisert, koordinert og verkar på kvarandre i forhold til ei spesiell oppgåve (Iwoilow & Scheidereit, 1984).

Det er mest vanleg å bruke omgrepet ein teknikk i staden for ei idrettsleg rørsle. Kjørmo (1994) meiner teknikk er det grunnmønster eller hensiktsmessige rørslemønster som karakteriserer rørsleforløpet i ein bestemt idrett (s.104).

Grosser & Neumaier (1982) brukar omgrepet 'idearlørsle' i sin definisjon av teknikk i idrett:

1. *das Idealmodell einer Bewegung, bezogen auf eine Sportdiziplin. Diese "Idealbewegung" kann aufgrund derzeitig wissenschaftlicher Erkenntnisse und praktischer Erfahrungen verbal, graphisch, biomechanisch - mathematisch, funktionell - anatomisch und anders beschrieben werden. Weiterhin*
2. *die Realisierung der angestrebten "Idealbewegung", also das Lösungsverfahren zur Ausführung der optimalen Bewegungshandlung durch den Sportler." (Grosser & Neumaier, 1982, s.8)*

Samspelet av delane og elementa i eit rørsleforløp kan såleis beskrivast på mange måtar. I forhold til definisjonsdel 2 vil teknikk i idrett vere ei "idearlørsle" som skal gi ein utøvar mulegheit til å løyse rørsleoppgåvane.

Ei 'idearlørsle' kan ha ulike utformingar, men likevel er det nokre særmerkje som må vera tilstades. Det er denne 'idearlørsla' som er eit bilet på det som skal lærast. Denne 'idearlørsla' samsvarar ofte med dei beste utøvarane sine rørsler. Alle idrettsleg rørsler også volleyballsmashen har sin idealmodell, ei idealløysing som er bestemt av allmenngyldige lovmessigheiter, og som viser seg igjen i bestemte kjenneteikn. Hovudsakleg er desse kjenneteikna nemnde som delar eller element i rørsla, som til saman kan beskrive heile rørsla. Christmann & Gabler (1985) brukar dette for å beskriver eit rørsleforløp som "zeitliche Abfolge von teilbewegungen" (s.14).

Den idealtypiske volleyballsmashen og kva som må vere tilstades for å oppnå gode resultat er godt beskriven, men individuelle variasjonar vil vere naturleg mellom anna på grunn av fysiske føresetnadurar. På bakgrunn av eigne observasjonar synest det som om lange volleyballspelarar ikkje går så 'djupt' i satsen til smash som korte volleyballspelarar, difor vert impulsen i satsen ulik. Dei individuelle prestasjonsføresetnadane vil ha sitt utspring i konstitusjonelle, motoriske, psykiske og sensorisk-kognitive faktorar (Grosser & Neumaier, 1982).

Individualiteten til kvar einskild vil ha eit stort spelrom - forutsatt av at, det blir teke omsyn til dei faseteoretiske, funksjonell-anatomiske, biomekaniske og psykisk-kognitive lovmessigheitene til rørsla. Individualiteten i ein teknikk viser seg igjen i strukturen og er heilt avgjerande for dugleksnivået.

Den 'personlege teknikken' vert i samband med individuelle eigenskapar også kalla 'stil' (Christmann & Gabler, 1985; Grosser & Neumaier, 1982).

Volleyballsmashen er som regel forbunde med eit målbart eller observerbart resultat og kan forbetraast ved å fokusere på desse resultata. Forstår ein idrett og idrettsundervisning under aspektet av prestasjon eller resultatoptimering, må også rørsleanalysen bli forstått som ei optimeringsanalyse. På grunn av desse føresetnadane har det blitt utvikla ulike analysemetodar i idrett. Vi orienterer oss mot ei funksjonell rørsleforståing, der organiseringa i einskilde rørsleavsnitt er vesentleg for å forstå kva funksjon delane har med omsyn til rørsleoppgåvene.

## 2.6.2 Analyse av volleyballsmashen

Fasestruktur.

Carr (1997) brukar omgrepa 'nonrepetitive skills' og 'discrete skills' om asyklike rørsler og 'repetitive skills' om sykliske rørsler (s.132-133). I sykliske rørsler vil delfasar gjenta seg medan i asyklike rørsler vil dette ikkje vere tilfelle. Asyklike rørsler har ein klar start og slutt slik at delfasar ikkje vil gjenta seg før ei ny utføring.

Volleyballsmashen kan sjåast på som ei 'kombinert rørsle'. "Werden zwei oder mehrere azyklische Bewegungsakte in unmittelbarer Folge ausgeführt, so bezeichnen wir das eine Bewegungskombinationen, und zwar als *Sukzessivkombinationen*." (Meinel & Schnabel, 1977, s.121). Carr (1997, s.133) kallar dette for 'Nonrepetitive Skills in Sequence'. Samanhengen mellom dei ulike asyklike rørslene må vere 'flytande' slik at 'sluttfasa' i tillaupet vert ein del av 'førebuingsfasa' til satsen – om lag slik som i sykliske rørsler. Skal rørsla 'flyte' må vi få ei samansmelting av ulike delrørsler.

Sentralt her vil vere Göhner si 'Funktionelle Bewegungsanalyse' (Göhner, 1979, 1983)

og Meinel si 'Bewegungsanalyse und Phasenstruktur' (Meinel & Schnabel (1977). Som Göhner og Meinel har også Carr (1997) ei mekanisk tilnærming der utøvar set saman delrørsler for å få ein teknikk og definerer ei fase som: "... a connected group of movements that appear to stand on their own and that your athlete joins together in the performance of the total skill" (s.136 ). Dette passar bra med Meinel sin 'Phasenstruktur', han brukar fasane førebuingsfase, hovudfase og slutfase i asyklike rørsler og i syklike rørsler vil førebuings- og slutfase smelte saman til ei mellomfase. Loland (1992) brukar ikkje fasar for å beskrive ein teknikk, han har ei meir psykologisk/holistisk tilnærming til teknikk der teknikk vert forstått som ei meir samanhengane heilskapleg rørsle som kan opplevast som ein heilskap, dette vert også kalla 'Gestalt' innanfor psykologien. Loland (1992) beskriv ein fase struktur som : "... A movement sequence that is experienced as a whole and in which all important movement element of a technique are represented" (s.63). Ein utøvande musikar vil framfør eit musikkstykke i fraser for å få den rette aksentueringa og dynamikken, difor vil musikaren på liknande måte som Loland (1992) sjå på ei frase som 'Gestalt'.

I Göhner (1983) si 'Funktionelle Bewegungsanalyse' blir rørsla inndelt i hovud- og hjelpefunksjonsfasar. Som oftast finst det berre ei hovudfunksjonsfase og den er direkte innretta mot rørsleoppgåva. Talet på hjelpefunksjonsfasar er ope. Hovudfunksjonsfasa er 'funksjonelt uavhengig', medan hjelpefunksjonfasane er 'funksjonelt avhengig' av andre fasar.

*Die Menge der Funktionsphasen einer sportlichen Bewegung wird durch die Aufteilung in Haupt- und Hilfsfunktionsphasen und durch die Untergliederung der letzten in vorbereitende, unterstützende und überleitende Hilfsfunktionsphasen als ein zeitlich geordnetes Gebilde erkennbar. Diese Ordnung bezeichnet man als die Funktionsphasenstruktur einer sportlichen Bewegung. Aus ihr ist die zeitliche Verkettung zu erkennen des*

- <Zuvor>
- <Zugleich> und
- <Danach>

(Göhner, 1983, s.157)

Ei funksjonsfase må soleis setjast i samanheng med det føregående, det noverande og det som fyljer.

I smashrørsla vil slaget på ballen kunne sjåast på som ei hovudfunksjonsfase, der målet er å slå ballen hardt og presist mot motstandar sin banehalvdel.

Inndelinga vidare i hovud- og hjelpefunksjonsfasar kan byggje på rekkefylgja i tid:

- \* førebuande
- \* understøttande
- \* hjelpefunksjonsfasar som leier over.

Denne organiseringa kan igjen delast opp. I volleyball kan det dreie seg om å nå bestemte posisjonar, som tilløp til ball eller å nå bestemte stillingar eller kroppsposisjonar for å skape best moglege føresetnad for neste fase. Den understøttande hjelpefunksjonsfasa kan delast i direkte eller indirekte understøttande ( sentralrørsle direkte). I det vidare arbeidet med rytmeomgrepet i idrett er det viktig å ta med desse tilnærmingane til rørsleforståinga.

Fasestruktur omfattar eigenart og rekkefylgje til dei einskilde rørslefasane. I volleyballteknikkar delar ein - logisk sett i utgangstilling og ei rekke av fasar.

Inndelinga av dei einskilde tekniske elementa i fasar vert bestemt av eigenarta til kvar delrørsle i forhold til heile rørsla. Smashrørsla i volleyball har den fordel at den er svært godt undersøkt og grunngjevne. Den inneheld alle dei karakteristiske særmerkje som er i kompliserte idrettslege rørsler, ulike strukturerte rørsleforløp med overgang av rørslekombinasjonar frå førebuingsfase til sluttfase. Inndelinga av dei einskilde tekniske elementa i fasar vert bestemt av eigenarta til kvar delrørsle i forhold til heile rørsla.

Grov sett kan smashteknikken delast i, førebuings-, hovud- og sluttfase ( Figur 2 s.37). Denne fasestrukturen svarer til rørsla før, under og etter ballberøringa. Alle tre fasane har stor innverknad på totalrørsla. Førebuingsfaza skal førebu rørsla i hovudfasa optimalt, ved at muskulaturen får ei forspenning i løpet av tilløp, sats og motrørsla og dessutan at vinkelforholda vert gunstige. I konkret tilfelle ved tilløp til smash tyder det: gjennom auking av steglengda og hastigheita, så vel ei senking av tyngdepunktet bak - ned får vi ei gunstig forspenning av satsmuskulaturen og ei fordelaktig vinkelstilling i

ledda. I tillegg kjem at akselerasjon i tilløpet gjer det muleg å få ein meir kraftfull sats. I førebuingsfasa er rørsleretninga for motrørla typisk, den går i motsatt retning til hovudrørla, vi får først ei rørsle frå ballen før slaget kjem. Sluttfasa vert også betegna som 'utdøing av rørla' som er meir innretta mot ein passiv restitusjon. Sluttfasa i rørla i volleyball er for det meste ein gjennomgang til neste rørsle.


Mot-/henterørla i førebuingsfasa i volleyball er svært viktig, den aukar kvaliteten på hovudrørla slik at slaget vert meir presist og hardare. Bode (1953) og Hanebuth (1964) brukar omgrep frå musikkterminologien for å forklare fasane i ei delrørsle som opptakt (førebuingsfase), aksent (hovudfase) og etterslag (sluttfase). Dette må sjåast i samanheng med optimale arbeidsforhold for skjelettmusklane. Førebuinga til hovudfasa er ei 'henterørsle' som går føre seg i motsett retning til hovudfasa. Henterørla gjer det mogeleg å få ei forspenning i muskulaturen, ein lang arbeidsveg og gunstige vinkelforhold i ledda. Vert ikkje førebuingsfasa god, vil det gå utover kvaliteten til hovudfasa. Naturlegvis vil det også vere situasjonar der førebuingsfasa vert undertrykt, særleg når noko uventa skjer. Ei optimal førebuingsfase til hovudfasa er av særleg stor betyding sidan rørsleoppgåva vert utført i hovudfasa. I sluttfasa 'dør rørla ut' med ein passiv restituerande karakter. Rytme i ei slik rørsle dreier seg vesentleg om dynamikk.

Ein kan igjen dele inn hovudfasa i to delfasar (sats- og slagfase) slik at ein kan dele smashteknikken i fire fasar: Tillaup, sats, slag og landing. Prsala (1982) har ei anna inndeling og identifiserte fire fasar i analysen av volleyballsmashen : tillaupe, førebuing til slag, slag og landing. Tillaupet består vanlegvis av to eller tre steg, det siste steget vert eit stem som overføre horisontal hastigkeit til vertikal hastigkeit og sats på begge bein. I førebuingsfasen til slag vert slagarmen svinga opp og bak med bøygd olbogeledd og strekt handledd. I slagfasen vert slag armen ført mot ballen med innoverrotasjon i skulderleddet av adduksert overarm, strekking av olboge og bøyning av handledd. Landingskjer ved ein leddkjederørsle i underekstremitetane. Timinga av rørlene vil vere avgjeraande for korleis denne teknikken vert gjennomført.

Desse fasane består igjen av delfasar som kan inndelast etter rørsleform og særtrekk i det nevro-muskulære området (Iwoilow & Scheidereit, 1984).

I tilløpet og satsen er fokus til spelaren retta mot å løyse to hovudoppgåver: oppnå størst

mogeleg hopphøgde og hoppnøyaktigheit i forhold til ballbana. Tillaupet kan inndelast i tre mikrofasar: Start, midt og fot-isett til satsen. I fyrste mikrofase, starten, har spelaren eit eller to opptaktskritt, det skjer før ballbana er skikkeleg bestemt. I den andre førebuande mikrofasen bereknar spelaren ballen og korrigerer rørslehastigheita. I den tredje mikrofasen før fot-isett får han eit langt innhopp som harmonerer med rørslene etterpå. Koordinasjon og hastigkeit i dette innhoppet bestemmer effektiviteten, då den horisontale kinetiske energien vert overført til energi for det vertikale hoppet gjennom ein god 'stem'. I satsen vert først eine foten (høgre fot for hørehendte og omvendt for venstrehendte) sett i golvet med hælen først, den andre foten vert sett framfor den første, armane vert ført strake bak kroppen i ei svingrørsle. Sjølve satsen kan igjen delast i tre mikrofasar: Den fyrste startar med hel-isett på golvet, trykket mot golvet resulterer i ei reaktiv kraft som oppstår på grunn av 'stemmet' og kroppsvekta. I den andre mikrofasen får vi ei oppbremsing som resulterer i at ledda bøyer seg og armane startar å svinga framover. Den tredje mikrofasen aukar trykket mot golvet på grunn av starten på utstrekninga. Svingrørsla til armane understøttar satsimpulsen. Tredje fase i angrepslaget er sjølve slaget. Denne fasen kan igjen delast i to delfasar: den delen der angriparen stig og motrørsla til slaget og sjølve slaget (Iwoilow & Scheidereit, 1984).



**Figur 2:** Biletserien viser forlaupet til smashteknikken i volleyball. Tillaupsfase A-C, satsfase C-E, slagfase E-H og landingsfaza I-J (Voigt & Naul, 1980).

Delrørslene i smashen som igjen er sett saman av mindre avsnitt skal verke i eit heilskapleg heile. Hovudrørsla er innretta på eit rasjonelt samvirke av indre og ytre krefter. Den innleiande fasen går saman med utgangsfasen i den føregåande rørsla og utgangsfasen i hovudrørsla med fasa i slutt rørsla eller dei fylgjande element i kombinasjonen. Den avsluttande rørsla er innretta mot det å skaffe best mogeleg betingingar for slutten på øvinga eller for førebuinga til neste øving. I ein rørslestruktur

må ein kjenne samanhengen mellom dei førande koordinasjonselementa og totalrørsla. Små endringar i ei rørsle som bevisst eller ubevisst går inn i rørslestrukturen vil verke på rytmien og effektiviteten til rørsla. Dei førande elementa vert som eit skelett i heile rørslestrukturen, ved at det inneholder eit strengt hierarki for under- og innordning av elementa etter intensiteten i utføringa. Det fastset det strukturelle og dynamiske grunnlaget til rørslerytmen i øvinga.


Den dynamiske effekten i hoppet heng saman med satsen; men det endelege resultatet vert bestemt av teknikken og tilløpsrytmen, særleg i førebuingsfasen til satsen. Krefter som verkar i satsen er krefter frå golvet og dei intermuskulære reaktive kreftene (elastiske komponentar), den viktigaste krafta er likevel den intermuskulære kontraksjonskrafta. For ei effektiv handling i kvar rørslefase er det viktig med rett aksentuering av bestemte rørsleelement - ved nøyaktig koordinasjon av rørsleaktiviteten. Hastigkeit inn til satsen og armsving skapar ein god reaktiv sats. Den nøyaktige tekniske utføringa, dei tidsrette rørlene og den optimale koordineringa av rørsleaktiviteten med aksentuering av einskilde fasar bestemmer totalt den koordinative og dynamiske effekten og rørslerytmen.

### **2.6.3 Volleyballsmashen som sekvens av hendingar og rytme.**

Som tidlegare omtala kan ein sjå på volleyballsmashen som ein sekvens av hendingar. Rytmen vil då kunne sjåast på som korleis dei ulike sekvensane heng saman og påverkar kvarandre. Om ein berre ser på sjølve slaget (F-H på Figur 2. s.37) kan rekkefylje og timing av segmenta overkropp, overarm, underarm og hand vere avgjerdande for ballhastigheita etter smash, om ein klarer å overføre hastigheita frå hand til ball. Figur 3 på side 39 av Wedaman et al. (1988) illustrerer dette godt, timing av segment må vere optimal slik at eit segment byggjer vidare på det føregåande slik det gjer hos 'GOOD SPIKER', hastigheita på handa som treff ballen vil på denne måten vere høgre enn om timinga av segmenta er slik som hos 'POOR SPIKER'. Om ein samanliknar både starttidspunkt og varighet i rørla til dei ulike segmenta hos 'GOOD SPIKER' og 'POOR SPIKER' ser ein stor forskjell, hos 'GOOD SPIKER' er det ein glidande overgang frå eit segment til det neste, medan hos 'POOR SPIKER' er det 'pause' mellom segmenta overarm og underarm og segmenta underarm og hand startar

rørsle omtrent samtidig - dette gir ikkje god 'flyt' i slagrørsla og hastigheita på slaghanda vert relativt liten. Wedaman et al. (1988) brukar omgrepet 'sequential timing pattern' og dette er etter mitt skjøn ein sentral karakteristikk til rytmien i rørsla.

**Figure 1. Segmental overlap of good and poor spikers**



**Figur 3:** viser 'Segmental overlap' hos god og dårlig smasher (Wedaman, et al., 1988, s.584)

Maxwell (1981) meiner også at det er ein klar forskjell mellom dei beste smasharane og dei dårligast med omsyn til 'general movements patterns'. "The worst performers were clearly more erratic with segmental movements. .... In general terms, smoothness of movement is a feature of the good spikers' actions but not the bad spikers' actions" (s.45).

#### 2.6.4 Volleyballsmashen sitt rytmiske skjema

Eit rytmisk skjema kan markerast t.d. med handtrommer, der sterke impulsar vert markert ved sterke slag. Alle rytmiske skjema kan bli markert når dei vert oppdaga. Dette kan då brukast i lærings- og treningsprosessen (Westerhaus, 1967, s.255). For å framskaffe det dynamiske forløp og for å gjere kraftimpulsane tydelege trengst det ei aksentuering. Rørslerytme har ei særleg betydning for smashrørsla, fordi den eigentlege slagrørsla i hovudfasa er forårsaka av førebuingsfasa (tilløp og sats) som har ein typisk rytme (ramm-ta-tamm). Cooper & Andrews (1975) brukar musikknotasjon for å vise rytmien i to variantar av smashteknikken i volleyball. Rytmene er basert på lyden frå fot-isett og det er satsen som er aksentuert.

VI. Volleyball  
Spiker's approach: step-close method



Spiker's approach: pre-jump method



**Figur 4:** Notebilete av tillauup og sats til to variantar av volleyballsmashen (Cooper & Andrews, 1975, s.66).

Rytmen viser seg her som 'Gestalt und Ordnung', eit skjema som rørsla går etter.  
"Many players and coaches know by the sound and/or by the rhythm of the player's movements what the outcome of certain maneuvers will be" (Cooper & Andrews, 1975, s.65).

Det rytmiske skjema som Figur 4 viser er nok ei forenkling av det rytmiske biletet av heile smashrørsla. Som nemnd tidlegare er impulsbiletet ein sentral del av rytmen og når kvar delrørsle har sin impuls vert nok det totale impulsbiletet i heile smashrørsla noko meir komplisert enn det Figur 4 viser. I tillaupet (vanlegvis 2-3 skritt) skal ein opparbeide stor horisontal hastigkeit som i neste omgang skal gjerast om til vertikal hastigkeit gjennom ein god stem med begge bein som går rett over i satsrørsla der ein timer kraftig armsving og strekkarane i hofteledd og kneledd og plantarflektorane i okleidd. Når ein har fullført satsrørsla og forlete golvet gjer ein seg klar til slagfasen ved å førebu ei sentralrørsle. Sentralrørsla utgjer sjølve slagfasen der det optimale forlaupet er slik Figur 3 side 39 'GOOD SPIKER' viser.

Forlaupet til smashteknikken i volleyball går ved hjelp av eit komplekst samarbeid mellom muskelkontraksjonar og muskelavspenningar. Energien som vert sett inn i rørsla må setjast inn på rett tidspunkt og på rett stad skal den gi mest mogeleg effekt til rørsla. Energien som kjem inn i rørsla er for det meste eit resultat av muskel-kontraksjonar. Storleik og utsjånad av kvar einskild kontraksjon og summen av alle kontraksjonar innanfor ei viss tid vil bestemme rørsla si forflytning. Muskelkontraksjonsbiletet (impulsbiletet) som vert bestemt av varigheita av kvar impuls, intensiteten til kvar impuls og timinga mellom impulsane vil bestemme rytmen til rørsla (Thackray, 1969a).

## **2.6.5 Den subjektive og objektive rytmen i volleyballsmashen**

Som nemnd tidlegare kjem fleire feiltolkingar av rytmeomgrepet av at ein ikkje kjenner dialektikken til subjektiv og objektiv - ein utøvar vil ikkje oppleve ei rørsle på same måten som ein tilskodar. Röthig (1970) og Meinel & Schnabel (1977) brukar omgropa subjektivt og objektivt om rytme og i tillegg brukar dei omgropa subjektivert og objektivert.

Objektivert rytme kan vi karakterisere gjennom kraft-, hastigheits-, og akselerasjonsforløp, gjennom elektromyografi eller lydbiletet og kan forståast som den rytmen som vert gjort til gjenstand for observasjon. Det rytmiske lydbiletet i ei smashrørsle i volleyball kan til dømes vere 'tamm – ta – taa' eller som nokon brukar 'amst-er-dam'.

Objektivert rytme vert viktig for analyse av dei rytmiske rørsleforholda hos menneska for å forstå dei subjektive forholda.

Hanebuth (1961) meiner den objektive eller observerbare rørsla kan sjåast i forhold til tids-, kraft-, rom- og formmessige aspekt.

Dei formmessige aspekta er bøye - strekkje - dreie.

Dei rommessige aspekta er trang - romsleg - trang, og djup - høg - djup.

Dei kraftmessige aspekta er avspenning - spenning - avspenning.

Dei tidsmessige aspekta er retardasjon - akselerasjon - retardasjon.

Laban (1948) nemner i tillegg dei flytmessige aspekta som er samanhengande – avbrotne, samtidig – del for del.

Subjektiv rytme blir bestemt av: tidsoppfattning, gjentaking, gruppering, aksentuering, spenning og avspenning og oppleving (Röthig, 1970). I fylle Rønholt & Rønholt (1983) vert rytmen i eit rørsleforløp primært oppfatta av det kinestetiske sanseapparatet og synssansen. Etter mitt skjøn vil også vestibulær, auditiv og taktil sans spele ei rolle i oppfatninga og tolkinga av rytmen, dette er også oppfatninga til Fraisse (1981).

Intervalla eller tida mellom hendingar/impulsar er avgjerande for oppfatting av rytmen, for kort eller for lang tid er vanskeleg å lage rytme av (Fraisse, 1981).

Fleire definisjonar av rytme er knytt til den subjektive opplevinga og rytmen vert av fleire rekna for å vere eit muskulært fenomen. Meinel & Schnabel (1977), Klages

(1934) og Kochner (1968) er mellom dei som definerer den subjektive rytmen i forhold til muskelen sin funksjonsrytmikk – vekslinga mellom spenning og avspenning. Også i idrettsmedisin meiner ein at den 'fysiologisk rette rørsla' ligg i den flytande vekslinga mellom spenning og avspenning til muskulaturen (Kochner, 1968, s.117).

Jacobs (1962) går litt lenger inn i fysiologien til muskelfunksjonen for å forklare rørsle rytmene og skriv det slik:

*Der physiologische Ursprung des Bewegungsrhythmus mag im Stoffwechsel der Muskeln zu suchen sein... Die Tätigkeit des Muskels geht in drei Phasen vor sich: Verkürzung durch Quellung, Lösung durch Abgabe der Quellflüssigkeit, Erholung durch Nahrungsaufname. Auf diesen dreiteiligen Arbeitrythmus ist der Muskel eingestellt und angewiesen* (s.88).

Naturvitenskapen er også oppteken av at det ligg ein funksjonsrytmikk til grunn for alle menneskelege rørsler. Dei meiner at di meir rørsleforløpet stemmer overeins med dei organiske funksjonane som ligg til grunn for rørsla, desto meir rytmiske er rørslene. Men den naturvitenskaplege viten som ligg bak rørslefenomenet har betyding for vurderinga av dei rytmiske rørsleforholda hos menneska utan at deira viten kan forklare mangfold og kompleksitet i dei rytmiske endringane i rørsla, dei organiske funksjonane kan ikkje forklare alle sider ved dei rytmiske rørsleforholda (Röthig, 1970). Jaques-Dalcroze (1988) meiner at det typiske for rytmiske rørsler er gjentak av den fasemessige vekslinga mellom spenning og avspenning og muskelsystemet har ei evne til å oppfatte varighet og grad av kroppsleg rørsle noko han kallar 'rytmeinstinktet'.

## **2.7 Spennings- og avspenningsintervall i muskulaturen som rytmisk forløp**

Meistringa av vekslinga mellom spenning og avspenning i muskulaturen vil ha stor innverknad på rørsle rytmene og kraftinnsatsen (Dilthey, 1972). Fyrst når ein oppfattar 'tids ordninga' mellom spenning og avspenning har ein funne ein dimensjon til rørsle rytmene. Denne vekslinga mellom spenning og avspenning gir eit bilet av rørsleimpulsane i rørsla, både rekkjefylgja av impulsar i tid og utsjånaden til kvar

einskild impuls.

Ein annan dimensjon er at kvar rytme har eit forløp av vektfordeling med omsyn til tid, den gjenspeglar ulik aksentuering av kvar einskild delprosess i rørsla. Grunnlaget for rørslerytmen er derfor muskeldynamikken og den ulike aksentueringa til denne i den totale rørsla i rom – tid forløpet (Meinel & Schnabel, 1977). Figur 4 side 40 viser mellom anna at den kraftigaste aksentueringa i volleyballsmashen ligg i overgangen mellom tillau og sats (stem) elles vil sjølve slaget mot ballen vere kraftig aksentuert. Denne aksentueringa vil gi tydelege impulsar om rørsleforløpet i volleyballsmashen er funksjonelt.

Det er viktig med tydelege impulsar, varer spenninga for lenge vil vi ikkje få rett fordeling av spenning og avspenning, rørsla vil bli anspent til feil tidspunkt, og rørsla vil vise seg som om den 'ikkje stemmer' (Meinel & Schnabel, 1977).

Utgangspunktet for ei god rytmisk rørsle ligg i forhold som gjer at musklane får optimale arbeidsforhold. Muskelkontraksjonane kan vere ulike i storleik og varighet, men alle kontraksjonane vil bestå av dei tre elementa; opptakt-aksent-etterslag (elementa kjem frå musikkterminologien).

Opptakt = oppladning, forspenning.

Aksent = kontraksjon, utladning.

Etterslag = restitusjon, mot ny oppladning.

For å få ei god opptakt må strekkrefleks og elastiske komponentar i musklane aktiviserast (Bode, 1953; Otto Hanebuth, 1961).

Den rytmiske arbeidsmåten til kvar muskel er ikkje vanskeleg å forstå, men i ei rørsle skal fleire musklar og muskelgrupper samarbeide, vi møter sentrale omgrep som 'timing', koordinasjon og rørslerytme. Rørslerytmen vil tydeleg få fram den motoriske koordinasjonen og derfor vil rørslerytmen vere eit karakteristika for koordinasjonen. Med rørslerytme som kjenneteikn til ei rørsle vil både objekt- og subjektrytmar vere med.

## **2.8 Rørslerytme og pust**

Iwoilow & Scheidereit (1984) meiner at i satsen til volleyballsmashen er det nødvendig å utvikle stor kraft og pusten er vesentleg når det gjeld å utvikle denne krafta. Idet ein held pusten etter innspust vil ein få ein slags 'sentral støtteflate' som understøttar denne kraftutviklinga. Ei 'rett' pusterytme vil ha betydning for aksentueringa og dermed for rytmien i rørsleforløpet i volleyballsmashen. Ein pustar djupt inn i det fyrste tillaukskrittet, deretter går pusten fritt for så å få eit innspust rett før eller i løpet av innhoppet, i satsen og slaget vil ein halde pusten for deretter å puste ut i siste delen av slaget. Bülow (1972) og Meinel & Schnabel (1977) meiner også at pust er eit viktig element i forhold til rytmiske rørsler.

## **2.9 Oppsummering av rytmene og volleyballsmashen**

Westerhaus (1967) meiner at rytmiske rørsler må bli forstått som tolking av eit rytmisk skjema. Å få ei god rørsle dreier seg ikkje bare om å finne rytmien 'det rytmiske skjema', men å få ei godt koordinert utføring under stadig aukande vanskegrad og likevel meistre rørsla utan besvær, dette kan ikkje skje utan at rørsla er i rytmar. Som nemnt tidlegare har 'den ideelle' volleyballsmashen eit slikt rytmisk skjema, individualiteten til kvar utøvar må tilpassast dette skjemaet. Cooper & Glassow (1976) hevdar i si bok om kinesiologi at kvar idrettsutøvar har ei spesiell individuell samansett rytmie – dei kallar dette for 'skill'. Vidare hevdar dei at kvart kroppssegment til kvar idrettsutøvar har ei spesiell rytmie og dette vil bety at den komplette rørslerytmen er vanskeleg å registrere.

Om ein tek utgangspunkt i at volleyballsmashen er ein sekvens av hendingar vil rytmien i rørsla kunne forståast ut frå dette. Kvar hending er for det meste skapt på grunnlag av muskelarbeid eller impulsar sin storleik og varigheit og koordinasjon mellom impulsane, kort sagt kan ein seie at rytmien samsvarer med impulsbiletet i rørsla. Impuls dreier seg om rytmie og dynamikk i smashrørsla eller sagt på ein annan måte kraft- og tidsfaktoren i smashrørsla.

Röthig (1970) meiner dei viktigaste oppbyggjande 'beskrivbare' kjenneteikna til rytmie er gjentaking, inndeling/organisering og betoning eller aksentuering. Betoneringa i ei rytmisk

rørsle er ordna med omsyn til tid og i volleyballsmashen vil betonringa etter mitt skjønn vere i starten av satsen og slaget, betonringa/aksentueringa vil oppstå i det ein set inn kraft. Grunnlaget for rørlerytmen er derfor muskeldynamikken og den ulike aksentueringa til denne i den totale rørsla. Innlemma i rørlerytmen er derfor aksentueringa i samband med muskeldynamikken i rom - tid forløpet. I fylje Waadeland (2000) vil rørsla akselerere mot aksentane, dette vil gje ei god 'opptakt' til muskelkontraksjonen.

Generelt blir rørlerytme oppfatta som den spesifikke, karakteristiske tidsordninga i eit motorisk forløp. Denne tidsordninga refererer seg til delprosessane som er forbunde med kvarandre i smashrørsla og ordninga av desse i 'fasestrukturen' (Meinel & Schnabel, 1977 ; Summers, 1977). God 'timing' i smashrørsla har stor betyding for prestasjonsnivået. " Higher levels of skill appeared to be characterized by more effective temporal structuring and in particular less variability of the events placed in a temporal sequence" (Glenncross, 1970, s.236).

I den asyklike smashrørsla vil gjentakinga vedrøre den enklaste rytmiske forma som består av dei tre elementa; opptakt-aksent-etterslag. Denne forma finn vi i forløpet til ein muskelkontraksjon, altså ein delimpuls. Det er eit forløp av slike muskelkontraksjonar som til saman skapar volleyballsmashen - det som gjentek seg er altså muskel-kontraksjonar.

## **2.10 Den urytmiske volleyballsmashen**

For ei urytmisk smashrørsle er det karakteristisk med ei vedvarande muskelspenning eller muskelspenning på feil stad. Den ikkje-rytmiske rørsla har eit forløp som reint motorisk går hit og dit utan opptakt og slutt og utan pause, den krev mykje kraft og er anstrengt og har ingen restitusjonsfase. Når smashrørsla vert anspent til feil tidspunkt vil den vise seg som om 'noko ikkje stemmer'.

## **2.11 Er rytmen i den funksjonelle eigenskapen og verknaden av den ekspressiv eigenskapen i volleyballsmashen – to sider ved same sak ?**

Ofte vil det funksjonelle og det ekspressive i ein volleyballsmash smelte saman fordi ei funksjonell rytme også vil vere eit godt utrykksmiddel for ein hensiktsmessig teknikk (Rønholt & Rønholt, 1983). Stene (1989) og Schwanda (1969) hevdar på same måte at det funksjonelle og det ekspressive er to sider ved same sak og innbyrdes avhengig av kvarandre. Aukar den funksjonelle prestasjonen, aukar også den ekspressive verknaden. Den funksjonelle eigenskapen har med effektiviteten av rørsla å gjere sett i relasjon til ei oppgåve. Den ekspressive eigenskapen har med den opplevinga å gjere som rørsla gir til dei som ser på, eller dei som utfører rørsla. Med andre ord vil ei smashrørsle som ser 'fin ut' også vere funksjonell. Rytme som funksjonsmiddel i ei rørsle er eit kvalitativt særmerkje, men rytme i seg sjølv seier ikkje noko om kvalitet (Grosser & Neumaier, 1982).

## **2.12 Bruk av rytme i læringsprosessen av rørsler**

I ein treningsituasjon vil utøvar ofte både lære eksplisitt og implisitt (Ronglan, 2008). Slik kan det også vere når ein brukar rytme i innlæring og automatiseringa av rørsler. Rønholt & Rønholt (1983) meiner at ved å fokusere på rytmen under innlæring og trening av teknikk vil bruk av ei pålagt rytme i form av musikk lette innlæringa og lettare få betre 'flyt' i teknikken. Dette vil etter mitt skjøn vere tilfelle om rytmen i musikken samsvarar med det 'rytmiske skjema' til teknikken. Volleyballsmashen er ei asyklisk rørsle og difor vil det vere vanskeleg å finne eigna musikk.

Dilthey (1972) meiner at skal ein lære ei rørsle frå nytt, er oppfatting og fastsettjing av rørslerytmen det mest avgjerande steget i læringsprosessen. Det er derfor viktig at ein prøver å formidle det rette 'rytmiske skjema' før ein vektlegg einskilde delar av rørsleforløpet og kroppshaldninga i bestemte fasar. Ein må gje rom for individuelle variasjonar i de 'rytmiske skjema' elles kan rørsla bli 'kunstig' for utøvar. Læringa av det 'rytmiske skjema' skjer best når ein markerer rytmen akustisk, gjerne i samband med rørsledemonstrasjon. Den som skal lære må på den måten konsentrere seg om rytmen. Vidare må den som skal lære rørsla bli understøtta rytmisk medan han utfører

rørsla, dette vert kalla 'rytmiserande læremåte'. Rørsla vert lært som ein heilskap, alle element og relasjonar vert oppfatta som ei eining. Avspenninga i mellomfasane må vere utgangspunkt for korrektur . Clynes (1986) legg også vekt på betydinga av avspenning og uttrykkjer det slik: "There is increasing evidence that relaxation is a prerequisite to successful learning activities..." (s.233).

Fetz & Ballreich (1974) meiner at bare lærte rørsler kan vere rytmiske. Det skulle bety at først når du har automatisert volleyballsmashen blir den rytmisk.

### **2.12.1 Kommunikativ funksjon til rørslerytmen**

Eininga av objekt- og subjektrytmar dannar grunnlaget for den kommunikative funksjonen til rørslerytmen. Den gjer det mogeleg å oppfatte og vidareføre rytmar frå eit førebilete, mellom anna akustiske rytmar som føresetnad for ei akustisk - rytmisk opplæring. Denne eininga av objekt- og subjektrytmar er grunnlaget for den kommunikative og strukturprega funksjon til rørslerytmen i idrettsleg praksis, særleg i motorisk læringsprosess: der rytmen til ei rørsle må oppfattast subjektivt i læringsprosessen og la objekt- og subjektrytmen bli ei eining.


### **2.13 Har ulike individ ulik 'beredskap', for rytmiske rørsler ?**

Rytmen i idrettslege rørsler vert prega av, både generelt og spesielt, bestemte betingingar i den menneskelege motorikken. Det dreier seg om grunnleggjande biomekaniske og biologiske betingingar. Rørslerytmen vert påverka av oppbygginga av det menneskelege rørsleapparatet, slik som rørslemulegheitene til ledda og muskelstyrkeforholdet knytt til dei einskilde ledda og forholdet mellom antagonistar og agonistar (den 'resiproge innervasjon'). Den fysiologiske betinginga for rørslerytmane er også viktig, den rytmisk-alternerande verkemåten til skjelettmusklane vert styrt av dei koordinerande nervesentrum. Samspel mellom indre og ytre krefter ( tyngdekraft, sentripetalkraft og reaktive krefter) kjem fram i rørslerytmen. Psykomotoriske forhold spelar også ei viktig rolle i utføringa av rytmiske rørsler.

Röthig (1970) meiner at det er ein føresetnad for den rytmiske rørsleåtforda at det finst ein indre beredskap for rytme - ein indre aktivitet i personen. Om grunnlaget for denne

beredskapen er biologisk eller miljøbetinga er uklart, men dei fleste vil vel seie at vi er ulike også med omsyn til denne beredskapen. Batalha & Macara (2007) uttrykkjer det slik: ” We all have the intuition that rhythmic factors and different people exhibit different rhythmic behaviors” (s.29).

Kjørmo (1987) har laga ein modell for å illustrere ’beredskap’ i forhold til bestemte rørsleoppgåver og meistring av desse oppgåvene.



**Figur 5.** Ei skjematiske framstilling av ’beredskap’ som mellomliggende individvariabel i relasjon til bestemte rørsleoppgåver og visse åtferdsmessige kriterium i situasjonen.  
(*S = stimuli/situasjon, O = organismen, R = reaksjon/åtferd*) (Kjørmo,1987, s.3)

I denne ’beredskapen’ som Kjørmo illustrerer i Figur 5 kan dei personlege mulegheitene som kvart individ har til å gjere rørsler rytmisk funksjonelle inngå. ’Rhythmic ability’, ’Rhythmic capacity’, ’General rhythmic motor capacity’, Rytmisk sans’, ’Rytmiske eigenskapar’, ’Rhythmusfähigkeit’, ’Rhythmisierungsfähigkeit’ og ’rytmisk ferdigkeit’ er omgrep som er mest brukt i litteraturen for å forklare individuelle meistringar av rytmiske rørsler og som kan inngå i denne ’beredskapen’. Omgrepbruken i forhold til rytmiske personlege mulegheiter er omfattande og komplisert og det å få fram alle desse ’forståingane’ ser eg for meg som eit for ambisiøst prosjekt. I det vidare arbeidet vil eg byggje på sentral tysk og engelsk idrettslitteratur, norsk og annan skandinavisk litteratur om emnet er det relativt lite av. I forhold til mine problemstillingar er det viktig å belyse kva denne ’beredskapen’ kan vere og kor mykje som er knytt til medfødde disposisjonar eller erfarings- og treningsbaserte endringar.

## **2.14 Kva ligg i dei ulike subjektive rytmiske omgrepa ?**

### **2.14.1 Rhythmic ability.**

'Rhythmic ability' er ein av dei koordinerande 'abilities' som er vurdert som viktig for utvikling, utføring, og læring av 'motor skill' (Thomas & Moon, 1976).

I fylje Schmidt & Lee (2005) er 'ability' hypotetisk konstruert og vert definert som nedarva, relativt varige og stabile karakterdrag hos individ som ligg bak eller støttar ulike typar av aktivitetar eller ferdigheiter. 'Ability' blir vanlegvis sett på som genetiske bestemt eller utvikla gjennom vekst og modning og dei kan ikkje lett endrast gjennom trening eller erfaring. Dei representerer den 'bagasjen' vi har med oss som bestemmer om ei gitt motorisk handling kan bli utført godt eller dårlig. 'Ability' ligg bak eller underbyggjer bestemte 'skill'. 'Skill' kan bli modifisert ved trening eller erfaring (s.275).

Det er vanskeleg å finne ein definisjon av 'Rhythmic ability' sannsynlegvis fordi ein ikkje heilt veit kva som ligg i omgrepene og kor mykje som kan relaterast til 'Black Box'. Men om ein les forskingslitteratur der 'Rhythmic ability' er tema vil ein kunne få ein peikepinn på nokre av dei faktorar som ein meiner inngår i omgrepene. Schmidt & Wrisberg (2001) og Schmidt & Lee (2005) er sentral litteratur i forhold til motorisk kontroll og utføring av rørsler, dei brukar liten spalteplass på rytmene, men tek opp faktorar som andre meiner kjem inn under 'rhythmic ability' som til dømes timing. Smoll (1973) definerer 'rhythmic ability' i forhold til timing som evna til å vere i eit spesifikt punkt i rommet på eit spesifikt tidspunkt.

I det vidare arbeidet med 'Rhythmic ability' vil eg ta med Schmidt & Lee (2005) sin forståing av 'ability' der det ikkje eksplisitt er skrive kva 'Rhythmic ability' er og inneber. Thackray (1969b) brukar fleirtalsnemninga 'Rhythmic abilities' som han operasjonaliserte i eit testapparat som inneheldt: " 1. Rhythmic perception (aural) 2. Rhythmic perception (visual) 3. Rhythmic performance (finer movements) 4. Rhythmic movement (gross body movements)" (s.144). Testane var stort sett respons på rytmiske stimuli vurdert av eit domarpanel. 'Rhythmic abilities' slik Thackray (1969b) ser det dreier seg om korleis utøvarar responderer på rytmiske stimuli. Ofte blir 'rhythmic ability' definert i forhold til utføring av standariserte rytmetestar.

I fylle Martin (1988) gjer 'rhythmic ability' det lettare å forstå og hugse rørsla si tids- og dynamiske struktur, og modularar utføringa av rørsla.

Zachopoulou, Derri, Chatzopoulos, & Ellinoudis (2003) oppsummerar etter sin gjennomgang av litteratur om 'rhythmic ability' at sjølv om det har blitt forska på effekten av modning og trening i forhold til 'rhythmic ability' viser studia motstridande resultat. Det er difor vanskeleg å hevde at modning betyr meir enn trening for å forbette 'rhythmic ability'. Men likevel vil dei understreke at ei forbetring av 'rhythmic ability' betrar born si rørslekoordinering.

Haskell (1993) i (Zachopoulou, et al., 2003) meiner rytme er frå først av bearbeidd i dei lågare delane av hjernen som regulerer dei lågare funksjonsnivåa. Fordi hjernen utviklar rytme på eit mykje lågare nivå enn tankane er responsar på rytme sett på som medfødd.

#### **2.14.2 'Rhythmus- und Rhythmisierungsfähigkeit'**

Samspel mellom nerve- og muskelsystemet vert styrt ved at hjerna/sentralnervesystemet bevisst eller ubevisst koplar inn dei musklane og det talet på motoriske einingane som trengs for å utføre den rørsla vi bestemmer oss for å gjere. 'Rhythmus- und Rhythmisierungsfähigkeit' kjem i tysk idrettslitteratur ofte inn under omgrepene 'Koordinative Fähigkeiten'. 'Koordinative Fähigkeiten' er hypotetiske, teoretisk og logisk konstruert og ikkje direkte synbare eigenskapar men det er akseptert av mange at dei eksisterer. 'Koordinative Fähigkeiten' er motoriske eigenskapar som ligg under og regulerer rørlene, desse eigenskapane kjem inn under det som vert kalla 'Black-Box' (Schnabel, Harre, Krug, & Borde, 2003). Kosel (2001) meiner at 'Koordinative Fähigkeiten' ikkje er medfødde, dei må lærest og bli vidareutvikla gjennom koordinasjonstrening. Utviklinga deira er avhengige av biologiske modningsprosessar, omfang og kvalitet på rørsleaktivitetane og miljømessige faktorar. Dette er den allmenne oppfatninga hos tyske idrettsforskarar og dei fleste stiller ikkje spørsmål om desse 'Fähigkeiten' er medfødde eller kan endrast ved trening.

'Rhythmisierungsfähigkeit' vert av Meinel & Schnabel (2007) definert som: „... einen von außen vorgegebenen Rhythmus<sup>2</sup> zu erfassen und motorisch zu reproduzieren sowie

den ”verinnerlichten”, in der eigenen Vorstellung existierenden Rhythmus einer Bewegung in der eigenen Bewegungstätigkeit zu realisieren” (s.227).

**Det første aspektet i** definisjonen handlar om å omsetje akustiske (som oftast musikk) så vel som visuelt gjevne rytmar (som til dømes rørsleførebleter) til eigne kroppslege rørsler. Dans, Rytmisk Sportsgymnastikk, kunstløp på skeiser og frittståande turn er eksempel på idrettar som kjem under det første aspektet i definisjonen. Hotz (1991) kallar dette aspektet for ’Rhythmusfähigkeit’.

**Det andre aspektet av ’Rhythmisierungsfähigkeit’** dreier seg om ei intern ’sjølvorganisering’ eller sjølvbestemt rytme i rørsleutføringa. I denne samanhengen vil det å ha ei rørsleførestilling som eit ’indre bilet’ vere avgjerande for rørsleutføringa si dynamiske veksling i tid. Den kinestetiske informasjonen vil vere særleg betydningsfull for oppfattinga av ’rytmebiletet’ av rørsla. Hotz (1991) kallar dette for ’Rhythmisierungsfähigkeit’ der timing (bevisst eller ubevisst) av dei forløpsbestemmande impulsane i rørsla er vesentleg. Etter mitt skjønn vil dette andre aspektet av ’Rhythmisierungsfähigkeit’ vere mest aktuelt i samband med volleyballsmashen. Eit av spørsmåla vil vere om erfaring i forhold til Hotz (1991) sin ’Rhythmusfähigkeit’ vil ha positiv effekt på ’Rhythmisierungsfähigkeit’. Dette er eit av dei tema som vert omhandla i forhold til empirien i denne oppgåva.

Dannemann (1985) tek i ein artikkel opp koordinasjonstrening for volleyballspelarar. Han skil ikkje mellom ’Rhythmisierungs- og Rhythmusfähigkeit’ og definerer dei som: ”Die Fähigkeit , den charakteristischen dynamischen Wechsel eines Bewegungsablaufs zu erfassen und diesen im Handlungs vollzug zu realisieren” (s.17). Han er altså oppteken av den dynamiske vekslinga i rørsleforløpet og realiseringa av dette i rørsleutføringa. Han meiner at ’Rhythmisierungs- og Rhythmusfähigkeit’ har størst betydning for serve og smashtillaupet som har ei tydeleg rytme, vert denne rytmene forstyrra oppstår det ofte ein feil. Utan empirisk grunnlag og høgst subjektivt meiner Dannemann (1985) at ’Rhythmisierungs- og Rhythmusfähigkeit’ har betydning for alle teknikkane i volleyball men mindre viktig enn andre ’fähigkeiten’.

### **2.14.3 Rytmisk sans**

I fleire samanhengar møter ein på omgrepene 'rytmisk sans'. Jaques-Dalcroze (1945/1981) i Juntunen (2004) forklarar rytmisk sans som "... the capacity to feel or 'sense' the time between movements, and is connected to the ability to control the variations of the elements of time, space, and energy in movement" (s.26). Jaques-Dalcroze var overbevist om at rytmisk sans hos alle born kunne bli utvikla ved gjentekne øvingar (Juntunen, 2004).

Raczek (1992) i Chalupka et al. (2007) brukar også 'The sense of rhythm' og skriv: "The sense of rhythm of movement is one of the fundamental co-ordination abilities of people" (s.27). Mlodzikowska og Tukiendorf (1991) i Chalupka et al. (2007) brukar omgrepet 'motor sense of rhythm'. Både Raczek, Mlodzikowska og Tukiendorf brukar omgrep utan å klargjere kva omgropa inneber. Mange har ei implisitt forståing av kva omgropa tyder men klarer ikkje å gjere omgropa eksplisitt, omgropa er vanskelege å operasjonalisere. Omgropa vert brukt om lag på same måten som Jaques-Dalcroze brukar 'rytmiske sans'.

### **2.15 Rytmisk ferdigheit – ei oppsummering**

Det er vanskeleg for ein 'amatør' å sjå dei store ulikskapane mellom omgropa 'rhythmic ability', 'Rhythmisierungsfähigkeit', 'rhythmic sense' og 'motor sense of rhythm' og det ein på norsk kallar rytmisk ferdigheit. I mange samanhengar meiner eg å sjå at omgropa blir brukt synonymt med mi forståing av rytmisk ferdigheit, der ferdigheit er forstått som evne slik Gjerset et al. (2001) skriv: " Vi kan si at ferdigheter viser seg i evnen til å løse en bevegelsesoppgave. Jo betre oppgaven blir løst rent teknisk, desto bedre ferdighet må vedkommende utøver ha" (s.279).

Rytmisk ferdigheit må finnast då det er så mange som brukar det meiner Waadeland (2000).

I 'rhythmic ability' skil ein ikkje så tydeleg mellom rytmisk rørsle som respons på rytmiske stimuli og 'sjølvproduserte' rytmiske rørsler som ein gjer i 'Rhythmus- og Rhythmisierungsfähigkeit'. Det er framleis uklart om rytmisk ferdigheit brukt i dans og

musikk er den same rytmiske ferdigheiten som vert brukt i idrettslege rørsler. Sidan det er uklart om rytmisk aktivitet som response på rytmiske stimuli kan samanliknast med 'sjølvprodusert' rytmisk aktivitet kan det vere formålstenleg å bruke omgrepet rytmiske ferdigheiter til ein ser resultata frå empirien.

Om rytmisk ferdighet er medfødd og bare kan utviklast gjennom vekst og modning eller at rytmisk ferdighet byggjer på medfødde disposisjonar som kan utviklast gjennom rytmisk trening viser forskinga motstridande resultat om.

Martin (1982) meinte rytmisk ferdighet vart utvikla i perioden frå 6-13 år med ei spesiell sensibel fase frå 9-11 år medan Martin (1988) meiner rytmisk ferdighet vert utvikla i alderen 4-7 år. Kva som gjer at han har endra meining kjem ikkje klart fram, men som mykje anna i samband med rytme og rørsle er også dette uklart.

Sjølv om ei velkoordinert rytmisk rørsle viser seg som tilsynelatande enkel er den like fullt eit resultat av ein djup indre kompleksitet som er vanskeleg å lære ved hjelp av eksplisitte strategiar. Rytmisk ferdighet ser også ut til å vere så komplisert at implisisitte strategiar som prøving og sjå på andre må brukast i innlæringa. Eksplisitte strategiar som å bruke rytmeord i innlæringa av smashtillaupet er ikkje tilstrekkeleg for å få den rette rytmien. Spørsmålet er i kva grad rytmisk ferdigkeit er knytt til det medvitne eller umedvitne.

## **2.16 Rytmiske rørsler i eit sjølvorganisert system**

Ein av dei nyare teoriane om rytmiske rørsler går ut på at kroppen er eit sjølvorganisert system. I fylje Haukvik (2000) inneber prinsippet om eit sjølvorganisert system at ein ser CNS integrert i eit system der ein ikkje har ein fast hierarkisk ordning. I staden er dei ulike funksjonane eller elementa i konstant interaksjon. Rørsleløysinga er soleis eit resultat av denne interaktive prosessen snarare enn at ein overordna funksjon har pålagt dei underordna å utføre ei førehandsprogrammert rørsle. Den viktigaste innvendinga er den tilsynelatande reduserte rolla til CNS. Sjølvorganisering inneber imidlertid på ingen måte at ein kan eliminere CNS's funksjon; at ein kan skilje hovudet frå kroppen og like fullt skape koordinert åtferd.

## **2.17 Rytmiske rørsler sett i lys av teoriar om motorisk kontroll og utføring**

I utgangspunktet ser eg ikkje nokon forskjell i nevro-muskulær virkemåte på korleis rytmiske rørsler og andre rørsler vert utført og kontrollert. Det er laga modellar for korleis ein kan tenkje seg at utføring og kontroll av rørsler kan arte seg. Med utgangspunkt i Schmidt & Wrisberg (2000) og Schmidt & Lee (2005) vil eg nemne nokre teoriar med tanke på rytmiske rørsler.

'Closed loop teori' er basert på exteroceptiv og proprioceptiv sanseinformasjon frå rørsla til CNS, informasjonen vert samanlikna med tidlegare 'forsøk' og justert. Informasjonen kan vere både medviten og umedviten. Informasjon om timing, aksentuering og dynamikk vil vere sentrale i forhold til rytme. Vil kunne brukast for å kontrollere langsame rørsler då feedback går seint. Vil det bety at ein kan bruke denne teorien i innlæringa av teknikkar ?

'Open loop teori' kjem inn under kategorien 'sentral kontroll' av rørsler. Instruksjonane som skal styre rørsla er strukturert på førehand og vert utført utan feedback, i denne samanheng brukar ein omgrepet motoriske program. Schmidt & Wrisberg (2001) definerer eit motorisk program som ”en serie motoriska kommandon som är förstrukturerade på beslutsnivå och som fastställer de fundamentala delarna i en skickligt utförd rörelse” (s.241). Keele (1968) i (Gawith, 1980) tek med at rørsla vil bli utført ”uninfluanced by peripheral feedback” (s.1).

Eit motorisk program må vere danna av automatiserte rørsler (Summers, 1977). Det motoriske programmet treng ikkje vere rytmisk funksjonelt. For å få eit rytmisk funksjonelt motorisk program må einskilde føresetnadane bli lagt inn i programmet, nokre av desse føresetnadane kan basere seg på mellom anna rytmisk ferdigheit i innlæringsprosessen . Det motorisk programmet til smashrørsla vert danna av gjentekne smashøvingar, kor godt etablert (konsistent) dette programmet er kan vere avhengig av tal på smashrepeticjonar over tid.

Kva må så vere med i eit motorisk program om det skal vere rytmisk funksjonelt ? Med

utgangspunkt i kva som er forstått som rytmisk ferdigheit og rytme i smashrørsla må mellom anna det fyljande vere med i det motoriske programmet til smashrørsla, rekkefylja av hendingane (kva for musklar som skal koplast inn), relativ timing mellom impulsane og relativ kraft på impulsane (Schmidt & Lee, 2005). Kor lang tid ein brukar på å få etablert eit motorisk program vil etter mitt skjønn vere avhengig av evner/ferdigheiter, det er usikkert om ein har lagt vekt på det rytmiske i innlæringa vil føre til ei raskare etablering av eit rytmisk funksjonelt motorisk program.

Schmidt & Lee (2005) brukar 'generalized motor program' (GMP) som eit motorisk program for spesielle grupper av rørsler som er lagra i minnet. Kan det vere slik at GMP vil inneholde ein del element frå rytmiske aktivitetar som kan vere eit overordna nivå i forhold til danning av spesielle motoriske program som til dømes volleyballsmash ? I fylje Schmidt & Lee (2005) er impuls sentralt i GMP slik det også er i rytme og i volleyballsmashen.

## **2.18 Rytme og ballhastigkeit**

Ballhastigheita etter smashen er ikkje eintydig eit resultat av hastigheita til handa rett før ballkontakt, men heller i kor stor grad ein klarer å fiksere dei involverte ledda i idet ein treffer ballen slik at ikkje noko kinetisk energi forsvinn i ettergiving av ledda. I eit studie av serve fann Tant, Greene, & al.(1993) at forskjellen mellom hastigheita til slagarmen og ballen etter slag var 6,1m/s. Ballen vil alltid forlate handa med ein hastigkeit som er høgre enn handa, på grunn av overføring av massefart frå ei tung hand til ein lett volleyball (Tant, et al., 1993). Den horisontale rørsla til tyngdepunktet i svevet vil også bidra positivt til ballhastigheten. For å få ei optimal ballhastigkeit må delane i smashrørsla og kroppssegmenta ha god timing i høve kvarandre, ei god timing (slik Figur 3 s.39 viser) kan ha med rytmiske forhold å gjere.

## **2.19 Rytme og stabilitet**

I eit studie av 'forhand' grunnslag i tennis der Zachopoulou & Mantis (2001) ville bestemme effekten av 'rhythmic ability' på utføringa av motoriske ferdigheiter testa dei desse to parametra 'rhythmic accuracy' og 'maintenance of rhythm' som dei meinte var

'Rhythmic ability'. Eksperimentgruppa gjennomførte rytmisk trening i 10 veker og i forhold til kontrollgruppa hadde dei signifikant framgang i 'rhythmic accuracy'. Stabiliteten i 'forhand' grunnslaget hos dei som hadde rytmisk trening blei signifikant forbetra. 'Forhand' grunnslag i tennis og volleyballsmash er begge asyklike rørsler og forhand grunnslag i tennis må etter mitt skjønn også ha eit 'rytmiske skjema'. No er det uklart kva rytmisk trening som vart gjennomført i dei 10 vekene – var det generell rytmisk trening eller var det spesiell rytmisk trening med tanke på grunnslag i tennis ? Men når rytmisk trening betra stabiliteten for grunnslaget i tennis er det ikkje urimeleg å tru at dette også ville vere tilfelle for stabiliteten til volleyballsmashen.

## 2.20 Har musikarar, dansarar og idrettsfolk rytmens felles ?

Det er delte meininger om det er den same rytmiske ferdigheita som er underliggende for dei rytmiske rørlene i aktivitetar som musikkutøving, rørsle til musikk og idrett.  
"... it is often felt that dancers or musicians who exhibit a decided amount of motor rhythm in their own fields do not demonstrate a like amount of skill in sport" (Huff, 1972, s.197).

To eldre studium viser at det kan vere ein samanheng mellom dans og idrettslege rørsler. Thomas i (Barnard, 1964) fann høg samanheng mellom dansefaring og ferdigheiter i motor rytmar og Huff (1972) konkluderte etter sitt forsøk med at dansarar og idrettsutøvarar har noko felles, god styring av rørlene, rytmisk organisering av rørlene og oppfatting og antisipering av rytmar.

Eit sentralt spørsmål vil då vere i kva grad deltaking i musikk og dans vil vere med på å utvikle rytmisk ferdigheit slik vi brukar den i idrettslege rørsler ? Det har vore vanskeleg å finne nyare relevante studium i høve effekt av deltaking i musikk eller rørsler til musikk på asyklike idrettslege rørsler og volleyballsmash, så ein muleg samanheng vil i stor grad vere av teoretisk/hypotetisk art.

## **2.20.1 Utøving av musikk som rytmisk aktivitet**

Å utøve musikk (spele eit instrument eller syngje) er ei kompleks åtferd. Boyle & Radocy (1987) har på bakgrunn av musikktestar og kva musikklærarane er opptekne av å utvikle hos studentane sett opp fire åtferdskategoriar i musikk;

- a) åtferder som går på utføring (instrumentalt eller vokalt),
- b) åtferder som går på lesing og skriving av notar,
- c) åtferder som går på lytting (rørsle til musikk, emosjonelle responsar og analytiske forhold),
- d) andre kognitive åtferder i forhold til musikk, musikkarar og musikk fenomen (struktur og element, historie osv.)

Inndelinga i desse kategoriane er sjølvsagt ei forenkling, i røynda overlappar og kombinerer dei med kvarandre. Under alle åtferder ligg perceptuelle, kognitive og affektive basisar, sjølv om desse vanlegvis er umedvitne (Boyle & Radocy, 1987).

Kva betyding kvar av dei før nemnde åtferdene i musikk har på den rytmiske beredskapen i forhold til grovmotoriske rørsler som volleyballsmashen er vanskeleg å seie. Eg trur at to forhold kan ha ein viss effekt, perceptuelle og senso-motoriske. Ein musikar kan seiast å vere lyttar til eigen musikk, men eg vil skilje mellom dei to omgrepa respondere på rytmefølelse og produsere rytmefølelse. Sjølv om omgrepa har svært mykje felles, vil eg gå meir inn på omgrepet rytmiske responsar til musikk når eg ser på rytmisk erfaring i forhold til rørsle til musikk og dans. Etter mitt skjøn vil det å produsere rytmefølelse krevje eit meir bevisst forhold til dei rytmiske komponentane enn det å respondere på auditive rytmefølelsar. Dette er Gabrielsson (1979) også inne på når han skriv: "...- the responding person is usually not aware of different components of the rhythm response" (s.77).

I fylje Thackray (1969a) er det ein nær parallel mellom rytmiske rørsler involvert i instrument spel og rytmiske rørsler i dans.

Sawyer (1985) meiner at det fysiologiske elementet i framføringa er ei sak mellom synkronisering og integrering gjennom ein 'sentral kontroll'. Eg vil tru at denne 'sentrale kontrollen' er meir av psyko-motorisk karakter. Ein kan ikkje ignorere rytmefølelsen i den 'sentrale kontrollen' som er nødvendig for ein god prestasjon, for rytmefølelse kan ikkje

oppstår perifert. "A fundamental rhythm is this control" (Sawyer, 1985, s.207).

Spørsmålet er då om rytmisk erfaringa frå utøving av musikk og bevisstgjeringa av ein 'sentral kontroll' kan sjåast i samanheng med kvaliteten på ein volleyballsmash? Og om denne 'sentrale kontrollen' kan ha noko med rytmisk ferdigheit å gjera? Empirien vil kanskje gi ein peikepinn på dette.

## **2.20.2 Fenomenet rytme i dans og 'bevegelse til musikk'**

Kva ligg i omgrepa dans og "bevegelse til musikk"?

Å finne ein definisjon som omhandlar alle former for dans er ikkje lett fordi ei danseform kan tene forskjellige formål i ulike situasjonar. Kraus & Chapman (1981) definerer dans som:

*Dans er en kunst utført av individer eller grupper av individer, den eksisterer i tid og rom, den menneskelige kropp er instrumentet og bevegelse er mediet.*

*Bevegelsen er stilisert, og hele dansen er karakterisert ved form og struktur. Dans utføres oftest til musikk eller annet rytmekompagnement og har som primærhensikt å uttrykke indre følelser og emosjoner, selv om den oftest utføres med sosiale, rituelle, underholdnings- og andre formål.*

(Oversett frå Kraus & Chapman, 1981, s.16)

Som definisjonen uttrykkjer er dans primært rørsler der ekspressive aspekt er meir framtredande enn funksjonelle aspekt.

'Bevegelse til musikk' har etterkvart blitt eit omgrep med stadig meir omfattande innhald. I yste fall vil dans også kome inn under dette omgrepet. I praksis kan det ofte vere vanskeleg å skilje mellom kva som er dans og kva som er 'bevegelse til musikk', særleg grense - tilfella. Ta for eksempel 'Ritmisk Sportgymnastikk' (RS), den inneholder element frå både ballett og turn. RS inneholder ekspressive element som gjer at den kan oppfattast som dans og den inneholder funksjonelle element både i forhold til eit apparat og eiga rørsle.

I denne oppgåva vil eg avgrense omgrepene 'bevegelse til musikk' til stort sett å gjelde den funksjonelle bruken av musikk i idrett og trening som ikkje kjem inn under definisjonen av dans. Grunnlagsmaterialet i min empiri er for lite til å kunne skilje mellom ulike danseformer og ulike rørsler til musikk. I forhold til mi problemstilling vil det vere mest teneleg å setje eit skilje mellom dans og rørsler til musikk der både ekspressive og funksjonelle forhold er med og 'bevegelse til musikk' som utelukkande er fokusert på funksjonelle forhold.

Heretter vil 'bevegelse til musikk' vedrøre bruk av musikk for å utvikle funksjonelle forhold og dans vil innlemme 'bevegelse til musikk' som t.d. RS og kunstlaup på skøyter. I 'bevegelse til musikk' er det dei rytmiske aspekta i musikken som blir ein regulator for rørsla. Dette blir mykje brukt i musikk terapi (Dyreborg, 1972).

### **2.20.3 Dei rytmiske elementa i musikk, dans og 'bevegelse til musikk'**

Engel (1988), Jaques-Dalcroze (1988), Laban i Stene (1989), Bülow (1972) og fleire er av den oppfatning at rytme i musikk og rytme i rørsler til musikk er to sider ved same sak. Dette er også forståeleg fordi rytme i musikk vanlegvis vert skapt av motoriske rørsler, difor vil det vere muleg å gjenskape dei same rytmiske elementa med tilsvarende store grovmotoriske rørsler. Musikaren Jaques Dalcroze (1865-1950) er kanskje ein av dei mest betydningsfulle her, han brukte rytmisk gymnastikk i si musikkundervisning.

Rytme i dans og "bevegelse til musikk" kan forståast på mange måtar, som nemnd tidlegare kan den forståast som eit identisk fenomen som rytme i musikk. Går vi ikkje veggen om musikk for å forstå kva rytme i dans og "bevegelse til musikk" er, har vi fleire synspunkt. Fogerty i Barnard (1964) tolkar rytme som "... no more than coordination" ( s.12).

Fraisse (1981) skriv om 'rytmar i rommet' og 'rytmar i tid'. Rytmiske rørsler føregår i rommet kvar gong kroppen produserer, reproducirer eller akkompagnerer tidsrytmar. Romorganisering handlar om element som er oppfatta relativt samtidig, medan tidsorganisering er oppfatta suksessivt.

## **2.20.4 Rytme er som ofta fleirsanseleg**

Ifylgje Bulow (1972) er dans eit svar på påverking, rørsle er under innverknad av sanseaktiviteten, rørsla er avhengig av sansane si påverkingsgrad. Ved samspelet mellom sansane auditiv, visuell og taktil vert den kinestetiske sansen intensivert og forfina, det resulterer i ei rytmisk flytande rørsle.

Rytme kan opplevast gjennom fleire sansar, Fraisse (1981) og Clynes (1986) meiner at dei fire sansane; auditiv, visuell, taktil og den kinestetiske kan sanse rytmar, men ikkje alle er like godt egna. Dette må føre til at vi kan snakke om auditive, visuelle, taktile og kinestetiske rytmar. I dans eller 'bevegelse til musikk' vil vi kunne oppleve alle desse rytmane. Den auditive rytmien vil ein oppleve gjennom musikken, den visuelle rytmien kan ein oppleve ved å sjå seg sjølv eller andre, den taktile rytmien kan ein for eksempel oppleve gjennom ein partnar. Den kinestetiske rytmien opplever vi inne i oss sjølv, og den kjem til uttrykk gjennom rørsleapparatet når vi dansar eller rører oss på andre måtar. Eit godt samspel mellom dei ulike sansane (sanseintegrasjon) vil bety svært mykje (Clynes, 1986).

Ikkje alle desse rytmane er like sentrale i dans og 'bevegelse til musikk'. Dei auditive rytmene i musikken og dei kinestetiske rytmene i eiga rørsle vil sjølvsagt vere i sentrum. Rytmen i dans og 'bevegelse til musikk' vil difor vesentleg vere eit spørsmål om persepsjon og motorikk.

Som nemnd tidlegare under kapitlet om rytme i musikk kan rytme bli definert som gjentak av eit mønster. Vervaeke, Pauwels, & Willems (1986) hevdar at i tillegg til at dette mønsteret kan vere auditivt, kan det vere motorisk som rytmien i ulike fysiske aktivitetar. Dette vil vere tilfelle i ein del asyklike rørsler som til dømes ein volleyballsmash.

## **2.20.5 Kva for rytmiske element er sentrale i dans og 'bevegelse til musikk' ?**

Kva for rytmiske element i musikken som i hovudsak er styrande for rørslene vil variere med dei ulike dansane og kva eigenskapar som skal trenast med 'bevegelse til musikk'. Med utgangspunkt i Sawyer (1985) vil eg setje opp nokre punkt som viser kva for

rytmiske element i musikken som kan vere med å styre rørsla:

- 1) Når musikken tener som eit rytmisk akkompagnement vil rytmen fungere som ein regulator som bestemmer meter og tempo.
- 2) Når ein prøver å synkronisere rørslene med musikken vil ein prøve å synkronisere med: Meter eller grupper av slag, tempo, fraser, aksent, dynamikk, grunnrytme.
- 3) Når musikk og rørsle er like uttrykksfulle vil det oppstå ein spontan samtidig impuls som vil forsterke rørslekvalitetane.
- 4) Grunnrytmen i musikken er eit slags haldepunkt for improvisasjon i rørslene.

Sawyer (1985) fann at dei tre rytmiske elementa frasering, dynamikk og tempo er sentrale i dans. Desse verkar sjølvsagt på kvarandre; frasering avhenger av og påverkar dynamikken, og feil tempo kan øydeleggje fraseringa. Er tempoet for høgt slik at impulsane kjem for tett får vi heller ikkje utvikla nokon muskulær rytme. Vi er avhengig av ei sterk pulskjensle for å ordne aksentar slik at dei passar mønstret og rytmene i frasa. Rytmen må springe ut frå denne sterke pulskjensla elles vil vi få ei 'perifer framføring'.

*In dance, by rhythmic structure we mean the organization of the time and intensity of performance. However, we must stress that the time component is fundamental. While the intensity component is always present marking the structures in a more qualitative manner than the time forms, ... (Batalha & Macara, 2007, s.29)*

Batalha & Macara (2007) meiner at tidskomponenten går meir på det artistiske, ekspressive og kommunikative som er viktig i dans medan i idrettslege rørsler synest intensitetskomponenten i rytmisk struktur å vere viktigare.

## **2.20.6 Persepsjon av rytme i dans og 'bevegelse til musikk'**

Ikkje alle sansar er like godt eigna til å persipere alle aspekt som vedrører rytme. Persepsjon av rytmiske grupper eignar seg best for den auditive, visuelle, taktile og kinestetiske sansen. Den kinestetiske sansen eignar seg ikkje så godt til å persipere ei rekkefylje. Den auditive, taktile og visuelle sansen treng eit minimum av tid for å persipere ei rekkefylgje dvs. registrere tida mellom to stimuli i det same sanseområdet.

Tida mellom to stimuli ser ut til å ha fylgjande minsteverdiar: 2 msec mellom to identiske lydar, 10 msec mellom to berøringar og 100 msec mellom to visuelle stimuli (Fraisse, 1981, s.220-221). Den mest betydningsfulle sansen i dans og 'bevegelse til musikk' er den kinestetiske sansen (Fraisse, 1981; Jaques-Dalcroze, 1988).

## **2.20.7 Ferdigheitsområde i rørsler til musikk**

Ein rytmeforsvar til musikk kan vere både fin- og grovmotorisk eller begge delar. Det er ikkje einigkeit om det kan vere overføringsverdi frå fin- til grovmotoriske aktivitetar, jf. spele eit instrument i forhold til å danse, fleire meiner det er liten overføringsverdi, mellom dei er Thackray (1969a).

Ferdigheitsområdet i rørsle til musikk er komplekst. Vervaeke et al. (1986) set opp fem ferdigheiter som dei meiner er viktige i forhold til dans (desse ferdigheitene heng saman og verkar på kvarandre):

- 1) Ferdigheiter i forhold til i kva grad ein klarer å overføre den rørsledynamikken ein observerar hos andre personar i rørsle til eiga rørsle (kinaesthetic empathy).
- 2) Ferdigheiter i forhold til persepsjon av kva som skjer i eigen kropp, andre personar i rørsle, eller musikken). I persepsjon av eigen kropp kan vi skilje mellom ferdighet til å oppfatte ulike faktorar som bestemmer den dynamiske rytmekvaliteten som: styrke, akselerasjon, retardasjon, og aspekt som vedrører rommet.
- 3) Ferdigheiter i forhold til å kunne analysere ei rørsle og til å lage ein indre førestilling om rørslestrukturen.
- 4) Ferdigheiter i forhold til å utføre rørslestrukturar.
- 5) Ferdigheiter til å koreografere.

Engel (1988) nemner ein del aspekt som kvar einskild har mulegheiter til å utvikle gjennom dansen; allsidig kroppsørsle i rytmiske forløp, rytmisk rørsle og uttrykk, utvikle kroppsbevisstheit og kroppskjensle, utvikle samspelet mellom kropp og psyke, funksjonell kroppsbruk, dynamikk, kjensle for tyngde, bevisstheita om kroppssentrum, bevisstheit om impulsar og kvar rørsla startar i kroppen, arbeide i forhold til tyngdekrafta, koordinasjon av armar og bein, isolerte rørsler i forhold til kroppssentrum, økonomi, bevisstheita om at rørsla forplantar seg frå store muskelgrupper til små

muskelgrupper (ei slags sentralrørsle), bevisstheit om og trening av den kinestetiske sansen som 'råmaterialet' i all rørsle og dans, bevisstheit om grad av muskulær spenning og av tung-lett og sterk-svak, bevisstheit om personleg rom og generelt rom.

Eit for sterkt fokus på element i rørsla vil vanskeleg gjere utføringa. Ein skal heller satse på ei intuitiv forståing av rørsla heller enn intellektuelt eller analytisk. Ei for sterkt fokusering på å halde rytmen vil øydeleggje den instinktive variasjonen i utføringa. Ein må ikkje bli så oppteken av tidsaspektet at dynamikken vert øydelagd (Sawyer, 1985). Intuisjon er brukt på ein slik måte at det bearbeider heilskapen av ein gitt situasjon. Mykje av mekanikken i ei rørsle er ubevisst og umiddelbart ikkje under kontroll av analytiske evne (Engel, 1988).

Det Sawyer (1985) og Engel (1988) er inne på her vil etter mitt skjøn kome inn under omgrep som Michael Polanyis sin 'taus kunnskap' eller som Standal (2004) kallar det 'taus læring'.

#### **2.20.8 Erfaring frå dansen og 'bevegelse til musikk' si betyding for idrettslege rørsler.**

Samanhengen mellom erfaring i aktivitetar som dans og andre fysiske aktivitetar har lenge vore kjent. Det er vanskeleg å finne dokumentasjon frå konkrete forskingsprosjekt som belyser forholdet mellom dans/'bevegelse til musikk' og idrettslege rørsler som dreier seg om kvalitetsmessige/funksjonelle eigenskapar i rørsla. Forskinsprosjekt som tek for seg musikk brukt som motivator m.m er det fleire av.

Widdorp (1968) viser til fleire granskningar som konkluderar med at dans og ballett verkar positivt på prestasjonsevna i andre motoriske dugleikar. Den som klarast uttrykte dette var Gene Kelly i eit fjernsynsprogram (Dancing is a Man's Game) frå New York 21 desember 1959 :

*Dancers and athletes alike possess something very much in common -skill in physical movement, and, more important than that, physical movement in rhythm, although for different reasons. Each must discipline his body and keep it*

*firmlly at his command to react the way he wants it to* (Widdop, 1968, s.752).

Barnard (1964) er også inne på det same når ho skreiv: "The ability to recognize rhythm in any new activity or in other fields must be learned. A muscle well developed and with good tonicity and rhythmic actions in one activity responds the same in other physical activities." (s.12). Barnard (1964) meiner endå til at dans stiller større krav til persepsjon og styring enn andre aktivitetar. I fylje ho skulle dette tyde at deltaking i aktivitetar som dans gir svært positive effektar i forhold til andre "skills", men rytme er meir framtredande i dans.

Mange hevdar at det er ein samanheng mellom dans/rytme og idrett men lite empiri stadfestar det.

### **3 METODE**

#### **3.1 Innleiing**

Val av metodar må gjerast på bakgrunn av fleire forhold, først og fremst på bakgrunn av problemstillingane, kva som skal målast og kven som skal vere med. Men også på bakgrunn av kjende metodar, økonomi, arbeidsmengde, validitet og reliabilitet, tilgjengeleg utstyr og hjelp. Primaert vil fleire valide metodar vere aktuelle for å samle inn dei data eg treng, men ofte må validiteten lide på grunn av praktisk gjennomførbarheit, økonomi, tilgjengeleg utstyr, arbeidsmengde og tid til rådvelde - ein lyt ofte bruke utstyr ein har tilgjengeleg sjølv om betre utstyr finst.

##### **3.1.1 Kva er føremålet med mitt prosjekt ?**

Rytmiske aktivitetar er mykje brukt i volleyball i samband med treninga men det er uklart kva effekt dei har på den tekniske utføringa av mellom anna smashen. Om det var semje om kva den såkalla rytmiske evna/ferdigheita er hadde det vore formålstenleg å teste den og samanlikna den med resultat frå ein smashtest. Men når situasjonen er slik er det vanskeleg å finne ein valid test som kan kvantifisere rytmisk ferdighet. Løysinga eg har valt er å sjå på den rytmiske ferdigheita som ein mellomliggende variabel til ein historiske variabel (rytmisk erfaring) og ein avhengig variabel (smashteknikken). På

denne måten vert rytmisk ferdigkeit som ein slags 'skjult' avhengig variabel til rytmisk erfaring og ein slags 'skjult' uavhengig variabel til smashteknikken.

### **3.2 Design**

Designet har karakter av å vere det som vert kalla 'kvasieksperiment'.

34 kvinnelege volleyballspelarar skal puljevis gjennomføre ein smashtest som består av to delar – 5 godkjende smashar frå posisjon 4 langs lina imot posisjon 1 og 5 godkjende smashar frå posisjon 4 diagonalt mot posisjon 5. Etter smashtesten skal dei svare på eit spørjeskjema om deltaking i dans og musikkutøving pluss nokre utfyllande spørsmål om erfaring i volleyball, annan idrettserfaring og rytmiske forhold. Når forsøket er over skal eg prøve å finne samanheng mellom resultata frå smashtesten og spørjeskjemaet.

### **3.3 Test av smashteknikken i volleyball**

I spel er som oftast hensikta i volleyballsmashen å slå ballen hardt og presist forbi blokk enten langs lina eller diagonalt, eller å treffe opne felt på bana. Å slå ballen hardt og presist kallar Brack (1983) logisk prestasjonsrelevante kjenneteikn fordi dei verkar direkte inn på volleyballkampen. Å vere stabil i prestasjonane er eit anna prestasjon-relevant kjenneteikn som Brack (1983) kallar hypotetisk prestasjonsrelevant då det ikkje virker direkte inn på konkurransesituasjonen men er meir eit mål i treninga.

Konstruksjonen av smashtesten orienterer seg mot dei logisk prestasjonsrelevante kjenneteikna ballhastigkeit som indikator på slagkraft og presisjon og stabilitet berekna ut frå ballhastigkeit.

Det som skal målast er ballhastigkeit og presisjon i volleyballsmashen til eit utval kvinnelege volleyballspelarar. Eg har valt å måle ballhastigkeit og presisjon i to ulike situasjonar, smash frå den mest vanlege angrepsposisjon som er posisjon 4 over nettet langs sidelina mot posisjon 1 og frå posisjon 4 diagonalt over nettet mot posisjon 5. Skal ein smashe forbi blokka er det som oftast desse to mulegheitene ein har og dette ein burde trenere på. Ved å samanlikne data frå desse to ulike situasjonane vil ein få ein peikepinn på forsøket sin reliabilitet. Stabiliteten vert berekna som standardavvik ut frå ballhastigkeit etter 5 kantsmashar og ut frå 5 diagonalsmashar.

Det er vanskeleg å finne nyare standardiserte smashtestar til bruk i volleyball-samanheng. Brack (1983) gjorde eit forsøk på å lage standardiserte testar for alle volleyballteknikkane også for smash men problemet var å måle ballhastigkeit. I litteraturen finst ein del studium av volleyballsmash (Coleman, 1993; Ferris, et al., 1995; Forthomme, et al., 2005; Toyoda, u.å) som alle har brukt ulike metodar og prosedyrar for å måle ballhastigkeit, nokon ved hjelp av high speed videokamera og nokon ved hjelp av radar. Felles for alle desse studia er at dei testar berre ballhastigkeit. Eit studie av Brack (1983) og eit av Buekers et.al (1986) testa berre presisjon mot 'blinkar' på bana. Ingen studium som eg har funne testar både ballhastigkeit og presisjon i same situasjon og forsøk.

I ein situasjon der ein skal smashe står ein ovanfor ein del individuelle og lagtaktiske val, men av erfaring trur eg at dei fleste smashforsøka vert gjort i forhold til motstandar si blokk der ein prøver å slå så hardt som muleg forbi blokka og satsar på å treffe innanfor motstandar sin banehalvdel. Plassering av smashen på spesielle område av motstandar sin banehalvdel er ikkje den mest vanlege handlinga i smashen trur eg. Av spesielle omsyn som eg kjem tilbake til har eg valt å teste både ballhastigkeit og presisjon i same smashforsøket. Dette vil sannsynlegvis gå utover både ballhastigkeit og presisjon, men når testen ikkje skal relaterast til kamp men til utføringa av smash-teknikken meiner eg det kan forsvaret å ha relativt låg økologisk validitet.


Smashtesten er konstruert og skal difor ha høg konstruert validitet og byggjer på øving brukt i trening med kjende omgjevnadar og stabile betingingar. Smashtesten byggjer på smashtesten til Brack (1983, s.65) og er modifisert i forhold til denne på bakgrunn av . økonomi og praktisk gjennomførbarheit, kort gjennomføringstid, tilgjengeleg apparatur, enkel i bruk, gjennomførbar som gruppetest, rask og sikker registrering av informasjon, høgt kvantifiseringsnivå dvs, måling på intervallskalanivå. Testen må kunne brukast på ulikt ferdigheitsnivå, ha tilstrekkeleg vanskegrad for å kunne skilje dei ulike klassane.

### Oppsummering.


I smashtesten skal dette testast: Ballhastigkeit og presisjon for kvar forsøksperson på 5 smashar langs lina og 5 smashar diagonalt.

### 3.3.1 Forsøkssituasjonen

Det blei gjennomført ei forundersøking med studentar på NIH for å prøve ut metodane og instrumenta. Nokre små justeringar vart gjort på prosedyrar og plassering av referanserammer. Figur 6 og 7 under viser forsøkssituasjonane.



**Figur 6:** Forsøkssituasjonen ved testing av smash i posisjon 4 mot posisjon 1. Figuren viser forsøkspersonen si plassering, apparatoppsett, 'blink', viktige mål, funksjonærar og kontrollørar. Netthøgda er 2,24 m. Person A styrté ballmaskina, person B kontrollerte opplegg, person C hadde ansvar for stroboskopplampene, person D var ansvarleg for fotoapparatet, person E noterte score og treffpunkt, person F heldt orden på forsøksperson og forsøksnummer.



**Figur 7:** Forsøkssituasjonen ved testing av smash i posisjon 4 mot posisjon 5. Figuren viser forsøkspersonen si plassering, apparatoppsett, 'blink', viktige mål, funksjonærar og kontrollørar. Netthøgda er 2,24 m. Person A styrté ballmaskina, person B kontrollerte opplegg, person C hadde ansvar for stroboskopplampene, person D var ansvarleg for fotoapparatet, person E noterte score og treffpunkt, person F heldt orden på forsøksperson og forsøksnummer.

Figur 6 viser oppsettet for forsøket ved måling av prestasjonsvariablene ballhastighet og presisjon ved smashar frå posisjon 4 'langs lina' og Figur 7 viser det same ved smashar frå posisjon 4 diagonalt. Det er dei same vurderingane som ligg bak konstruksjonen av dei to forsøkssituasjonane, men 'blink' og apparatoppstilling for måling av ballhastigheit er tilpassa smashretninga. Prosedyrane for gjennomføringa av dei to forsøka er identiske. Netthøgda er i begge situasjonane 2,24 m.

### 3.3.2 Plasseringa og utforming av 'blinkane'

Fleire vurderingar ligg bak plasseringa og utforminga av 'blinkane'. Brack (1983) delte bana i ei stråleform med 4 soner med ulike poeng. For kantsmashar langs sidelina gav sona nærmast sidelina mest poeng, for diagonalsmashar gav sona nærmaste nettet mest poeng. Presisjon i denne testen dreier seg om retning på ballbana etter smash og gjer ikkje forskjell om ein smashar 'bratt' eller langt bak på bana. Buekers et al. (1986) brukte blink som var delt i fire rektangulære område der høgste score var rektangelet

nærmast nettet. Eg hadde valt å bruke oppsettet til Brack (1983) om eg ikkje samtidig med presisjon også skulle måle ballhastigkeit. For å kunne beregne ballhastigheita var det nødvendig å markere treffpunktet på bana på eit skjema (sjå vedlegg 2) slik at ein kunne beregne vinkel i forhold til 'Plan langs lina' og 'Diagonalplan' som representerer 'bildeplanet' i dei to situasjonane – avvik frå 'bildeplanet' vert kalla 'Azimuth' (GolfAchiever, u.å.). Det er lettare å plassere treffet på bana når ein har ein slik 'blink' som Figur 6 s. 67 og Figur 7 s.68 viser. Toppsscore 8 som dei fleste ville sikte imot vart trekt litt ifrå hjørna på bana for å unngå 'redsel' for å slå ballen ut. Elles vart 'blinkane' utforma for å kunne skilje utøvarane godt. For at alle uansett rekkehøgde skulle ha same mulegheit til å treffen 'blink' vart 'blinkane' plassert langt bak på bana.

### **3.3.3 Berekning av ballhastigkeit**


Det var vanskeleg å finne målemetodar der ein kunne finne ballhastigheita direkte og i ein operasjon. Kjende metodar som kan brukast til å måle ballhastigkeit er mellom anna ved hjelp av radar, videoopptak og fotoceller. Dette var utstyr som ikkje var tilgjengeleg eller kravde for mykje tilrettelegging. Eg valde å bruke tilgjengeleg utstyr som fleire på NIH hadde erfaring med.

Metoden eg bestemde meg for å bruke for å berekne ballhastigkeit innebar fleire operasjoner. Fleire operasjoner gir rom for fleire feilkjelder som ein lyt prøve å gjere så små som muleg. Metoden består av desse operasjonane: fotoopptak av smasha ball ved hjelp av fotokamera og stroboskop-blits, framkalling av film til lysbilete, overføring av lysbilete til digitaliseringsbord, plotting av ball og referansepunkt til eit koordinatsystem ved hjelp av eit kartprogram, overføring av koordinatane til eit rekneark der utrekninga av ballhastigkeit vart gjort.

### **3.3.4 Fotoopptak av ball i flukt etter smash ved hjelp av fotokamera og stroboskop-blits.**

Fotoopptak i kombinasjon med stroboskop-blits blir brukt ein del for å få fram spesielle effektar. Ein stroboskop-blits kan gi eit lysglint med definerte mellomrom, tek ein

bilete med lang lukkartid vil ein til dømes få eit biletet slik Figur 8 viser. Bilete i Figur 8 gir grunnlaget for det vidare arbeidet med å beregne ballhastigkeit.



**Figur 8:** viser ballen si bane etter smash sett imot ein mørk bakgrunn, referanseramme med referansepunkt, tavle som viser nummer til forsøksperson til venstre og forsøk til høgre, i høgre biletkant viser nett og ballmaskin. Tid mellom 'to ballar' er 1/32 s.

Figur 6 og 7 s.67-68 viser plasseringa av fotoapparat, stroboskop-blits, referanseramme og tavla som viser nummer på forsøksperson og forsøk. Fotoapparatet var av typen Nikon F3 med linse Nikkor \*Ed 180 mm. f 1 : 2,8. I forsøket vart blendaropning 8 brukta, lukkartid 2 s. og film AGFA 100 dias.

#### Plassering av fotoapparatet.

Fotoapparatet var utstyrt med ei lita telelinse slik at avstanden til ball og referanse kunne gjerast så stor som muleg og likevel få med nødvendige detaljar i biletet som til dømes heile referanseramma og ballen. Fordelen med å bruke stor avstand og telelinse er at avstand mellom referanseramme og ballbane får mindre betyding. Fotoapparatet var plassert på stativ slik at linsa var på høgde med ballen rett etter nettpassering - 2,0 m. Referanseramma var også med å bestemme plassering av fotoapparatet, fotoapparatet var plassert på ei line vinkelrett på midten av referanseramma for at biletplanet og referanseramma var parallelle. Referanseramma kunne ikkje plasserast nærmare ballbana då det var ein tendens til at den vart treft av ballen.


#### Plassering av stroboskop-blits.

For at blits lyset skulle lyse opp ballen best muleg i forhold til fotoapparatet slik at ballen stod i best muleg kontrast til den mørke bakrunnen vart stroboskop-blitsen

plassert mellom fotoapparatet og ballbana, så langt frå ballbana og høgt som muleg utan å kome i vegen for biletetakinga. Stroboskop-blitsen var sett saman av 8 blitspærer på linje der ei og ei blitspære blei tent etter tur kvart 1/32 sekund. Forsøksperson, kontrollørar og funksjonærar var plassert slik Figur 6 og 7 s.67-68 viser.

### 3.3.5 Ballmaskin som oppleggar

Stabile forhold og standardiserte betingingar er viktig for å få valide og reliable data. Variablar i denne testen må i størst muleg grad vere knyta til intra individuelle forhold. I smashtesten til Brack (1983) vart det brukt ei ballmaskin som 'oppleggar', denne ballmaskina var opphavleg tiltenkt fotball. I fylje dei gode erfaringane som Brack (1983) gjorde ville eg bruke same oppsettet med ballmaskin som oppleggar. Ballmaskina var plassert på oppleggarplass mellom posisjon 2 og 3 slik Figur 6 og 7 s.67-68 viser. Oppstilling av ballmaskina er slik Figur 9 viser.




**Figur 9:** viser oppstilling og viktige mål for oppstilling av ballmaskina som 'oppleggar'

For å oppnå mest muleg standardiserte opplegg til smash vart det brukt ei ballmaskin (ACEC JetBall) som vanlegvis blir brukt i fotballtrening. Etter ein del prøving og justeringar vart maskina sett opp slik Figur 9 viser slik at den kunne slå ballen nedanfrå

og opp absolutt rotasjonsfritt og parallelt med nettet i ein avstand av ca 0,50 meter. For å få 'rett' ballbane etter opplegg slik Figur 10 viser – tilnærma det som vert kalla eit vanleg høgt opplegg på kant i posisjon 4, vart trinn 4 på utløysarmekanismen brukt.

#### Oppleggarnøyaktigheit til ballmaskina.

For å finne nøyaktigheita og stabiliteten til ballmaskina vart det før testen gjort eit forsøk med 25 opplegg med same ball (Molton Official). Denne ballen vart lagt i maskina på same måten kvar gong for å redusere variasjonane. Apparatoppstillinga var slik den skulle vere under heile testen slik Figur 6,7 og 9 s.67-68, 71 viser. Opplegga var vanleg høge legg på kant til pos 4 , maskina stod på vanleg oppleggarpass. I posisjon 4 var det på nettet festa to antenner med 0,50 meter avstand, den eine plassert etter reglementet rett over sidelina og den andre 0,50 meter innanfor. Forsøksperson skulle smashe ballen mellom desse to antennene. Desse antennene var også med i oppsettet av ,blink,. Opplegget var akseptabelt når ballen på veg nedover passerte mellom dei to antennene slik Figur 10 viser og avstand til nettet var mellom 0,30 meter og 0,80 meter. I forsøket ville ei variasjonsbredde i avstand til nett på 0,50 meter vere akseptabelt, erfaringsmessig kan spelarar på dei fleste nivå meistre slike variasjonar i opplegget. For å teste variasjon av opplegget sin avstand til nettet vart det teikna to strek på golvet 0,30 meter og 0,80 meter parallelt med midtlina som opplegget skulle treffe golvet mellom.



*Figur 10: viser oppsettet med dei to antennene og eit opplegg gjort av ballmaskina. Ballen passerer mellom antennene på veg nedover som er eit av kriteria for at opplegget er godkjent.*

Testen av oppleggarnøyaktigheita og stabiliteten til ballmaskina viser at variasjon i avstand frå nettet var alle 25 opplegg innanfor akseptable verdiar. Noko meir variasjon var det i lengde, av dei 25 opplegga vart 18 godkjent. Det var ikkje noko spesielt mønster i variasjonane. På grunn av variasjon i lengde vart ein kontrollør brukt for å godkjenne opplegga slik Figur 6 og 7 s.67-68 viser.

### 3.4 Prosedyre for å beregne ballhastigkeit

Figur 8 side 70 viser eksempel på lysbilete som er framkalla etter smashtesten og som gir noko av grunnlaget for vidare arbeid med å beregne ballhastigkeit. Lysbileta vart montert i tiltenkte rammer og plassert i ein diasframvisar som projiserte biletet ned på eit digitaliseringsbord. Det vart kontrollert at diasframvisaren var montert slik at proporsjonane i lysbiletet vart tilsvarende på digitaliseringsbordet. Om lysbiletet vart projisert på skrå til digitaliseringsbordet ville proporsjonane i biletet endre seg. Til sjølve digitaliseringa vart det brukt ein lesarpenn (cursor) som liknar ei datamus, sjå Figur 11 og programvaren TerraSoft, eit kartprogram som bereknar koordinatar.



**Figur 11:** viser skisse av modifisert lesarpenn. Den svarte ringen vart brukt som 'cursor' i staden for krysset.

Lesarpennen var opphavleg utstyrt med eit kryss som 'cursor' men bruk av ein ring som omsluttar ballen vart vurdert til å vere meir nøyaktig, til plottinga av referansepunkta vart krysset brukt.

For å teste stabiliteten ved plottinga vart 'same ball' plotta ti gongar. Relativt standardavvik på denne testen var 0,22 %, når ein i tillegg plotta 'kvar 4. ball' på kvart biletet der det var muleg ville plottefeil ha liten innverknad på det endelege resultatet av ballhastigheita.

I det vidare arbeidet med å beregne ballhastigkeit vart data frå TerraSoft eksportert til

Microsoft Excel der dei endelege utrekningane vart gjort og ballhastigheita vart oppgitt i km/t.

### **3.5 Metode for kartlegging av deltaking i dans og musikk**

For å finne kor mykje kvar forsøksperson hadde delteke i dans og musikk vart det på bakgrunn av eit spørjeskjema utvikla av Barnard (1964) laga eit nytt tilpassa norske forhold. Spørjeskjemaet er ein kombinasjon av 'recall questionnaires' og 'quantitative history questionnaires' (Thomas, Silverman, & Nelson, 2005, s.306). For mange som har vore allsidige og delteke på mange aktivitetar kan det vere vanskeleg å memorere kva dei har vore med på, særleg frå tidleg barndom. I spørjeskjemaet vart dei fleste 'norske' musikkaktivitetar og aktivitetar knytt til dans lista opp for å 'hjelpe' forsøkspersonane til å memorere.

Det vart fyrst gjort eit pilot studie av fyrste utkast av spørjeskjemaet. Ressurspersonar innanfor fagfelta musikk og dans på NIH vart spurde om å kome med kommentarar og tilføyinger. På bakgrunn av dette vart aktivitetar lagt til eller sletta. Det reviderte spørjeskjemaet var deretter prøvd ut på medstudentar på NIH, eg var spesielt interessert i korleis dei forstod instruksjonane på korleis spørjeskjemaet skulle fyllast ut. Etter nokre få justeringar såg eg spørjeskjemaet som ferdig med rettleiing (Vedlegg 3). I starten av spørjeskjemaet er det spurt om nokre antropometriske data, idretts- og volleyballfaring, og nokre spørsmål om eiga oppleveling av rytme og eiga vurdering av smashen.

### **3.6 Utval av forsøkspersonar**

Alt i problemstillinga er populasjonen bestemt - kvinnelege volleyballspelarar. Dette er ei svært heterogen gruppe med ulike føresetnadnar og ferdigheiter. Divisjon er ein god indikator på ferdighetsnivå og spesielt er smashteknikk karakterisert som ein teknikk som tydeleg representerer nivå eller divisjon (Buekers, et al., 1986). For å få eit breitt utval av prestasjonsvariablar i smashteknikken vart forsøkspersonane valt ut frå tre ulike divisjonar. Økonomi, reiseavstand, tid til rådvelde og andre praktiske årsaker gjorde at eg brukte 'skjønnsmessig utvelgelse' (Holme & Solvang, 1986, s.179). For å

få eit akseptabelt tal på forsøkspersonar vart fire lag frå Oslo området kontakta, to lag frå elite divisjon, eitt lag frå 1. divisjon og eitt lag frå 2.divisjon. Til saman 34 spelalar sa seg villige til å delta på forsøket, 12 spelalarar frå elite divisjon, 11 spelalarar frå 1. divisjon og 11 spelalarar frå 2.divisjon. Volleyballag i Oslo området har ei interessant samansetjing då spelalarar frå mange delar av landet er representert, noko som vil gje ulik og varierande bakgrunn og erfaring.

Det vart gjort klart for forsøkspersonane at deltakinga var frivillig og at dei kunne trekkje seg når dei ville. Dei fekk også vissheit om at det som vart registrert ikkje kunne sporast tilbake til dei. Dette vart gjort slik at dei fekk eit startnummer ved starten av forsøket som dei skulle nytte i alle delar av forsøket. Forsøkspersonane skulle heller ikkje kome med på noko bilete.

### **3.7 Prosedyre for heile forsøket**

Datainnsamlinga vart gjort i klart avgrensa operasjonar. For at det praktiske forsøket skulle føregå så upåvirka som muleg vart det på førehand kun informert om at den praktiske testen var ein smashtest med påfyljande utfylling av eit spørjeskjema. Kva dette spørjeskjemaet omfatta fekk dei ikkje kjennskap til før etter dei var ferdige med den praktiske testen, dette vart gjort for at kjennskap til spørsmåla ikkje skulle få forsøkspersonane til å 'klusse med' teknikken.

Det praktiske forsøket vart gjennomført i Idrettshallen ved NIH då dei fleste forhold låg godt til rette der, nødvendig utstyr, lett tilkomst til NIH, ingen kostnadar og tilstrekkeleg store og godt eigna lokale med muleheter for blending av dagslys slik at fotoopptaka kunne bli så klare som muleg. Forsøket gikk over tre påfyljande dagar slik at oppsett og innstillingar ikkje vart endra. Forsøkspersonane kunne velje fritt ein av dagane til testen . Ut frå dette vart det sett opp puljar på inntil 5 personar og tidspunkt for når dei kunne møte slik at det ikkje vart for mykje venting. Når alle hadde gjennomført den praktisk testen 1. dag samla eg desse i eit klasserom for å fylle ut spørjeskjemaet, tilsvarande vart også gjort 2. og 3. dag.

### **3.7.1 Prosedyre for gjennomføring av smashtesten**

Kvar dag før testen vart oppsettet kontrollert, stroboskopblits, ballmaskin og ball kontrollert. Korpset av hjelparar, funksjonærar og kontrollørar hadde fått ein kort gjennomgang av oppgåvene dei skulle utføre. Dette korpset var det same under heile testen og hadde dei same oppgåvene.

Då forsøkspersonane kom i idrettshallen fekk dei ei orientering om korleis testen var sett opp og kva som skulle skje. Oppgåva deira var å smashe så hardt som muleg og prøve å treffre blink på bana. Kvar spelar fekk nokre prøver på testen for å tilpasse seg 'oppleggarmaskina'. Kvar forsøksperson skulle ha 10 godkjende smashforsøk , 5 langs lina og 5 diagonalt. Smashforsøka vart godkjende når opplegget vart godkjent og ballen blei slått mellom antennene og nettet ikkje vart rørt av smashar. Om fotoopptak eller stroboskop-blits svikta vart også forsøket annullert.

For kvart godkjent forsøk vart poeng og treff på bana notert på eit skjema (Vedlegg 2), treffpunkt vart markert med eit kryss og forsøk nummer. Ball som treff lina mellom to poengverdiar får den høgste score. Ball som treff utanfor bana og utanfor blink får ikkje poeng.

Ein forsøksperson gjorde seg ferdig med sine 5 smashforsøk langs lina før neste forsøksperson gjennomførte sine 5 smashforsøk. Når alle i puljen (inntil fem personar) hadde gjennomført sine 5 forsøk vart forsøkssituasjonen endra slik at test av smash diagonalt kunne gjennomførast (Figur 7 s.68 ) med tilsvarende prosedyre.

Jamført med Figur 6 og 7 s.67-68 var prosedyren for gjennomføringa av kvart smashforsøk slik:

**F** held kontroll med forsøksperson og forsøk og sjekkar om alle er klar.

Forsøksperson har innteke sin utgangsposisjon på bana og står klar.

**A** ropar klar og 'trykkjer av' på gå,

**B** kontrollerer opplegget,

**D** og **C** startar bildetaking med blits rett før ballen blir smasha.

**D** brukte fjernutløysar på fotoapparatet for at det ikkje skulle bli rørsle av kamera.

**E** noterte treffpunkt på skjema før poeng vart notert.

Dei ledige forsøkspersonane kasta ballen tilbake til **A** som la den nøyaktig i ballmaskina klar til nytt forsøk.

### **3.7.2 Prosedyre for gjennomføring av spørjeundersøkinga**

Kvar dag etter at testinga var ferdig samla eg forsøkspersonane i eit klasserom for å fylle ut spørjeskjemaet (Vedlegg 3). Spørjeskjemaet var sjølvinstruerande men likevel såg eg det som ein fordel at eg kunne sjekke at utfyllinga vart gjort rett, svare på spørsmål og hjelpe dei med å memorere. Når dei var ferdige med utfyllinga samla eg inn spørjeskjemaa. Dei som måtte få hjelp av familie eller andre for å gi rette opplysningar fekk spørjeskjemaet med heim, desse skjemaa henta eg på ei seinare trening.

## **3.8 Vurdering av validitet og reliabilitet**

Reliabilitet og validitet i smashforsøket.

For å finne ballhastigkeit måtte ein gjennomføre fleire operasjonar, i alle desse operasjonane kan det forkome tilfeldige feil. Eg har heile vegen i forskingsprosessen hatt i bakhovudet at feil kan gjerast og testa/vurdert kor store utslag dette vil gjere på sluttdata. Eg meiner eg har teke høgde for dette og gjort endringar der det var muleg. Som prosjektleiar hadde eg god oversikt over funksjonærane og passa på at dei ikkje gjorde feil.

Om ein gjer ein korrelasjon av smash langs lina og smash diagonalt vil ein få eit uttrykk for reliabilitet, denne testen av reliabiliteten vert av fleire kalla 'split half'.

Ein annan peikepinn på reliabiliteten av denne testen vil ein få om forventa resultat stemmer med røynda – vil elitespelarar gjere det betre enn 1.divisjonsspelarar som igjen vil gjere det betre enn 2.divisjonsspelarar ? Resultata av berekninga av reliabiliteten kjem eg tilbake til i neste kapittel 'Analyse og diskusjon av resultata'.

Reliabiliteten i presisjonstesten er nok god men her vil sannsynlegvis vere store individuelle variasjonar som kan skuldast manglande trening på presisjon, presisjonstreninga dreier seg meir om å smashe i ei retning og ikkje mot punkt på banen. Validiteten både vil lide på grunn av at smashkraft og presisjon vart målt i same forsøk. Men på ei anna side vil sannsynlegvis dei med best føresetnadar score høgst sjølv om validiteten er konstruert. Totalt sett trur eg smashtesten gir eit bra bilet av den verkelege situasjonen.

Reliabilitet og validitet i spørjeskjemaundersøkinga.

Det vart ikkje gjort nokon reliabilitetstest av det endelige spørjeskjemaet. I utgangspunktet vart spørjeskjemaet testa på studentar på NIH og endra etter tilbakemeldingane eg fekk der. Eg kunne teke ein test-retest av spørjeskjemaet på nokon forsøkspersonar men dette vart ikkje gjort og er sjølv sagt ei svakheit. Men det å memorere så langt tilbake i tid vil sjeldan gi heilt likt resultat frå gong til gong. At eg var med som hjelpar i utfyllinga av spørjeskjemaet vil truleg hjelpe på reliabiliteten. Sidan spørjeskjemaet er modifisert av eit tidlegare brukte spørjeskjema og ressurs- og fagpersonar har gitt viktige bidrag til modifiseringa reknar eg innhaldsvaliditeten som tilfredsstillande.

## **4 ANALYSE OG DISKUSJON AV RESULTATA**

Målet med denne undersøkinga er å sjå om deltaking i musikk og dans kan ha nokon betyding for prestasjonsvariablene ballhastigkeit, presisjon og stabilitet i volleyball-smashen for kvinnelege utøvarar. Fyrst vil eg presentere nokre data som viser litt om forsøkspersonane før eg startar analyse av data i forhold til problemstillingane.

Analyse av data vart gjort ved hjelp av statistikkprogrammet SPSS ver.15

### **4.1 Noko om forsøkspersonane**

I undersøkinga deltok totalt 34 kvinner – 12 frå eliteserien, 11 frå 1.divisjon og 11 frå 2.divisjon. Dei fysiske kjenneteikna er ikkje målt men sjølvrapportert sidan dei ikkje er sentrale i forhold til problemstillinga men kan brukast til å forklare samanhengar og samanlikningar med andre studie gjort på volleyballsmash.

**Tabell 2:** Fysiske kjenneteikn til forsøkspersonane .  $M \pm S$  er gjennomsnitt  $\pm$  standardavvik.

	Alder (år)			Høgde (cm)			Vekt (kg)		
	Min	Max	$M \pm S$	Min	Max	$M \pm S$	Min	Max	$M \pm S$
Forsøkspersonar									
Elite divisjon N=12	19	27	$23,3 \pm 2,4$	168	184	$176,9 \pm 5,6^1)$	57	73	$67,1 \pm 4,1$
1. divisjon N=11	20	30	$24,6 \pm 3,1$	158	177	$170,1 \pm 3,1^1)$	54	69	$62,5 \pm 4,9$
2. divisjon N=11	20	27	$22,7 \pm 2,4$	167	180	$173,0 \pm 4,8$	58	67	$63,2 \pm 3,4$
Total N=34	19	30	$23,5 \pm 2,7$	158	184	$173,4 \pm 6,3$	54	73	$64,3 \pm 4,6$
Ferris et al. (1995)	N=13		$19,5 \pm 1,1$			$176,7 \pm 4,6$			$69,7 \pm 10,8$
Brack (1983)	N=45			160	183	$172,7 \pm 6,2$	53	85	$66,4 \pm 6,6$

Totalscore for kvart kjenneteikn er testa ved hjelp av Q-Q plot og det gir eit godt bilet av data som normalfordelt.

<sup>1)</sup> Gjennomsnittshøgda for Elite spelarane er signifikant ( $p < 0,05$ ) høgre enn spelarane frå 1.divisjon

Aldersspreiinga til forsøkspersonane har normalfordeling og gjennomsnittsalder ligg i fyrste halvdel av 20 åra. Grigoris et al. (2008) gjorde eit studie for å beskrive morfologiske karakteristikkar av 163 kvinnelege elite volleyballspelarar i 'Greek National League'. Gjennomsnittsalder var  $23,8 \pm 4,7$  år og høgda varierte frå 161 cm til 194 cm og gjennomsnitt  $177,1 \pm 6,5$  cm var ikkje lavare enn internasjonale spelarar av tilsvarende kaliber (Grigoris, et al., 2008). Både gjennomsnittshøgde og gjennomsnittsalder frå dette studiet harmonerer godt med tilsvarende data til Elitespelarane i mitt studie. Data frå Elitespelarane kan også samanliknast med data frå spelarane i eit studie av Ferris, Signorile & Caruso (1995) på 13 kvinnelege volleyballspelarar i NCAA Division I<sup>1</sup> - sjå Tabell 1 over. Sjølv om spelarane frå NCCA er noko yngre enn Elitespelarane er data frå høgde og vekt samanliknbart med norsk Elite. Fleire av Elitespelarane var på det norske landslaget så det skulle ikkje vere så stor forskjell på prestasjonsnivå i forhold til spelarane frå NCCA. Ei undersøking av Brack (1983) på spelarar i Bundesliga 1 og 2 kan også samanliknast med norsk Elite sjølv om høgde og vekt har større variasjon hos dei tyske spelarane - sjå Tabell 2 over.

Tal frå FIVB (2008) viser at på internasjonalt toppnivå har både gjennomsnittsalder og gjennomsnittshøgde auka gradvis fram til 2008. Vinnar frå OL 1976 hadde

---

<sup>1</sup> Divisjon I er det høgste nivå i universitet og college idrett i regi av NCAA (National Collegiate Athletic Association) i USA.

gjennomsnittsalder 23,2 år og gjennomsnittshøgde 173,8cm, tilsvarende for OL 1992 var 22,2 år og 179,5cm og for OL 2008 var det 27,5 år og 185,1 cm. I OL 2008 var gjennomsnittsalder til dei 8 beste laga 26,5 år og gjennomsnittshøgde 183,4 cm. Fleire av elitespelarane i mitt studie hadde internasjonal erfaring og konkurrerte mot topplag i Europa på 1.halvdel av 1990 talet. Dei fysiske kjenneteikna til elitelaget i mitt studie kan samanliknast med lag på internasjonalt toppnivå i perioden 1990-95.

Gjennomsnittshøgda for spelarane frå 1.divisjon og 2.divisjon er vesentleg mindre enn spelarane på internasjonalt toppnivå, men dei er meir fysisk like spelarane i Brack (1983) sitt studie som representerer omtrent same spelenivå - sjå Tabell 2 s.79 Studie viser at spelarane si høgde har betyding både for spelenivå, rolle og posisjon på bana. Dette tilsvarte funna til Grigoris et al. (2008) som summerer opp slik :

*Volleyball athletes of this study were mainly balanced endomorphs (3.4-2.7-2.9). The A1 division players were taller and slightly leaner with greater fat-free mass than their A2 counterparts. Significant differences were found among athletes of different playing positions which are interpreted by their varying roles and physical demands during a volleyball game. The volleyball players who play as opposites were the only subgroup of players differing between divisions; the A2 opposites had more body fat than A1 opposites. These data could be added in the international literature related to the anthropometric characteristics of competitive female volleyball players (Grigoris, et al., 2008, summary).*

I kampsituasjon har nok spelarane si høgde større betyding enn i mitt forsøk. Høge spelarar har vanlegvis høgre treffpunkt i smashen enn lågare spelarar og det gir større variasjonsmulegheiter i smashen – dei kan slå ballen 'brattare' og får dermed eit større område av bana å smashe imot. Sidan mitt forsøk er gjort under 'laboratorium' forhold og den økologiske validiteten er avgrensa har høgda til spelarane mindre betyding for prestasjonsvariablane slik dei vert testa i mitt forsøk. Det er ikkje teke omsyn til dei ulike rollene spelarane har på laga sine som oppleggjar, kantspelar eller midtspelar. Smashane skulle slåast bak på bana og difor hadde høgda til spelarane ikkje avgjerande betyding. Det er meir sannsynleg at spelarane si vekt har betyding for prestasjonsvariabelen ballhastigkeit etter smash. Vanlegvis er det ein samanheng mellom vekt og

høgde, høge spelarar er vanlegvis tyngre enn lāge. Samanlikna med studia til (Ferris, et al., 1995) og (Brack, 1983) er vekta til spelarane i mitt studie relativt sett mindre, dette kan ha betyding for ballhastigheita etter smash (Forthomme, et al., 2005).

## 4.2 Smashtesten

### 4.2.1 Reliabilitet og validitet for smashtesten.

Den beste metoden for å finne reliabiliteten til alle delane av smashtesten ville vore ein test-retest. Tid og plasskrevande oppsett av forsøkssituasjonen pluss vanskar med å samle forsøkspersonane til ein retest gjorde at dette ikkje gjekk. Det vart gjennomført eit pilotforsøk men data frå dette kunne ikkje samanliknast med den endelege smashtesten då det vart gjort store korrekjonar av forsøkssituasjonen.

Sidan smashtesten består av to 'situasjonar' – 5 smashar langs lina og 5 smashar diagonalt vil det vere naturleg å bruke dette for å finne eit uttrykk for reliabiliteten. Dette liknar på det som mellom anna Thomas, Silverman, & Nelson (2005 s.201) kallar 'The split – half technique'. Korrelasjon mellom gjennomsnitthastigkeit for dei 5 smashane langs lina og gjennomsnittshastigkeit for dei 5 diagonale smashane gav ein reliabilitets-koeffesient  $r = ,767$  som er signifikant på 0,01 nivå. Ser ein på reliabiliteten i forhold til test av presisjon i dei same to 'situasjonane' finn ein  $r = ,160$  - som er svakt. Dette trur eg har årsak i slik oppsettet av 'blink' er gjort, dette gir lav økologisk validitet, presisjon vert i forhold til smash oftast relatert til retning. Heile situasjonen for testing av presisjon blei for uvant for forsøkspersonane, og det viser at konstruert validitet ikkje alltid kan brukast i staden for økologisk validitet. Den svake reliabiliteten i presisjonstesten kan også skuldast at forsøkspersonane er ustabile som igjen kan skuldast manglande fokus på presisjon i smashtreninga. Dette er også mi erfaring og oppfatning av kva som har prioritet i treninga. Spørsmålet er også om ein hadde fått eit anna resultat om ein hadde testa hastigkeit og presisjon kvar for seg, som også var vurdert i starten. Men då dette ikkje er aktuelt i kampsituasjon<sup>2</sup> vart det valt å teste både hastigkeit og presisjon i same forsøk.

---

<sup>2</sup> "valid skilltest must be gamelike" (Bartlett, Smith, Davis & Peel, 1991, s.19)

“Success in spiking or attacking is directly related to team success in volleyball” (Vint & Hinrichs, 2004, s.135). Fleire faktorar er med på å bestemme kor vellukka ein smash i ein volleyballkamp blir. Vint & Hinrichs (2004) meiner at å skape stor hastigheit på ballen etter smash er ein av dei viktigaste faktorane for å få eit vellukka angrep. I tillegg til ballhastigheit meiner Ferris et al. (1995) at kvar ballen blir plassert på bana er viktig. Chung, Choi & al. (1990) meiner at ein vellukka smash er bestemt av tre faktorar: posisjonen til ballen ved ballkontakt, ballhastigheit etter ballkontakt og ballbana si retning etter ballkontakt. Stor ballhastigheit i kampsituasjon er viktig men ikkje alltid, spelaren må gjere nokre vurderingar før han eventuelt ’drar til’, men ballhastigheit etter smash er ein viktig prestasjonsvariabel.

Eit smashforsøk som er gjort som eit ’laboratorieforsøk’ vert meir å sjå på som ein ’lukka’ ferdighet, her er ikkje blokk og det skal ikkje scorast poeng på same måten. Prestasjonsvariablane stabilitet og presisjon er også sentrale indikatorar på kor effektiv og funksjonell smashteknikken er. I litteraturen har eg funne lite samanlikningsgrunnlag for desse to prestasjonsvariablane - ingenting om stabilitet.

#### **4.2.2 Resultat frå test av ballhastigheit**

Resultata frå test av ballhastigheit er basert på eit gjennomsnitt av 5 linesmashar og eit gjennomsnitt av 5 diagonalsmashar. Gjennomsnitt av ”line + diagonal” er berekna ut frå gjennomsnitt line + gjennomsnitt diagonal dividert på 2.

Når ein skal samanlikne studium av smash i volleyball må ein ta omsyn til prosedyrar, metodar og instruksjonar. Om du får instruksjon om å smashe så hardt du kan eller om du i tillegg skal treffe ein ’blink’ blir ballhastigheita truleg ulik i dei to situasjonane. Det vil ikkje gi eit rett samanlikningsgrunnlag om ein samanliknar resultat frå studium av volleyballsmash med ulik instruksjon, men det vil gi ein peikepinn.

**Tabell 3:** Resultat frå test av ballhastigkeit.  $M \pm S$  er gjennomsnitt  $\pm$  standardavvik.

	Ballhastigkeit (km/t)									
	Line			Diagonal			Line + diagonal			
	Min	Max	$M \pm S$	Min	Max	$M \pm S$	Min	Max	$M \pm S$	
Elite divisjon	48,9	69,0	$58,2 \pm 6,5^{13)}$	50,3	72,4	$59,2 \pm 6,8^{213)}$	51,1	70,0	$58,7 \pm 6,2$	
1.divisjon	40,8	68,3	$52,6 \pm 7,6^{4)}$	38,4	75,3	$53,8 \pm 9,2^{4)}$	40,1	78,1	$53,2 \pm 8,2$	
2.divisjon	39,9	60,1	$50,6 \pm 7,0^{1)}$	43,5	55,9	$51,5 \pm 3,4^{2)}$	45,7	57,4	$51,1 \pm 4,2$	
Totalt	39,9	69,0	$53,9 \pm 7,6^*$	38,4	75,3	$54,9 \pm 7,4^*$	40,1	71,8	$54,4 \pm 7,1$	

\* Det er signifikant ( $p < 0,01$ ) korrelasjon ( $r=0,767$ ) mellom ballhastigkeit line og ballhastigkeit diagonalt. <sup>1)</sup> Det er signifikant ( $p<0,05$ ) forskjell mellom ballhastigkeit line for Elite og 2.div. <sup>2)</sup> Det er signifikant ( $p<0,05$ ) forskjell mellom ballhastigkeit diagonal for Elite og 2.div. <sup>3)</sup> Det er signifikant ( $p < 0,01$ ) korrelasjon ( $r=0,762$ ) mellom ballhastigkeit line og ballhastigkeit diagonalt for Elite. <sup>4)</sup> Det er signifikant ( $p < 0,01$ ) korrelasjon ( $r=0,916$ ) mellom ballhastigkeit line og ballhastigkeit diagonalt for 1.div.

Det er ingen signifikant forskjell på ballhastigkeit mellom linesmash og diagonalsmash for nokon av divisjonane eller totalt. Det er ikkje signifikant ( $p = 0,490$ ) men svak korrelasjon ( $r=0,233$ ) mellom ballhastigkeit line og ballhastigkeit diagonalt for 2.div. Korrelasjon mellom ballhastigkeit diagonalt og line  $r = ,767$  er signifikant  $p < 0,01$ . Som Tabell 3 viser for ballhastigkeit er gjennomsnittsverdien for diagonalsmashane 1 km/t høgre enn for linesmashane – men forskjellen er ikkje signifikant.

Usystematiske observasjonar og samtalar tyder på at kvinnelege volleyballspelarar slår mest diagonalt – kanskje så mykje som 90 % av smashane. Andre årsaker til at ballhastigheita diagonalt er høgre enn langs lina kan vere at 'tryggleiksona' for diagonalsmashar er større enn for linesmashar. Redsel for å smashe ballen ut av bana kan vere større for linesmashar sidan treffområdet på bana er mindre, ein slår ikkje så hardt og oppnår dermed større presisjon. Ein annan årsak til at det er ein forskjell mellom ballhastigkeit diagonalt og line kan vere at impulsen mellom hand og ball er større for diagonalsmashar då slaget går meir i retning mot opplegget. Eg har ikkje funne andre testar av ballhastigkeit i smashen som viser tilsvarande tendens til større ballhastigkeit diagonalt enn line.

Korrelasjon mellom presisjon diagonalt og ballhastigkeit diagonalt er svakt negativ for både Elite og 2.divisjon. Til hardare ein slår ballen desto mindre presisjon kan ein forvente.

Ferris, Signorile, & Caruso (1995) fann i sitt studie på kvinnelege volleyballspelarar i USA Divisjon 1 at gjennomsnittleg ballhastigheit etter smash var  $(18,1 \pm 1,77 \text{ m/s})$  som tilsvarer  $(65,16 \pm 6,37 \text{ km/t})$ , maks  $75,6 \text{ km/t}$  og min  $56,1 \text{ km/t}$  målt ved hjelp av radar. Toyoda (u.å) meiner at for kvinnelege volleyballspelarar er vanleg ballhastigheit etter smash ca.  $18 \text{ m/s}$  som tilsvarer ca.  $64,8 \text{ km/t}$ . Coleman (1993) fann tilsvarande resultat då han studerte mellom anna smash vs. hoppserve for kvinnelege volleyballspelarar på college nivå og han fann ballhastigheit på  $13,2 \text{ m/s}$  ( $47,5 \text{ km/t}$ ) etter hoppserve og  $17,8 \text{ m/s}$  ( $64,1 \text{ km/t}$ ) etter smash. Samanlikna med desse ballhastigheitene etter smash er gjennomsnittleg ballhastigheit hos elite spelarane i mitt studie noko lågare, men dei spelarane i mitt studie som scorar høgst ligg omtrent på same nivå som i studia av (Ferris, et al., 1995), (Toyoda, u.å) og (Coleman, 1993). I desse studia vart ballhastigheit testa separat og det kan vere ei medverkande årsak til at gjennomsnittleg ballhastigheit hos mine forsøkspersonar er noko lågare enn studia det er referert til. Det er ikkje vanleg å teste ballhastigheit og presisjon samtidig, men problemstilling og metode for måling av ballhastigheit gjorde at eg valde å gjere det slik.

Ballhastigheit etter smash samsvarer med divisjon og ein kan difor slå fast at den er ein viktig prestasjonsfaktor i forhold til spelenivå. Dette vert også stadfesta av Forthomme et al. (2005).

#### **4.2.3 Resultat frå test av presisjon**

I kampsituasjon vert vanlegvis presisjon brukt i samband med serve, servemottak og opplegg. Presisjon brukt i samband med smash dreier seg stort sett om å slå ballen forbi blokk eller 'bruke blokk' og i ein skilde tilfelle om å treffe spesielle område på bana. Presisjon slik den er testa i mitt forsøk har ikkje høg økologisk validitet men for å finne svar på problemstillingane er det nødvendig å eliminere nokre faktorar slik ein kan gjere i eit 'laboratorieforsøk'. Presisjon vert i dette forsøket å sjå på som ein avhengig variabel av smashteknikken.

Tal på poeng viser presisjon, til fleire poeng dess betre presisjon. Forsøkssituasjonen Figur 6 og 7 s.67-68 viser berekninga av poeng.

**Tabell 4:** Resultat frå test av presisjon.  $M \pm S$  er gjennomsnitt  $\pm$  standardavvik.

	Presisjon (poeng)								
	Line			Diagonal			Line + diagonal		
	Min	Max	$M \pm S$	Min	Max	$M \pm S$	Min	Max	$M \pm S$
Elite divisjon	12	27	$19,8 \pm 5,2$	8	31	$16,6 \pm 6,5$	21	52	$36,3 \pm 9,2$
1.divisjon	14	34	$20,8 \pm 6,2$	5	28	$15,5 \pm 7,6$	21	55	$36,3 \pm 10,0$
2.divisjon	9	25	$16,5 \pm 4,3$	8	22	$12,9 \pm 4,2$	21	40	$29,4 \pm 5,9$
Totalt	9	34	$19,0 \pm 5,5^*$	5	31	$15,0 \pm 6,3^*$	21	55	$34,1 \pm 8,9$

\* Det er signifikant forskjell  $p < 0,01$  mellom presisjon line og diagonalt for alle forsøkspersonane i favør line.

Det er signifikant forskjell  $p < 0,01$  mellom presisjon line og diagonalt for alle forsøkspersonane i favør line. Signifikant forskjell mellom presisjon line og diagonalt vert også rapportert av Brack (1983) som ikkje har noko godt svar på kvifor det er slik. Om ein ser dette i samanheng med resultatet av ballhastigkeit der totalscore diagonalt var høgre enn langs lina kan auka ballhastigkeit ha gått utover presisjonen. Men hovudårsaka til forskjell i presisjon mellom line- og diagonalsmash kan ligge i avstand til 'blinkane', det er kortare avstand til 'blinken' for smashar langs lina enn avstanden til 'blinken' for smashar diagonalt, sjå Figur 6 og 7 s.67-68

Det er ingen signifikant korrelasjon mellom smashpresisjon line og diagonalt for alle forsøkspersonane, og det er heller ingen signifikant korrelasjon mellom smashpresisjon line og diagonalt for nokon av divisjonane. Det er ingen signifikant forskjell i presisjon mellom divisjonane. Det er ein svak ( $r=0,321$ ) men ikkje signifikant korrelasjon mellom divisjon og presisjon. Trenden er at Elite spelarar er best representert i gruppa med dei 12 høgst score og 2.div spelarar er best representert i gruppa med dei 12 lavast score når det gjeld presisjon for både smashar langs lina, diagonalt og line+diagonalt.

Det er stor individuell variasjon (intra) i presisjon også mellom forsøkspersonane (inter). Mi erfaring som spelar og trenar tilseier at presisjon slik eg har testa vert lite vektlagt i treninga, presisjon i trening dreier seg meir om å slå så bratt som muleg i ei spesiell retning. For spelarar som er vante til å slå 'bratt' vil det vere vanskeleg å slå bak på bana då dei er vane med at både sats-stad og kropp har større horisontal avstand 'bak ballen' enn om dei skal slå bak på bana, då er det viktig å kome meir 'under ballen'.

Validiteten i 'laboratoriestudier' er ikkje så høg som ein skulle ynskje, for å få kontroll på vesentlege variablar må ein redusere andre variablar og det vil svekke den økologiske validiteten.

#### **4.2.4 Resultat frå berekning av stabilitet**

For å beregne forsøkspersonane sin stabilitet i smashen vart resultata frå test av ballhastigheit brukt då den hadde høg reliabilitet ( $r = ,767$  og  $p<0,01$ ). Stabilitet i forhold til presisjon er vanskeleg å beregne. Ein kan ha relativt god samling på treffpunktene på bana utanfor blinken, men det vil i dette forsøket ikkje verte rekna for å vere stabilt då ein skal prøve å treffen blink. Presisjon og stabilitet vil i dette forsøket vere to ulike variablar.

Stabiliteten vart berekna ut frå gjennomsnittleg standardavvik i ballhastigheit mellom smashane langs lina for kvar forsøksperson og gjennomsnittleg standardavvik for smashane diagonalt for seg , di mindre gjennomsnittleg standardavvik dess betre stabilitet. Nokre smashforsøk i forhold til ballhastigheit manglar data då det ikkje var muleg å få relevant informasjon frå biletta. På grunn av dette vart gjennomsnittleg standardavvik for smash langs lina og diagonalsmashar berekna kvar for seg for så å bli summert og dividert på 2.

Når det er lite variasjon i opplegga og situasjonen rundt forsøka er stabile gjennom faste prosedyrar er det berre forsøkspersonen som kan skape variasjon i smashinga. Ved ein funksjonell og stabil smashteknikk vil då variasjon i ballhastigheit etter smash kunne vere liten – men slik er det altså ikkje.

**Tabell 5:** Resultat frå utrekning av stabilitet (standardavvik).  $M \pm S$  er gjennomsnitt  $\pm$  standardavvik.

	Stabilitet (standardavvik)								
	Line			Diagonal			Line + diagonal		
	Min	Max	$M \pm S$	Min	Max	$M \pm S$	Min	Max	$M \pm S$
Elite divisjon	3,83	11,3	$6,51 \pm 2,48$	2,57	17,8	$7,89 \pm 4,53$	4,45	12,3	$7,20 \pm 2,49$
1.divisjon	1,98	13,3	$8,07 \pm 3,95$	1,17	15,4	$6,05 \pm 4,61$	2,32	14,3	$7,06 \pm 3,65$
2.divisjon	2,33	17,0	$9,34 \pm 4,97$	1,19	18,8	$7,89 \pm 5,28$	3,72	16,1	$8,61 \pm 3,59$
Totalt	1,98	17,0	$7,93 \pm 3,96$	1,17	18,8	$7,29 \pm 4,74$	2,32	16,1	$7,61 \pm 3,24$

NB! Til mindre verdiar dess betre stabilitet.

Det er svak men ikkje signifikant korrelasjon ( $r=0,104$ ) mellom forsøkspersonane sin stabilitet i linesmashar og diagonalsmashar. Det er ingen signifikant forskjell mellom forsøkspersonane sin stabilitet i linesmashar og diagonalsmashar. Det er ein svak, men ikkje signifikant korrelasjon mellom divisjon og stabilitet for linesmashar. I forhold til stabilitet på linesmashar er gjennomsnittet som forventa der Elite spelarane har best stabilitet og minst variasjon inn ad i gruppa, medan spelarane frå 2.divisjon har minst stabilitet og størst variasjon inn ad i gruppa. I forhold til stabilitet på diagonalsmashar er det spelarar frå 1.div som kjem best ut, medan Elitespelarar og 2.divisjonsspelarar kjem ganske likt ut. Elitespelarar har stort sett betre føresetnad for å smashe 'bratt' mellom anna fordi dei gjennomsnittleg har betre rekkehøgde. Mi erfaring tilseier at denne smashinga er mest knytt til linesmashar og på lågare spelenivå vil det vere meir diagonalsmashar. Elitespelarane får god trening på linesmashing, dette kan også underbyggjast ved at den einaste signifikante korrelasjon mellom presisjon og ballhastigheit er linesmashar for Elitespelarar ( $r=0,612$   $p<0,05$ ).

Liten stabilitet som tilsvarer stort standardavvik kan kome av fleire faktorar. Sidan stabilitet er berekna i forhold til ballhastigheit etter fleire smashar dreier det seg ikkje berre om ein stabil smashteknikk men også om stabile opplegg frå ballmaskina og stabile rammer. Til vanleg i kampsituasjon kan smashteknikk sjåast på som ein 'open ferdighet'. Forsøkssituasjonen og faste prosedyrar i gjennomføringa av kvart smashforsøk skulle gjere smashbevegelsen til ein 'lukka ferdigkeit' slik at færre faktorar fekk innverknad på stabiliteten. Stabiliteten kan vere svekka på grunn av litt ustabilitet i opplegga. Eg har ikkje funne andre studium som omhandlar stabilitet i forhold til

prestasjon, dette området treng meir studie.

### **4.3 Forsøkspersonane si volleyball- og idrettserfaring**

Variablane tal på sesongar spelt volleyball og startalder vil truleg ha betyding for prestasjonsvariablane i volleyballsmashen. Brei erfaring frå mange idrettar, særleg i oppveksten, vert rekna for å gje ei god plattform for vidare idrettskarriere (Blindheim, 2005). Fleire forfattarar meiner at rytme er tilstades i alle rørsler og at kvar rørsle har si spesielle rytme (Otto Hanebuth, 1961; Meinel & Schnabel, 1977; Röthig, 1970; Röthig & Grossing, 1993). Det skulle tyde på at allsidig erfaring i fleire idrettar også skulle gje rytmisk erfaring, men eg har ikkje funne forsking som tek opp dette.

**Tabell 6:** Alder start organisert volleyballtrening, tal på sesongar spelt volleyball og tal på sesongar med annan idrett.

	Alder start volley-balltrenin (år)			Tal sesongar spelt volleyball			Tal sesongar annan idrettserfaring		
	Min	Max	M±S	Min	Max	M±S	Min	Max	M±S
Divisjon									
Elite divisjon (N=12)	10	18	13,5±2,4	6	12	9,6±1,6	0	11 N=2	5,4±3,9
1.divisjon (N=11)	12	23	15,6±3,3 <sup>2)</sup>	3	12 N=2	7,8±3,2	0	18	7,4±5,4 <sup>2)</sup>
2.divisjon (N=11)	12	17	14,6±1,6	4	11 N=2	7,6±2,3	0	14	6,1±3,7
Totalt (N=34)	10	23	14,5±2,6 <sup>1)</sup>	3	12	8,4±2,5	0	18	6,3±4,3 <sup>1)</sup>

<sup>1)</sup>Korrelasjon r=0,466 og p<0,01. <sup>2)</sup>Korrelasjon r=0,798 og p<0,01

Sjølv om ikkje forskjellane er signifikante er det ein tendens til at forsøkspersonane frå Elite divisjon starta gjennomsnittleg tidlegare, har gjennomsnittleg spelt fleire sesongar og har gjennomsnittleg mindre annan idrettserfaring enn forsøkspersonane frå dei to andre divisjonane. At det er signifikant korrelasjon mellom alder då ein starta med volleyballtrening og annan idrettserfaring tyder då på at til tidlegare ein starta med volleyballtrening dess mindre erfaring har ein med andre idrettar og til seinare ein startar med volleyballtrening dess meir erfaring har ein med andre idrettar.

Elitespelarane ser ut til å ha fått ei relativt tidleg spesialisering i volleyball, medan særleg forsøkspersonane frå 1.divisjon ser ut til å ha meir allsidig bakgrunn.

Forsøkspersonane frå 2.divisjon er gjennomsnittleg yngst, har gjennomsnittleg minst

erfaring med volleyball og er kanskje meir på veg opp i divisjonane. I studiet til Grigoris et al. (2008) deltok 163 kvinnelege elite spelarar og gjennomsnittleg tal på år med deltaking i organisert volleyballtrening var  $11,5 \pm 4,2$  år, gjennomsnittleg alder då dei starta var ca. 12 år. Mine forsøkspersonar frå elite nivå starta med organisert volleyballtrening noko seinare ( $13,5 \pm 2,4$  år) og har dermed mindre volleyballfaring ( $9,6 \pm 1,6$  år) enn forsøkspersonane til Grigoris et al. (2008). Gjennomsnittsalder er  $23,8 \pm 4,7$  år for mine elite spelarar og  $23,3 \pm 2,4$  år for dei som var med i studiet til Grigoris et al. (2008).

Det finst ingen statistikk som viser når det er vanleg å starte med spesialisering i volleyball. NIF gir råd om at spesialisering ikkje bør starte før 12 -13 års alderen og dette stemmer bra overeins med mine data. NVBF har utarbeidd planar for volleyball i idrettsskulen ned til 8 år men dette er meir 'allsidig' volleyballtrening. I fylje NIF sin årsrapport frå 2008 viser aktivitetstala for NVBF at aldersgruppa barn (6-12 år) har 1462 medlemmar og i aldersgruppa ungdom (13-19 år) har medlemstalet stige til 4759 for så og falle til 1603 medlemmar for aldersgruppa 20-25 år. Tilsvarande tal for fotball, handball viser at medlemstala går dramatisk ned med over 70% frå barn (6-12 år) til ungdom (13-19 år). Aktivitetstala for basketball held seg stabilt frå barn til ungdom. Dette skulle tyde på at mange startar med volleyball først når dei vert ungdom altså etter 12 år i motsetning til fotball og handball der dei fleste startar før 12 års alderen. Aktivitetstala frå NIF sin årsrapport 2002 viser same tendens.

At nokon startar med volleyballtrening så seint som 18 år og likevel spelar i eliteserien og ein startar volleyballtrening som 23 åring og spelar 1.divisjon er litt uvanleg. Dette viser at med spesiell kompetanse kan du fylle ei rolle i eit lag i volleyball - er du høg kan du spele angrep og forsvar ved nett, er du låg kan du spele libero.

#### **4.4 Forsøkspersonane si erfaring frå danseaktivitetar og musikkutøving**

Eit mål for mengde rytmisk erfaring er i denne oppgåva knytt til ca. timetal som forsøkspersonane har delteke i danseaktivitetar og musikkutøving. Vedlegg 3 blei brukt for å finne kor mykje kvar forsøksperson har delteke i danseaktivitetar og

musikkutøving, timetal for deltaking frå kvar situasjon blei summert. Totalt timetal for deltaking i kvar situasjon vart funne ved å multiplisere tal på timer i veka med tal på veker i året med tal på år – sjå Vedlegg 3.

**Tabell 7:** Resultat frå berekning av timetal for deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving.

Divisjon	Timetal delteke i danseaktivitetar			Timetal delteke i musikkutøving			Samla deltaking, (danse- aktivitetar er vekta 2)		
	Min	Max	M±S	Min	Max	M±S	Min	Max	M±S
Elite divisjon (N=12)	50	120	425±404	0 <sup>N=1</sup>	1380	414±440	260	3420	1264±955
1.divisjon (N=11)	0 <sup>N=1</sup>	110	486±347	0 <sup>N=3</sup>	2080	814±785	400	4200	1786±111
2.divisjon (N=11)	0 <sup>N=2</sup>	126	380±433	0 <sup>N=1</sup>	1510	783±557	200	4030	1543±120
Totalt (N=34)	0 <sup>N=3</sup>	126	430±387	0 <sup>N=5</sup>	2080	663±616	200	4200	1523±107

Data er vist som tal på timer.

Tre forsøkspersoner svarar at dei ikkje har delteke i danseaktivitetar og fem svarar at dei ikkje har delteke i musikkutøving, elles er variasjonen i mengde deltaking i slike aktivitetar stor innanfor divisjonane. I timetal for samla deltaking er danseaktivitetar vekta 2 fordi eg trur dei kan ha større innverknad på idrettslege rørsler enn musikkutøving. Elite spelarane har vesentleg mindre deltaking i musikkaktivitetar enn dei andre.

Om ein har delteke i danseaktivitetar og musikkutøving 4 timer i veka i 40 veker i 10 år får ein totalt 1600 timer deltaking, dette er relativt mykje og ni av forsøkspersonane har frå dette og oppover. Om deltaking i danseaktivitetar og eller musikkutøving har betyding for prestasjonsvariablane i volleyballsmash burde det kunne vise i datamaterialet mitt om ikkje metodane er for usikre og feilkjeldene er for store.

#### 4.5 Kva samanheng kan ein finne mellom score på prestasjonsvariablane i smashen og mengde deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving ?

For å kunne finne ein muleg samanheng mellom prestasjonsvariablane i volleyballsmashen (avhengige variablar) og deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving (uavhengige variablar) vil eg fyrst sjå på i kva grad det er korrelasjon mellom kvar prestasjonsvariabel og deltaking i

danseaktivitetar og musikkutøving for heile gruppa forsøkspersonar.

**Tabell 8:** Korrelasjon mellom prestasjonsvariablene ballhastigkeit, presisjon, stabilitet og timetal for deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving.

	N	Ballhastigkeit	Presisjon	Stabilitet
Deltaking i danseaktivitetar	34	-0,258 p=0,141	0,105 p=0,554	-0,033 p=0,854
Musikkutøving	34	-0,219 p=0,214	-0,193 p=0,275	0,153 p=0,387
Total deltaking <sup>1)</sup>	34	-0,310 p=0,074	-0,035 p=0,845	0,064 p=0,718

<sup>1)</sup>Deltaking i danseaktivitetar er vekta 2. Det er brukt Pearson korrelasjon. Det er ingen signifikant korrelasjon mellom variablene.

Tabell 8 viser at det er ingen signifikant korrelasjon mellom nokon av prestasjonsvariablene og mengde deltaking i musikkutøving eller danseaktivitetar. Det er ein svak negativ korrelasjon mellom gjennomsnittleg ballhastigkeit og deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving. Mellom presisjon og deltaking i danseaktivitetar er det ein svak men positiv korrelasjon, men mellom musikkutøving og presisjon er det ein svak negativ korrelasjon. Det ser ikkje ut til å vere nokon samanheng mellom deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving og stabilitet i smashen i mitt materiale.

Har deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving teke av tida til volleyballtrening ? Om ein korrelerer total deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving med tal på seongar spelt volleyball ( $r = -0,021$ ) tyder det på at det ikkje er tilfelle. Om ein hadde sett tal på økter volleyballtrening i staden for sesongar ville kanskje resultatet blitt eit anna. Korrelasjon mellom presisjon og total deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving er  $r = -0,035$ . Mitt studie viser at det er lite eller ingen samanheng mellom presisjon i volleyballsmashen og deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving. Det er også ubetydeleg samanheng mellom stabilitet i volleyballsmashen og deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving.

Ein av dei statistiske metodane som blir brukt for å finne samanheng mellom ulike variablar er korrelasjon. Om det er lav korrelasjon mellom variablar kan det likevel vere vesenlege ulikskapar/samanhangar i delar av materialet særleg i forhold til dei som scorar høgt og dei som scorar lavt på ein variabel og som er vanskeleg å oppdage.

#### **4.6 Metode for inndeling av prestasjonsvariablane etter score**

For å finne mulege samanhengar eller forskjellar i eit material er ein vanleg metode å samanlikne dei med høgst score med dei med lågast score (Domino & Domino, 2006).

Denne metoden vert kalla EGA - Extreme Groups Approach (Preacher, Rucker, MacCallum, & Nicewander, 2005, s.178).

“If sample size is limited, EGA often can be used to increase the power to detect an effect, if an effect exists to be found” (Preacher, et al., 2005, s.189).

Kelley (1939) meiner den beste strategien er å velje 'the upper 27% and the lower 27%'. Fleire har i ettertid vurdert denne metoden og det er ulike meininger om den, den har både styrkar og svakheiter – slik er det generelt med EGA. Styrken er at den aukar mulegheitene for å finne effektar, svakheita er at den eliminerer 46% av forsøkspersonane. Om ein avviker litt frå 27% til dømes 25% eller 30% betyr det ikkje så mykje (Domino & Domino, 2006). I den vidare analysen av resultata meiner eg at eg er best tent med å bruke EGA og då vel eg Kelley (1939) sin 'The high-low-27-per-cent group method'. Eg vil samanlikne dei 27% med høgst score med dei 27% med minst score for å kunne sjå ulikskapar mellom gruppa med best prestasjonsvariablar og gruppa med svakaste prestasjonsvariablar for ulike uavhengige variablar. Gruppene kallar eg 'High 27%' og 'Low 27%'.

#### **4.6.1 Samanlikning av gruppene 'High 27%' og 'Low 27%' for kvar av prestasjonsvariablane og deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving**

**Tabell 9:** Forskjellar i tal på timer med deltaking i dansaktivitetar og musikkutøving for gruppene 'High27%' og 'Low27%' for dei ulike prestasjonsvariablane. M±S er gjennomsnittsverdiar for tal på timer ± standardavvik.

Prestasjons-variablar	Grupper	Deltaking i danseaktivitetar M±S	Musikkutøving M±S	Total deltaking M±S
Ballhastigkeit	High 27%	276 ± 236	512 ± 483	1065 ± 655
	Low 27%	515 ± 400	881 ± 502	1912 ± 1082
Presisjon	High 27%	482 ± 755	559 ± 755	1524 ± 1161
	Low 27%	358 ± 459	796 ± 548	1512 ± 1214
Stabilitet	High 27%	548 ± 404	823 ± 823	1920 ± 1431
	Low 27%	580 ± 399	600 ± 503	1760 ± 1018

Det er ingen signifikante forskjellar mellom nokon av gruppene.

Av 9 stk. i gruppa High 27% når det gjeld ballhastigkeit er 6 stk. frå elite, 2 stk. frå 1.divisjon og 1 stk. frå 2.divisjon. I gruppa Low 27% er ingen frå elite, 3 stk. frå 1.divisjon og 6 stk. frå 2. divisjon. Fleirtalet av dei som tilhører gruppa High 27% i ballhastigkeit tilhører elite divisjon. Ferdighetsnivået i volleyballsmash vert rekna for å vere den viktigaste indikator på spelenivå (Buekers, Boutmansa, & Thielen, 1986).

#### **4.6.2 Ballhastigkeit, presisjon og stabilitet i volleyballsmashen og deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving**

Om ein samanliknar gruppene "High 27%" og Low 27%" for kvar av prestasjonsvariablane med deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving finn ein same tendensen som i Tabell 8 s.91. Dei som scorar høgst på ballhastigkeit har gjennomsnittleg mindre timer deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving enn dei som scorar lågast på ballhastigkeit, men forskjellane er ikkje signifikante. I forhold til presisjon finn eg ikkje dei store forskjellane mellom gruppene, her har 'High 27%' gjennomsnittleg høgre score i danseaktivitetar enn 'Low 27%'. I forhold til musikkutøving er det 'Low 27%' som har høgst score men i forhold til total deltaking kjem gruppene nesten likt ut.

Forholdet mellom stabilitet og deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving viser ikkje nokon signifikante forskjellar mellom 'High 27%' og 'Low 27%', men tendensen er her også at mykje deltaking i danseaktivitetar kan slå ut litt negativt på stabiliteten til volleyballsmashen.

I Tabell 10 under ser ein at forskjellane mellom gruppene 'High 27%' og 'Low 27%' for deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving i forhold til prestasjonsvariablene i volleyballsmashen, har ein tendens som viser at mykje deltaking i danseaktivitetar kan virke negativt på smashen i forhold til ballhastigheit. Dei som har mykje deltaking i danseaktivitetar scorar gjennomsnittleg litt høgre på presisjon enn dei med minst deltaking, men forskjellen er ikkje signifikante. 'Low 27%' i deltaking i danseaktivitetar har gjennomsnittleg betre stabilitet enn 'High 27%'. Når det gjeld deltaking i musikkutøving har dei med mest deltaking betre stabilitet enn gruppa med minst deltaking. Forskjellane er ikkje signifikante. Det er ein svak men ikkje signifikant tendens til at høg deltaking i danseaktivitetar ikkje er ein fordel for ballhastigheit og stabilitet men ein liten (ikkje signifikant) fordel for presisjon. Høg deltaking i musikkutøving ser ikkje ut til å vere noko ulempe i forhold til stabilitet.

**Tabell 10:** Forskjell i prestasjonsvariablene og tal på sesongar spelt volleyball hos gruppene 'High 27%' og 'Low 27%' i forhold til deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving.

Deltaking i ...	Grupper	Ballhastigkeit (km/t) M±S	Presisjon M±S	Stabilitet* (km/t) M±S	Tal sesongar spelt volleyball
Danseaktivitetar	High 27%	50,80 ± 5,07	34,56 ± 9,04	7,51 ± 3,72	9,22 ± 2,73
	Low 27%	56,79 ± 6,29	32,22 ± 8,69	7,17 ± 1,74	8,44 ± 2,07
Musikkutøving	High 27%	52,70 ± 4,83	31,33 ± 9,03	6,65 ± 3,40	7,78 ± 1,92
	Low 27%	55,49 ± 9,30	38,78 ± 10,80	7,70 ± 3,04	8,33 ± 2,96
Totalt	High 27%	53,85 ± 4,52	31,67 ± 7,73	7,00 ± 4,21	8,78 ± 2,59
	Low 27%	59,90 ± 8,00	33,33 ± 8,66	6,17 ± 1,67	8,56 ± 2,92

\*Til mindre tal dess betre stabilitet. Det er ingen signifikant forskjell mellom gruppene 'High 27%' og 'Low 27%' for nokon av prestasjonsvariablene og tal på sesongar spelt volleyball.

Som ein ser av Tabell 10 er det ikkje så store forskjellar når det dreier seg om tal på sesongar spelt volleyball mellom gruppene. Dei som har mest deltaking frå danseaktivitetar har gjennomsnittleg spelt volleyball lengst, men har likevel minst

ballhastigkeit, best presisjon og lågast stabilitet i forhold til dei med minst deltaking. Dei med mest deltaking frå musikkutøving har gjennomsnittleg betre stabilitet enn dei med minst deltaking, men forskjellane er ikkje signifikante. Metoden for å måle presisjon synest å gje for tilfeldige resultat den har lav reliabilitet (korrelasjon mellom presisjon kant og presisjon diagonalt er lav  $r=0,160$ ) og validiteten er vurdert som lav.

Resultatet frå studiet kan tyde på at mykje deltaking i danseaktivitetar verkar negativt på prestasjonsvariablane ballhastigkeit og stabilitet, det er usikkert i forhold til presisjon. Det er ein tendens til at også musikkutøving verkar negativt på ballhastigkeit og presisjon og svakt positivt på stabilitet, men forskjellane er ikkje signifikante. Resultata er høgst usikre og det trengs meir studie av korleis danseaktivitetar verkar på asykliske rørsler, det bør særleg undersøkjast om det kan vere forskjell mellom ballettdans og andre dansar. Ballettdans lausriver seg noko frå sykliske rørsler og kan vere prega av mange asykliske rørsler.

#### **4.7 Kva med den rytmiske ferdigheten ?**

Figur 1 s.16 viser det teoretiske oppsettet av studiet. Empirien som skulle vise om deltaking i dans og musikkutøving hadde effekt på nokre prestasjonsvariabler i volleyballsmashen gav eit noko overraskande resultat. Det er ein svak tendens i materialet mitt til at mykje deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving kan verke negativt på prestasjonsvariablene i volleyballsmashen. Er dette eit resultat på grunn av metodeval, feilkjelder eller utval eller er det rett og slett slik at 'sanninga' om at danseaktivitetar er bra for idrettsutøvarar ikkje er så sant likevel ? At musikkutøving har liten effekt på idrettslege rørsler var ikkje så overraskande.

Utgangspunktet for mange er at rytmisk ferdighet (rytmisk evne, rytmisk sans, rhythmic ability, Rhythmisierungsfähigkeit og Rhythmusfähigkeit ) er eit felles menneskeleg fenomen som kan brukast universelt. At rytme og rytmisk ferdighet er sentral og viktig i rørsler er det stor semje om, men om den rytmiske ferdigheita i danseaktivitetar som er knytt til synkronisering til impulsar i musikken også er den same som i idrettslege rørsler er det usemje om. Eit anna aspekt som er lite belyst i forhold til rytmisk ferdighet er forskjellen i impulsbiletet mellom sykliske og asykliske

rørsler. Det er lettare å sjå likskapen mellom sykliske rørsler og danseaktivitetar enn mellom danseaktivitetar og asyklike rørsler. Fleire studium viser at musikk synkronisert med rørslene kan ha positiv innverknad på idrettslege prestasjonar men dette er bare knytt til sykliske rørsler slik også eit studie av Anshel & Marisi (1978) viser.

Empirien min tyder på at den rytmiske ferdigheita som er underliggende dans- og musikkutøving ikkje er den same ferdigheita som er underliggende asyklike rørsler - eller finst ei anna forklaring ?

Det kan tenkjast at den rytmiske ferdigheita er eit felles menneskeleg fenomen som alle har i større eller mindre grad og at ulikskapar i prestasjonar kjem av dette. Det vert hevda at rytmisk ferdighet er medfødd, lite trenbart og endrar seg bare ved modning. Om dette er tilfelle vil det kunne forklare kvifor dei med mykje deltaking i dans og musikkaktivitetar ikkje scorar høgre på prestasjonsvariablane enn dei utan slik erfaring. Det kan vere slik at ein presterer i forhold til dei rytmiske ferdighetene ein har fått 'utdelt' og uansett kor mykje ein trenar blir ein ikkje særleg betre. Zachopoulou et al. (2003) viser til fleire studium som støttar dette. Det kan sjå ut som den rytmiske ferdigheita kjem inn under det som Schmidt & Lee (2005) kallar 'ability' eller det som i tysk litteratur vert kalla 'Fähigkeit'. Mest truleg vil fleire 'abilities' ligge til grunn for det som vi til vanleg kallar rytmisk ferdighet .

Om det er tilfelle at deltaking i dans verkar negativt på prestasjonsvariablane i volleyballsmashen kan det kome av at dans for det meste er syklist og volleyballsmashen er asyklist. Om volleyballsmashen er underlagt ein sentral kontroll vil motoriske program styre rørslene. Vil mykje sykliske rørsler vere med å prege GMP (Generalized motor program) som vanskelig gjer etablering av gode funksjonelle asyklike 'motoriske program' slike som volleyballsmashen? – dette blir bare spekulasjonar og må stå for eiga rekning.

Det er ein liten tendens til at dei som har mest erfaring frå musikkutøving og har gjennomsnittleg minst volleyballerfaring scorar høgst på stabilitet (sjå Tabell 10 s.94)


korleis kan det forklarast ? Det kan vere tilfeldig, men ei plausibel forklaring kan vere at utøvande musikkarar tenkjer musikkstykke i fraser for å få den rette dynamikken, vil dette også gjere at dei ser heile smashteknikken som ei frase eller som ein 'Gestalt' og klarer slik å gjenta teknikken nokolunde likt frå gong til gong ?

#### **4.8 Er det dei same utøvarane som scorar høgt på alle dei tre prestasjonsvariablane i smashen og kva for ulikskapar og likskapar i bakgrunn kan vi finne hos desse ?**

Ved hjelp av krysstabulering vil eg finne om det er dei same forsøkspersonane som scorar høgt på alle dei tre prestasjonsvariablane for deretter å sjå om eg finn ein samanheng med rytmiske variablar (mengde, type, sjølvrapportering). Bare 4 forsøkspersonar kjem i gruppene 'High 27%' på alle dei tre prestasjonsvariablane. 3 av desse kjem i gruppa med minst rytmisk erfaring og 1 i gruppa med middels rytmisk erfaring. Det er vanskeleg å finne nokon likskap mellom dei som scorar høgt, det er også vanskeleg å finne nokon likskap mellom dei som scorar lågt. Finn heller ingen openbar ulikskap mellom dei som scorar høgt og dei som scorar lågt.

#### **4.9 Eigenvurdert rytmisk ferdighet og prestasjonsvariablane – noko uvitskapleg**

Som nemnt tidlegare i oppgåva har dei fleste ein implisitt forståing av kva rytme er og kva rytmisk ferdighet inneber. Eg synest det var interessant å sjå korleis forsøkspersonane vurderte eigen rytmisk ferdighet. Med bakgrunn i dei to siste spørsmåla side 10 i Vedlegg 3 ville eg få ein peikepinn på korleis forsøkspersonane vurderte eigen rytmisk ferdighet i forhold til prestasjonsvariablane ballhastigkeit, presisjon og stabilitet. Dette må sjåast på som lite vitskapleg, men kanskje det kan vise noko som kan gje ein spore til vidare arbeid med å operasjonalisere rytmisk ferdighet og lage ein standardisert test til bruk i idrettssamanheng ?



**Figur 12:** Gjennomsnittsverdiar for ulike grupper si eigenvurdering av rytmisk ferdighet. Maksimalt oppnåeleg muleg score er 10.

Korrelasjon mellom Stabilitet og eigenvurdert rytmisk ferdighet er for heile gruppa N= 34 r=0,359 og p<0,05.

Det er tydeleg at Elite, 1. og 2. divisjon ikkje vurderer eigen rytmisk ferdighet i forhold til den mengde erfaring dei har i dans og musikkutøving - sjå Tabell 7 s.90.

Jamfört med Figur 12 vurderer Elitespelarane si rytmiske ferdighet som betre enn 1. divisjon som vurderer si rytmiske ferdighet som betre enn 2.divisjon. Dette var også rekkefylja når det galt ballhastigkeit, men ikkje rekkefylja når det galt erfaring i dans og musikkutøving. Vi ser også at gruppene 'High 27%' i ballhastigkeit og stabilitet vurderer sine rytmiske ferdigheiter som betre enn 'Low 27%' i tilsvarande prestasjonsvariabler, når det gjeld 'Low 27%' i presisjon vurder dei sine rytmiske ferdigheiter som betre enn 'High 27%'. Dette kan vise den usikkerheita i metoden som er brukt i testinga av presisjon.

Kva kan vi trekke ut av dette ? Rytmisk ferdighet kan ha betydning for utføringa av volleyballsmashen men dette ser ut til å vere rytmisk ferdighet i ei anna betydning enn det som er brukt i dans og musikk.

## **5 KONKLUSJON.**

Rytme er eit sentralt element i volleyballsmashen og andre idrettslege rørsler, det viser den store mengde litteratur som omhandlar rytme i idrett og rytme i rørsler. Det er problematisk å finne ein definisjon av rytme som ein kan samlast om då omgrevsapparatet rundt er uklart og mangfaldig. Dette har gjort det vanskeleg å kome vidare for å finne kva betydning rytme har i idrettslege rørsler. Eg synest det er lagt for lite vekt på skilnaden på syklike og asyklike rørsler, det er nesten slik at ein burde hatt ein definisjon av rytme i forhold til asyklike rørsler og ein definisjon i forhold til syklike rørsler - så ulike er dei. Det er vanskeleg å sjå at volleyballsmash og laup kan gå under same rytmedefinisjon. Volleyballsmashen lausriver seg frå grunnrytmen og liknar meir på melodirytmen i ei frase. Fleirtalet av dei beste smasharane har ei likearta rytme og ein reknar med at denne rytmens er den beste for dei fleste.

Etter mitt skjønn er rytme eit overordna omgrep med mange fasettar og det viktigaste arbeidet framover vil vere å gjere ei omgrevsavklaring slik at ein kan operasjonalisere i mykje større grad for å kome vidare både i forhold til testing og trening/læring av rørsler. Det er nødvendig å revitalisere praktisk forsking rundt betydinga av rytme i idrettslege rørsler. Det er mellom anna ei allmenn oppfatning om at dans og rytmiske aktivitetar er bra i treninga – ja på mange område er det gunstig men i forhold til trening og etablering av funksjonelle teknikkar manglar empiri.

Eit anna framtidig perspektiv er spørsmål om rytmens i idrettslege rørsler kan bli optimalt funksjonell ved eksplisitt læring, eg trur den implisitte læringa er undervurdert og framtidige studium bør i større grad vedrøre læring og trening som føregår implisitt. Det er eksempel på at rytmens i ein teknikk vert lært implisitt til dømes rytmens i golfslaget.

Det er nødvendig å finne betre metodar for å vurdere smashprestasjonen. Med utgangspunkt i det som eg synest fungerte i mitt studie av prestasjonsvariablene i volleyballsmashen hadde det vore spanande å prøve og utvikle ein standardisert test for å kartlegge prestasjonane i volleyballsmashen.

Det var eit overraskande funn at mykje deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving ser ut til å ha svak negativ innverknad på prestasjonsvariabelen ballhastigkeit. Medan musikkutøving ser ut til å ha svak positiv innverknad på stabiliteten i smashen. Rytmisk ferdighet i forhold til idrett ser ut til å vere ein annan ferdigheit enn den ein omtalar i forhold til musikk og dans. Om denne ferdigheita eller evna er medfødd og bare endrar seg ved modning eller om den er trenbar, er framleis uklart. Når rytme i forhold til idrett er tilstrekkeleg operasjonalisert skal det vere muleg å lage ein rytme test spesielt eigna for idrettslege rørsler som kan brukast til å gradere rytmisk ferdigheit. Finst ein slik test kan ein finne om rytmisk ferdigheit er trenbar eller ikkje og saman med ein god smashtest vil ein kunne forstå kva rolle rytmisk ferdigheit har.

Det kan sjå ut som forståing og oppleving av eigen rytmisk ferdigheit kan relaterast til prestasjonsvariablane ballhastigkeit og stabilitet, men dette er høgst usikkert. Det er bare tre forsøkspersonar som scorar høgt på alle dei tre prestasjonsvariablane og det er vanskeleg å finne likskapar mellom desse. Det er også vanskeleg å finne ulikskapar med dei som scorar lavt på dei same prestasjonsvariablane.

Studiet mitt bekreftar at ballhastigkeit etter smash er ein viktigare indikator på ferdighetsnivå i volleyball enn presisjon og stabilitet.

Då mykje av litteraturen som omhandlar rytme er av generell karakter og relativt lite som vedrører volleyball spesielt, ser eg eit stort behov for anvendt forsking om rytmens rolle i dei ulike volleyballteknikkane.

## LITTERATURLISTE

- Anshel, M. H., & Marisi, D. Q. (1978). Effect of Music and Rhythm on Physical Performance. *Research Quarterly*, 49(2), 109-113.
- Barela, M. M. (1979). *Motion in Musical Time and Rhythm*. College Music Symposium, 19(1), 78-93.
- Barnard, B. J. (1964). *The relationship of rhythmic ability and background in dance and music to swimming achievement of college women*. Seattle, Wash.
- Bartlett, J., Smith, L., Davis, K., & Peel, J. (1991). Development of a Valid Volleyball Skill Test Battery. *Journal of Physical Education, Recreation and Dance*, 62(2), 19-21.
- Batalha, A. P., & Lozano, S. G. (2007). Performance ritmica. Analisis y cuantification de la capacidad ritmica. *CCD; Cultura, ciencia y deporte: revista de ciencias de la actividad física y del deporte de la Universidad Católica de San Antonio*, 2(6), 125-130.
- Batalha, A. P., & Macara, A. (2007). *Rhythm capacity: Comparison between professional dancers and dance students*. Paper presented at the International Symposium on Performance Science.
- Behrens, G. A. (1984). In Search of the Long Assumed Relationship between Rhythm and Movement. *Contributions to Music Education*, 11 33-54.
- Bergeron, J. (u.å). *Technique and rhythm in the throws*.  
Henta 15.januar 2009 fra <http://www.coachr.org/tandr.htm>
- Blindheim, S. (2005). *Olympiatoppens basiskonsept: en klargjøring av sentrale begreper, observasjon og analyse*. Hovedfagsoppgave ved Norges idrettshøgskole, Oslo.
- Bode, R. (1953). *Rhythmische Gymnasikk*. Frankfurt am Main: Wilhelm Limpert Verlag.

- Boyle, J. D., & Radocy, R. E. (1987). *Measurement and evaluation of musical experiences*. New York: Schirmer Books.
- Brack, R. (1983). *Trainingswissenschaftliche Leistungsdiagnostik im Volleyball: konditionelle, technomotorische und anthropometrische Einflussgrößen*. Ahrensburg: Czwalina.
- Brunner, I. (1976). Jazztanz I: E. Hahn & W. Preising (Eds.), *Die Menschliche Bewegung -Human Movement* (Vol. Schriftenreihe des Bundesinstituts für Sportwissenschaft pp. 201 s.). Schorndorf: Hofmann.
- Buekers, M., Boutmansa, J., & Thielen, A. (1986). Testbatterie für Spitzenspieler im Volleyball - Konstruktion und Validierung. *Leistungssport*,(6), 22-24.
- Bülow, G. v. (1972). *Hvad er rytmik?: en introduktion i rytmisk-musikalisk opdragelse*. København: Wilhelm Hansen.
- Bünner, G., & Röthig, P. (1971). *Grundlagen und Methoden rhythmischer Erziehung*. Stuttgart: Klettverlag.
- Carr, G. A. (1997). *Mechanics of sport: a practitioner's guide*. Champaign, Ill.: Human Kinetics.
- Chałupka, N. A., Różańska, D., & Rostkowska, E. (2007). The rhythm of movement during aquarobic classes. *Acta Univ. Palacki. Olomuc., GYMNICA*, 37(3).
- Christmann, E., & Gabler, H. (1985). *Das Konzept der "Funktionalen Bewegungsanalyse" als Möglichkeit zur Beschreibung von Fertigkeiten des Volleyballspiel*. In E. Christmann & H. Letzelter (Eds.), *Volleyball optimieren und variieren. 10. Symposium des Deutschen Volleyballverbandes 1984* (Vol. 54, pp. 14-18). Ahrensburg bei Hamburg: Czwalina.
- Chung, C., K. Choi, & al., e. (1990). Three-dimensional kinematics of the spiking arm during the volleyball spike. *Korean Journal of Sport Science*, 2, 124-151.
- Clynes, M. (1986). When Time Is Music. In J. R. Evans & M. Clynes (Eds.), *Rhythm in Psychological, Linguistic and Musical Processes* (pp. 169 -). Springfield, Illinois, USA: Charles Thomas Publisher.

- Coleman, S. G. S. (1993). A three-dimensional cinematographic analysis of the volleyball spike. *Journal of Sport Sciences*, 11, 295-302.
- Cooper, J. M., & Andrews, E. W. (1975). Rhythm as a Linguistic Art: Signs, Symbols, Sounds, and Motions. *Quest*, 23(61), 61-67.
- Cooper, J. M., & Glassow, R. B. (1976). *Kinesiology*. Saint Louis: Mosby.
- Dannemann, F. (1985). Das Koordinationstraining für den Volleyball-Spieler. Lehre und Praxis Volleyball. *Deutsche Volleyball Zeitschrift* (2), 16-18.
- Dilthey, D. (1972). Bewegungsverwandtschaften zwischen Gymnastik und Skilauf. *Leibesübungen*. *Fachzeitschrift für Turnen-Sport-Gymnastik*, 23(3), 4-10.
- Domino, G., & Domino, M. L. (2006). *Psychological testing: an introduction*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Dyreborg, E. (1972). *Musikterapi*. København: Gyldendal.
- Engel, L. (1988). *Kropsmusik*. København: DHL.
- Evans, J. R., & Clynes, M. (1986). *Rhythm in Psychological, Linguistic and Musical Processes*. Springfield, Illinois, USA: Charles Thomas Publisher.
- Ferris, D. P., Signorile, J. F., & Caruso, J. F. (1995). The relationship between Physical and Physiological Variables and Volleyball Spiking Velocity. *Journal of Strength and Conditioning Research*, 9(1), 32-36.
- Fetz, F., & Ballreich, R. (1974). *Grundbegriffe der Bewegungslehre der Leibesübungen*. Frankfurt/Main: Limpert Verlag.
- FIVB. (2008). Personal data. Henta 27. januar 2010 frå <http://www.fivb.org/en/technical/olympics/2008/women/#nowhere>

- Forthomme, B., Croisier, J.-L., Ciccarone, G., Crielaard, J.-M., & Cloes, M. (2005). Factors Correlated With Volleyball Spike Velocity. *The American Journal of Sports Medicine*, 33(10), 1513-1519.
- Fraisse, P. (1981). Multisensory Aspects of Rhythm. I: R. D. Walk & H. L. Pick (Eds.), *Intersensory perception and sensory integration* (pp. 217-248). New York: Plenum Press.
- Gabrielsson, A. (1979). Experimental Research On Rhythm. *The Humanities Association Review* 30, 69-92.
- Gabrielsson, A. (1986). Rhythm in Music. I: E. O. Clynes (Ed.), *Rhythm in Psychological, Linguistic, and Musical Processes* (pp. 131-167). Springfield, Illinois, USA: Charles Thomas Publisher.
- Gawith, P. (1980). Rhythm and the motor programme for gross motor skills. *Research Papers in Physical Education*, 2(1).
- Gjerset, A., Haugen, K., Holmstad, P., & Giske, R. (2001). *Treningslære* (2.oppl 2002 ed.). Oslo: Gyldendal undervisning.
- Glenncross, D. J. (1970). Serial organization and timing in a motor skill. *Journal of Motor Behavior*, 2(4), 229-237.
- GolfAchiever. (u.å.). *Using Camera Technology to Measure Golf Launch Parameters?* Henta 15. mai 2010 fra <http://www.golfachiever.com/Web/Technology/StroboscopicTech/camerapaper.pdf>
- Grigoris, G. M., Nikolaos, K. B., Karolina, G. B., Ioannis, A. B., George, P. N., & Maria, D. K. (2008). Somatotype, size and body composition of competitive female volleyball players. *Journal of science and medicine in sport / Sports Medicine Australia*, 11(3), 337-344.
- Grosser, M. (1983). Sportmotorische Fähigkeiten, die für das Erlernen und Zustandekommen sportlicher Bewegungen grundlegend sind. I: H. Digel (Ed.), *Lehren im Sport. Ein Handbuch für Sportlehrer, Sportstudiernde und Übungsleiter*. Reinbek bei Hamburg: Rowohlt.

Grosser, M., & Neumaier, A. (1982). *Techniktraining: Theorie und Praxis aller Sportarten*. München: BLV.

Göhner, U. (1979). *Bewegungsanalyse im Sport: ein Bezugssystem zur Analyse sportlicher Bewegungen unter pädagogischen Aspekten*. (pp. 223 s.). Schorndorf: Karl Hofmann.

Göhner, U. (1983). *Wie sich sportliche Bewegungen analysieren und strukturieren lassen*. Lehren im Sport. Ein Handbuch für Sportlehrer, Sportstudierende und Übungsleiter. Reinbek bei Hamburg Helmut Digel, Rowohlt Taschenbuch Verlag.

Hanebuth, O. (1961). *Der Rhythmus in den Leibesübungen*. Frankfurt am Mein.

Hanebuth, O. (1964). *Rhythmisches Turnen - eine sportliche Kunst*. Frankfurt: W.Limpert Verlag.

Haukvik, I. V. (2000). *Koordinasjon av rytmiske bevegelser. Mønsterdannelse i biologiske systemer*. *Fysioterapeuten*, 10/2000.

Holme, I. M., & Solvang, B. K. (1986). *Metodevalg og metodebruk*. Oslo: TANO.

Hotz, A. (1991). *Praxis der Trainings- und Bewegungslehre*. Frankfurt: Diesterweg.

Huff, J. (1972). Auditory and visual perception of rhythm by performers skilled in selected motor activities. *The Research Quarterly*, 43(2), 197-207.

Iwoilow, A. W., & Scheidereit, D. (1984). *Volleyball: Biomechanik und Methodik*. Berlin: Sportverlag.

Jacobs, D. (1962). *Die menschliche Bewegung*. Ratingen: A.Henn-Verlag.

Jaques-Dalcroze, É. (1988). *Rhythm, music, and education*. Salem, New Hampshire: Ayer Company.

Juntunen, M.-L. (2004). *Embodiment in Dalcroze Eurhythmics*. University of Oulu, Finland., Oulu.

Kelley, T. L. (1939). The selection of upper and lower groups for the validation of test items. *Journal of Educational Psychology*, 30, 17-24.

Kjørmo, O. (1987). *Allsidig treningspåvirkning av unge idrettsutøvere- forutsetninger og konsekvenser*. Oslo: Norges Idrettshøgskule.

Kjørmo, O. (1994). *Psykologiske termer og begreper i idrettsfaglig sammenheng*. Oslo: Norges idrettshøgskole/Olympiatoppen.

Klages, L. (1934). *Vom Wesen des Rhythmus*. Kampen auf Sylt.

Kochner, G. (1968). *Einführung in die Sportbiologie*. München: Uni-Druck.

Kosel, A. (2001). *Schulung der Bewegungskoordination*. Schorndorf: Verlag Karl Hofmann.

Kraus, R. G., & Chapman, S. A. (1981). *History of the dance in art and education*. Englewood Cliffs, N.J.: Prentice-Hall.

Laban, R. (1948). *Modern Educational Dance*. London.

Loland, S. (1992). The Mechanics and Meaning of Alpine Skiing: Methodological and Epistemological Notes on the Study of Sport Technique. *Journal of the Philosophy of Sport*, 19(1).

Lundin, R. W. (1967). *An objective psychology of music*, New York.

Martin, D. (1982). *Die Planung, Gestaltung, Steuerung des Trainings und das Kinder und Jugendtraining* (Vol. 2): Schorndorf.

Martin, D. (1988). *Training im Kindes- und Jugendalter*. Schorndorf: Karl Holmann.

Maxwell, T. (1981). A cinematographical analysis of the volleyball spike of selected top-calibre female athletes. *Volleyball Technical Journal*, 7(1), 43-54.

Meinel, K., & Schnabel, G. (1977). *Bewegungslehre: Abriss einer Theorie der sportlichen Motorik unter pädagogischem Aspekt*. Berlin: Volk und Wissen Volkseiner Verlag.

Meinel, K., & Schnabel, G. (2007). *Bewegungslehre - Sportmotorik: Abriss einer Theorie der sportlichen Motorik unter pädagogischem Aspekt* (11 ed.). Aachen: Meyer & Meyer Verlag.

Michelsen, K., Huldt-Nystrøm, H., Levin, R., & Rugstad, G. (1978). *Cappelens musikklexikon*. Oslo: Cappelen.

Moe, S. (1994). *Rytme og arbeid: rytmebegrepet som analytisk redskap*. Hovedfagsoppgave ved Norges idrettshøgskole, Oslo.

Ogden, C. K. & Richards, I. A. (1923). *The Meaning of Meaning: A Study of the Influence of Language Upon Thought and of the Science of Symbolism*. London: Routledge & Kegan Paul.

Preacher, K. J., Rucker, D. D., MacCallum, R. C., & Nicewander, W. A. (2005). Use of the Extreme Groups Approach: A Critical Reexamination and New Recommendations. . *Psychological Methods*. , 10(2), 178-192.

Prsala, J. (1982). Improve your spiking in volleyball. *Volleyball Technical Journal*, 7(2), 57-64.

Radocy, R. E., & Boyle, J. D. (1988). *Psychological foundations of musical behavior*. Springfield, Ill.: C. C. Thomas.

Radocy, R. E., & Boyle, J. D. (1997). *Psychological foundations of musical behavior*. Springfield, Ill.: Charles C. Thomas.

Ronglan, L. T. (2008). *Lagspill, læring og ledelse: om lagspillenes didaktikk*. Oslo: Akilles.

Rønholt, & Rønholt. (1983). Grunnlæggende Idrætskvaliteter. Rytme i basketball.  
*FOCUS idræt*, 8(2), 55-56.

Röthig, P. (1970). *Rhythmus und Bewegung: eine Analyse aus der Sicht der Leibeserziehung*. Schorndorf: Hofmann.

Röthig, P., & Grossing, S. (1993). *Bewegungslehre* (4 ed.). Wiesbaden: Limpert.

Sawyer, E. (1985). *Dance with the music: the world of the ballet musician*. Cambridge: Cambridge University Press.

Schmidt, R. A., & Lee, T. D. (2005). *Motor control and learning: a behavioral emphasis*. Champaign, Ill.: Human Kinetics.

Schmidt, R. A., & Wrisberg, C. A. (2000). *Motor learning and performance*. Champaign, IL: Human Kinetics.

Schmidt, R. A., & Wrisberg, C. A. (2001). *Idrottens rörelselära: motorik och motorisk inlärning*. Farsta: Sisu idrottsböcker.

Schnabel, G., Harre, D., Krug, J., & Borde, A. (2003). *Trainingswissenschaft - Leistung, Training, Wettkampf*. Berlin: Sportverlag.

Schwanda, N. A. (1969). A study of rhythmic ability and movement performance.  
*Research Quarterly*, 40(3), 567-574.

Smoll, F. (1973). A rhythmic ability analysis system. *Res Q*, 44(2), 232-236.

Standal, Ø. F. (2004). *Embodied learning in ski instruction*. [Oslo] [Ø.F. Standal].

Stene, F. (1989). *Undervisning i kroppsøving og idrett*. Oslo: Universitetsforlaget.

Summers, J. J. (1977). The relationship between the sequencing and timing components of a skill. *Journal of Motor Behavior*, 9(1), 49-59.

Tant, C. L., Greene, B., & al., e. (1993). *A comparison of the volleyball jump serve and the volleyball spike*. Paper presented at the Biomechanics in Sports XI.

Thackray, R. (1969a). An investigation into rhythmic abilities. *Music education research papers*, 4, 47.

Thackray, R. (1969b). Rhythmic Abilities and Their Measurement. *Journal of Research in Music Education*, 17(1), 144-148.

Thomas, J., & Moon, D. (1976). Measuring Motor Rhythmic Ability in Children. *Research Quarterly*, 47(1), 20-32.

Thomas, J. R., Silverman, S. J., & Nelson, J. K. (2005). *Research methods in physical activity*. Champaign, Ill.: Human Kinetics.

Toyoda, H. (u.å). Theory of Basic Individual Techniques. I: FIVB (Ed.), *Coaches Manual I*: Federation International Volleyball.

Vervaeke, L., Pauwels, J., & Willems, E. (1986). *The measuring of rhythmic aspects in dance through the 'Triplet test'*. Paper presented at the Commonwealth and International Conference on Sport, Physical Education, Dance, Recreation and Health. Dance. The Study of dance and the place of dance in society.

Vint, P. F., & Hinrichs, R. N. (2004). *Factors related to the development of ball speed and to the incidence of one-legged landings in the front-row volleyball attack*. Paper presented at the 22 International Symposium on Biomechanics in Sports. Henta 15.november 2009 fra  
<http://w4.ub.uni-konstanz.de/cpa/article/view/1257>

Voigt, H., & Naul, R. (1980). *Arbeitsblätter für Volleyballspieler. Frontaler Angriffsschlag*. Düsseldorf: August Bagel Verlag.

Waadeland, C. H. (2000). *Rhythmic movements and moveable rhythms: syntheses of expressive timing by means of rhythmic frequency modulation*. Department of Musicology, Norwegian University of Science and Technology, Trondheim.

Wedaman, R. A., Tant, C. L., & Wilkerson, J. D. (1988). *Segmental coordination and temporal structure of the volleyball spike*. Paper presented at the 6 International Symposium on Biomechanics in Sports. Henta 10.januar 2010 fra  
<http://w4.ub.uni-konstanz.de/cpa/article/viewFile/2144/2003>

Westerhaus, H. (1967). Der Rhythmus und seine Erscheinungsformen in der Bewegungstechnik. *Die Leibeserziehung*, 16(8), 249-258.

Widdop, J. (1968). Effects of ballet training program upon the physical performance of college freshmen. *Research Quarterly*, 39, 752-754.

Zachopoulou, E., Derri, V., Chatzopoulos, D., & Ellinoudis, T. (2003). Application of Orff and Dalcroze activities in preschool children: do they affect the level of rhythmic ability? *PHYSICAL EDUCATOR*, 60(2), 50-56.

Zachopoulou, E., & Mantis, K. (2001). The Role of Rhythmic Ability on the Forehand Performance in Tennis. *Physical Education & Sport Pedagogy*, 6(2), 117-126.

## Tabelloversikt

<b>Tabell 1:</b> Tabellen viser ei skjematisk oversikt over ulike definisjonar av rytme og rytmekarakteristikkar.....	29
<b>Tabell 2:</b> Fysiske kjenneteikn til forsøkspersonane . $M \pm S$ er gjennomsnitt $\pm$ standardavvik.....	79
<b>Tabell 3:</b> Resultat frå test av ballhastigkeit. $M \pm S$ er gjennomsnitt $\pm$ standardavvik. .....	83
<b>Tabell 4:</b> Resultat frå test av presisjon. $M \pm S$ er gjennomsnitt $\pm$ standardavvik. .....	85
<b>Tabell 5:</b> Resultat frå utrekning av stabilitet (standardavvik). $M \pm S$ er gjennomsnitt $\pm$ standardavvik. .....	87
<b>Tabell 6:</b> Alder start organisert volleyballtrening, tal på sesongar spelt volleyball og tal på sesongar med annan idrett.....	88
<b>Tabell 7:</b> Resultat frå berekning av timetal for deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving .....	90
<b>Tabell 8:</b> Korrelasjon mellom prestasjonsvariablene ballhastigkeit, presisjon, stabilitet og timetal for deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving. ....	91
<b>Tabell 9:</b> Forskjellar i tal på timer med deltaking i dansaktivitetar og musikkutøving for gruppene 'High27%' og 'Low27%' for dei ulike prestasjonsvariablene. $M \pm S$ er gjennomsnittsverdiar for tal på timer $\pm$ standardavvik.....	93
<b>Tabell 10:</b> Forskjell i prestasjonsvariablene og tal på sesongar spelt volleyball hos gruppene 'High 27%' og 'Low 27%' i forhold til deltaking i danseaktivitetar og musikkutøving. ....	94

## **Figuroversikt**

<b>Figur 1:</b> Modell for gjennomføring av studiet.....	16
<b>Figur 2:</b> Biletserien viser forlaupet til smashteknikken i volleyball. Tillaupsfase A-C, satsfase C-E, slagfase E-H og landingsfaza I-J. (Voigt & Naul, 1980).....	37
<b>Figur 3:</b> viser 'Segmental overlap' hos god og dårlig smasher. (Wedaman, et al., 1988, s.584).....	39
<b>Figur 4:</b> Notebilete av tillauop og sats til to variantar av volleyballsmashen. (Cooper & Andrews, 1975, s.66) .....	40
<b>Figur 5:</b> Ei skjematiske framstilling av 'beredskap' som mellomliggende individvariabel i relasjon til bestemte rørsleoppgåver og visse åtferdsmessige kriterium i situasjonen. ( $S = \text{stimuli/situasjon}$ , $O = \text{organismen}$ , $R = \text{reaksjon/åtferd}$ ) (Kjørmo, 1987, s.3).....	48
<b>Figur 6:</b> Forsøkssituasjonen ved testing av smash i posisjon 4 mot posisjon 1. Figuren viser forsøkspersonen si plassering, apparatoppsett, 'blink', viktige mål, funksjonærar og kontrollørar. ....	67
<b>Figur 7:</b> Forsøkssituasjonen ved testing av smash i posisjon 4 mot posisjon 5. Figuren viser forsøkspersonen si plassering, apparatoppsett, 'blink', viktige mål, funksjonærar og kontrollørar. ....	68
<b>Figur 8:</b> viser ballen si bane etter smash sett imot ein mørk bakgrunn, referanseramme med referansepunkt, tavle som viser nummer til forsøksperson til venstre og forsøk til høgre, i høgre biletkant viser nett og ballmaskin. ....	70
<b>Figur 9:</b> viser oppstilling og viktige mål for oppstilling av ballmaskina som 'oppleggjar' .....	71
<b>Figur 10:</b> viser oppsettet med dei to antennene og eit opplegg gjort av ballmaskina .....	72
<b>Figur 11:</b> viser skisse av modifisert lesarpenn. Den svarte ringen vart brukt som 'cursor' i staden for krysset.....	73
<b>Figur 12:</b> Gjennomsnittsverdiar for ulike grupper si eigenvurdering av rytmisk ferdighet. Maksimalt oppnåeleg muleg score er 10.....	98

## **Vedlegg**

**Vedlegg 1** Litt musikkterminologi

**Vedlegg 2** Poengskjema og plassering

**Vedlegg 3** Spørsmål til volleyballspillere vedrørende rytmisk erfaring og musikk

**Vedlegg 4** Datamatrise